

Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 1 5



Januar

Mandag Tirsdag Onsdag torsdag Fredag Laurdag Søndag

6
13
0
7
14
21
redag Laurdag Sønd

Sykkylven Sogenemnd

19
8
15
22
29
7
14
21
28
1
8
15
22
29
2
9
16
23
30
3
10
17
24
4
11
18
25
5
12
19
26

Innhald

<i>Kjetil Tandstad (red):</i>	Forord	3
<i>Jostein Fet:</i>	Gardregler frå Sykkylven	4
<i>Per Arne Grebstad:</i>	Vakthytta i Brekkevegane	14
<i>Stein Arne Fauske:</i>	Milde-Drott – plassetaus, lærarinne og tradisjonsberar	15
<i>Eldar Høidal:</i>	Kaihandelen i Ramstaddalen	21
<i>Liv Aksnes:</i>	Ein kvinnealder med 8. mars	25
<i>Kjell Ole Løseth:</i>	Slagsmål med bjørn i Storfjorden	30
<i>Eldar Høidal:</i>	Med inspirasjon frå naturen	32
<i>Monica Aure:</i>	Biletkavalkaden 2015	36
<i>Per Blakstad og Roald Solheim:</i>	«Verdens største spion»	40
<i>Jostein Fet:</i>	Fiskane i Fitjavatnet	45
<i>Kjetil Tandstad:</i>	Siesta i femti år	48
<i>Eivind Nyborg:</i>	Siste heimreise frå Amerika	53
<i>Jarle Tusvik:</i>	Møbelgründerar i Sykkylven (del 3)	58
<i>Per Arne Grebstad:</i>	Mjuke bombemål	60
<i>Jarle Tusvik:</i>	Tusvikbygda Samlingshus	61
<i>Per Arne Grebstad:</i>	Hane med store øyrer	64
<i>Hans Strømmegjerde:</i>	Folk og verksemd i Straumsdalen	66
<i>Eldar Høidal:</i>	Minneord Jostein Drabløs	70

Sogenemnda 2015

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar), Astrid Aure, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Ingvill Kjærstein.

Årbokredaksjonen 2015

Kjetil Tandstad - redaktør, telefon 902 01 231, kjetil.tandstad@online.no

Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Jarle Tusvik, Kjell Løseth og Aase Wick Sætre.

Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd

Skrifttyper: Frutiger 11/13 pt. Titlar i Frutiger Bold.

Grafisk produksjon: Hatleholts AS, Brattvåg 151129-11 www.hatleholts.no

Papir: 130 gram Gallerie silk

ISSN:0804-2225 ISBN: 978-82-92269-23-7

Forsidebilete

Sykkylven hadde ei rekkje minneverdige konsertopplevingar i 2015. Konsertmedleyen Magic of the Musicals, med musikk frå Les Misérables og The Phantom of the Opera og med Mads Belden og Stine Hole Ulla som solistar, var eit høgdepunkt. Men også konserten med det gjestande Sunnivakoret i Sykkylven kyrkje i april, med Stine Hole Ulla som solist, (biletet) skapte begeistring. Foto: Hallvard Sandvik.

Forord: Tidlegare tiders kunnskap

Livet er travelt og skyt fart. I kjølvatnet etter oss ligg all den kunnskapen vi i vår tid ikkje dagleg har bruk for. Denne kunnskapen er samla gjennom arbeid og kreativitet gjennom hundreåra. Noko er kanskje uaktuelt og kjem aldri til nytte meir. Andre ting kan vi ha nytte av eller gle oss over seinare.

Dei gamle sykkylvingane var ekspertar på mangt som i dag går i gløymeboka. Eitt eksempel er fisket i Fetvatnet. Fisker frå Fetvatnet hadde namn etter storleik og vekt, fortel Jostein Fet (91) i ein av sine artiklar i årets Årbok for Sykkylven. Han skriv også om dei spøkefulle og ertelystne gardreglene, som alle born kunne for hundre år sidan og som hjalp dei å halde orden på gardane langs fjorden.

Dette året held vi fram med gjennomgang av gründerbedriftene i Sykkylven. Vi har med eit brev heim frå ein sjømann frå Blakstad. Han som sa kva han meinte og hamna i fengsel i Italia under første verdskrigen. Vi har sett på ein uthaldande

representant for handelsmenn på Sunnmøre og vitja butikken hans i Ramstaddal. Siesta-stolen har runda eit halvt hundre år og er like moderne. Det er ein artikkel verd.

Årbok for Sykkylven kom ut for første gong i 1992 og kjem i år for 24. gong. Årboka satsar som vanleg på ein miks mellom historisk stoff og oppsummering av året som gjekk. Opplaget er for tida 1350 og eldre utgåver er tilgjengeleg på nettsida til Sykkylven sogenemnd: www.sogenemnd.no.

Årboka vil gjerne bli brukt. Har du stoff du kan tenkje deg å publisere, ta kontakt med oss snarast og/eller send artiklar og bilete til redaksjonen før 1. september 2016.

For årbok-redaksjonen

Kjetil Tandstad
(redaktør)

Berre nokre tastetrykk unna

Har du oppdaga heimesidene til Sykkylven sogenemnd?

Her kan du finne i digital form:

- Eldre utgåver av Årbok for Sykkylven
- Ola Tandstad: Sykkylven i eldre tid
- Sykkylven sogenemnd: Gardssogene for Sykkylven
- Martin Gjævenes: Utvandrarane frå Sykkylven
- Jan Grebstad: (red) Ord og uttrykk i Sykkylven
- Ulike fotosamlingar på nett
- Lekker til andre aktuelle nettstader

Logg inn på: www.sogenemnd.no



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er frå Kapralgarden på Aure. Han er tidlegare lærar og sterkt historieinteressert og dessutan ein habil fotograf.

Følgjebrev fortel historie

Av Per Arne Grebstad

Vi har så lett for å tru at dei som levde før oss var heimealne, at dei ikkje kjende verda på den andre sida av steingarden.

Historier, sanne og usanne, byggjer opp om slike oppfatningar, som vi kallar fordommar: Vi har høyrte om guten frå Brunstad som ikkje hadde vore ute i verda før kan skulle til Aure for å gå for presten. Lesarborna gjekk heimover Tregardane. På Brauta vart dei ståande å sjå utover åkrane og bøane mot Fetvatnet, som låg der som ein spegel. «Steik for ei store søyle», sa guten. Seinare i livet i livet var det han som organiserte flukta for dei engelske soldatane som måtte rømme frå Gudbrandsdalen.

Året 1900 kom Andreas Furseth frå Stranda for å drive med konfeksjon. Han hadde tolv sveinar i Hotel Søndmør. Så bygde han «Grøne-

huset», det som no er kvitt, det vakraste huset i gata. Der måtte vere blomster og løkane kjøpte han frå Silkeborg i Danmark.

Legendariske O.T. Lied starta konfeksjonsfabrikk i 1912 og hadde på det meste 55 skredarar i arbeid. I 1927 bygde han Fjellseter turisthytte. Eit følgjebrev viser at han i 1928 kjøpte knappar (bottoni corozos) frå Palazzolo i Italia. Pakken har passert både Basel, Flensburg og Fredrikshavn - Kristiansand. Møre Kurvmøbelfabrikk kjøpte 2. oktober 1950 møbelstoff (Baumwollgobelin) frå Essen i Tyskland.

I perioden 1880–1930 utvandra 1001 personar frå bygda vår, dei fleste til USA. Denne Custom Declaration frå 2. desember 1931, San Fransisco, fortel at ikkje alt som folk gjekk rundt i, var heimestrikka. Dette er eit lite gløtt av korleis bondegutar utan språkopplæring hadde kontakt over landegrensene.

Ein av dei og Bernt Erstad, som var teknisk sjef på As Vinmonopolet, møttest på Aure. Under praten viste det seg at dei kom til å vere i London same dag og dei vart samde om å treffast der. Erstad sat i den djupe skinnstolen i klubben i London då tenaren kom og sa: Mr. Erstad, det er ein walisar som vil snakke med deg.

Deutschland
Administration des Postes d'Allemagne
Zollinhaltserklärung
Déclaration en Douane

Abgangsort
Lieu de départ
Essen

Bestimmungsort
Lieu de destination
Sykkylven

Empfänger
Destinataire
Møre Kurvmøbelfabrikk A/S

Zahl Nombre		Gehalt Espèce		Bezeichnung des Inhalts Designation du contenu		Gehalt Poids		Gehalt Grosses		Gehalt Netto		Gehalt Brutto		Bemerkungen Observations	
1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16
1				Paket Baumwollgobelin		116,25		5500	43	46,50		69,75			

Unterschrift oder Stempel
Signature ou sceau
Pepper Rosenthal

Datum
Date
2. Oktob. 1931

Viola Blomsterløg frå Silkeborg i Danmark til Sykkylven 1922.

KUPON.
(Coupon.)

Kan fraklippes af Adressanten
(Peut être détaché par le destinataire.)

Afsendelsesposthusets Stempel.
(Poste de l'origine.)

Afsenderens Navn og Boguel.
(Nom et adresse de l'expéditeur.)

Til Reg. Nr. 2082 Silkeborg

Afsendelsesland.
(Pays d'origine.) DANMARK.

Angiven Værdi
(Valeur déclarée)

ADRESSEKORT.
(Bulletin d'expédition.)

Herved.....Pakke. Antal Tolddeklarationer
(Ci-joint.....(colis). (Nombre de déclarations en douane))

Opkrævningsbeløb.
(Montant du remboursement)

Til (A) Mør Arne Furseth

Bestemmelsessted.
(Lieu de destination) Sykkylven, Nalund, Norge

Gade og Nr.
(Rue et numéro)

Vægt (Poids) Toldafgifter (Droits de douane) Rate: (Acheminement.)

via Frederikshavn

Bomullsgobelin frå Tyskland til Møre Kurvmøbelfabrikk i Sykkylven 1930.

POSTE D'ITALIA
(POSTES D'ITALIE)

BOLLETTINO di spedizione
(Bulletin d'expédition)

MITTEnte (Expéditeur)

Valore dichiarato Lire 5.00

Per l'estero ripetere qui sotto il valore ragguagliato in franchi svizzeri

Valore dichiarato Francs or

Diritti doganali

Impronta del sigillo di garanzia

Per i pacchi di cartone

KONFEKTIONS FABRIK. F O N I X

SØKELVEN Norvegia

Italienske knappar frå Palazzolo i Italia til konfeksjonsfabrikken til O.T. Lied i 1928.

INSTRUCTIONS GIVEN BY SENDER

Sender may, and so certain

On the address of the package, box, bag, etc. should be written below as well as on the package, etc. itself.

Mr. Hans J. O. Grebstad

Søkelven

Nalund

Norway.

Tolldeklarasjon på ein klespakke sendt frå San Fransisco til Sykkylven i 1931.



Jostein Fet, fødd 1924 i Sykkylven, er litteraturhistorikar og litteratursosiolog. Han arbeidde som dosent ved Høgskulen i Volda fram til han vart pensjonist. Etter at han nådde pensjonsalderen har han arbeidd som fri forskar. Han har særlig forska på lese- og skrivekunnskapen hos norske bønder frå 1600 til 1850. Han har også gjort mykje for folkemusikken i Møre og Romsdal.

Gardregler frå Sykkylven

Av Jostein Fet

«Helljå bit'n, Sæss skit'n. Stave-knot'n, Erstad fot'n.» Regler kunne vere eit nyttig og morosamt hjelpemiddel for å hugse rekkjefølgja til dei ulike gardstuna langs fjordane. Jostein Fet har undersøkt nokre av dei lokale gardreglene.

Ei *gardregle* er ei oppramsing av namnet på gardar i ei bygd i rett geografisk rekkjefølgje. I ymis litteratur er dei kalla *bygderegler*, som eg meiner ikkje er så høveleg som gardregler. Det er ikkje bygder som blir oppramsa, men gardar. Dei kan reknast som folketradisjon på line med gåtesamlingar, hermer og anna smådikting i det gamle bondesamfunnet. Etter det oversyn eg har, er gardreglene mest typiske for Vestlandet, men dei finst også andre stader i ulike variantar. Høgskulelektor Ove Langlo frå Stranda har funne gardregler i Flekkefjord og på Helgelandskysten.

Typiske gardregler finn vi på namnegardar som låg i klyngetun med skarpt avgrensa busetnad. Når grensene for klyngetuna etter kvart byrja bli uklære og utviska gjennom utskiftingar, tunflyttingar og nybygging, så ser det ut til at behovet for gardregler minka. I dag er grensene for mange gamle namnegardar nesten utviska, slik at vi er usikre på kva for gard dei nye tuna skal reknast å høyre til. I Sykkylven t.d. er det på grunn av nybygde tun ikkje lett å sjå dei opphavlege grensene mellom Aure og Grepstad, mellom Straume og Straumgjerde og til og med mellom Dravlaus og Velle.

Kjende gardregler

I dag må vi rekne med at dei fleste gardregler er gløymde og ute av bruk. Men nokre gardregler på Nord-Vestlandet er blitt tekne vare på. Gardregler frå Eid og Hornindal er prenta i bygdeboka for *Eid og Hornindal* av Edvard Os (1953, s. 557–558), dessutan på heimesida åt Stårheimsbygda, presenterte på Internett av Ottar Starheim (2012). På Sunnmøre er brotstykke av gardregler frå Herøy blitt prenta i *Folk og Fortid* for 1983. Ei gardregle for Haram finn vi i Sunnmørsposten 17.3.1967, innsend av ei kvinne frå Fjørtofta som skriv seg for «Inger». I artikkelen «Mellom høgehattar og nasebobbar» i Sunnmørsposten skriv Ove Langlo om gardregler frå Stranda, Stordal, Herøy og Ørsta, dessutan om den eine av gardreglene frå Sykkylven, der gardreglene har vore kjende som ein nedervd tradisjon hos sogeinteresserte i bygda. Eg er sjølv oppvaksen i Sykkylven og kan stadfeste at reglene vart brukte i min barndom og ungdom.

Epitet

Til kvart gardsnamn i regla høyrer eit *epitet*, dvs. eit karakteriserande tillegg, for det meste i form av eit substantiv: Jarnes *haukaranje*, Goksøyr-*tullanje*, Riksem *riks'n*. Men epitetet kan også vere eit verb som i regla frå Haram: Haram *fer*, Åkre *gjer*. Typen av epitet kan variere frå område til område, slik det viser seg i tabellen nedanfor.

Prosentiv fordeling av epitet-type. N = Herøy 21 gardar, Haram 19, Sykkylven 33

	Herøy	Haram	Sykkylven
Substantiv fleirtal, bunden form	100	0	30,3
Substantiv eintal	0	68,4	69,7
Verb, presens	0	31,6	0

Som ein ser, finst det berre éin type epitet i Herøy, nemleg substantiv i fleirtal. Haram er åleine om å bruke *verb i presens* som epitet. Men kvifor dei einskilde bygdene vèl ulike typar epitet, er eit spørsmål som det ikkje er lett å svare på. Når éin type, t.d. substantiv fleirtal, var teken i bruk for ein gard, ville andre gardar lett henge seg på for å oppnå same rytmen i regla.

Skrivemåte

Gardsnamna i denne artikkelen er delvis normaliserte, men somme etterledd blir reduserte i svar med målføret, som -heim til -em (Straumsem, Riksem, Blindem, Eiem). I dei tilfella uttalen treng markerast, set eg uttalen i *hakeparentes*. Eg markerer *palatalisering* ved å skrive nj, t.d. roparanje. *Lang vokal* markerer eg med kolon, som i [l:kønnjes]. I somme ord har eg bruk for å gi til kjenne ordmelodien. *Tonem 1* (einstavings tonelag) markerer eg med éin tøddele framfor ordet: 'piksn. *Tonem 2* (tostavings tonelag) får to tøddele: "stakkanje.

Gardregle I

Gardreglene frå Sykkylven er traderte frå generasjon til generasjon til vi skreiv dei ned i 1950–60-åra. Syster mi, Oddrun Drabløs f. Fet (1918–2011), var den mest minnegode av oss syskena og kunne

heile regla frå byrjing til slutt. Seinare kunne Hilde Straumsheim (f. 1949) stadfeste at dei hadde same regla på Straumsheim, med einskilde mindre avvik. Nedanfor gir eg att regla slik ho vart brukt på Fet, med Hilde Straumsheims variantar i parentes. Regla omfattar gardrekkeja på Sørestranda av Sykkylvsfjorden med framhald opp gjennom Velledalen.

Jarnes haukaranje

Kor høgt eller lågt folk snakkar, kan vere ein sosial vane. Folk frå andre kantar av landet har somtid gitt uttrykk for at sykkylvingane snakkar *lågt*, i motsetning til folk ute på øyane. Kvifor øybuane er høgmælte, er vandt å seie. Ei poetisk forklaring kan vere at vindsusen og havbraket gjorde at dei måtte lyfte stemma. Stemmebruken kan såleis vere karakteristisk for folket på ein gard. Men om folk på Jarnes og Ikornnes (sjå neste) skilde seg ut i miljøet med hauking og roping i gammal tid, er uråd å vite. I ei regle frå Eid finn vi Naustdal-*gaulane* og Sevlands-*sollane*.

Ikønnjes [i:kønnjes] roparanje (Hilde: staukaranje)

Truleg er staukaranje det opphavlege, sidan det rimar på *haukaranje*, som er bunden form fleirtal av staukar. Det er laga til verbet å *stauke*, som



Jarnes haukaranje, Ikønnjes staukaranje... Det var ofte ertelyst i gardreglene som ungane fekk lære i Sykkylven. Foto: Hallvard Sandvik.

tyder å snakke hakkete, og står såleis i kontrast til Jarnes *haukaranje*. Men å stauke tyder også å gå sakte, gjerne med stav, og det tilsvarande substantivet er ein stauk, ein gammal mann.

Helljå bit'n

Gardsnamnet er Hella [*ˈhelljå*], skriftform Hellen. Sidan *bit'n* skal rime på *skit'n* nedanfor, må epitetet vere bf. av *bi:t*, eit lite jord- eller engstykke. Hella har for det meste vore einbølt, så *bit'n* kan forklarast ut frå det.

Sæss skit'n

Sæss er genitiv av Sætre, samandrege av *sætrs*. Epitetet er knapt karakteriserande for gardsstellet på Sætre, men fungerer som rimord til *bit'n*. Her er i alle høve ikkje myrlendt, heller brattlendt.

Stave knot'n (Hilde: knopinj)

Ein knot [*knó:t*] er ein prydnad, ei utpryding, jf. å knote, tale «fint». Sjeldnare er hokjønnsordet *ei knote*, som tyder «Knold, Knort» (Aasens ordbok). Hildes *knop* er ein knoke, ein neve, men rimar ikkje på fot nedanfor. Det finst ei rekkje ord, helst aggressive, som byrjar på kn, som norsk knuse, knoke (slå, banke), eng. *knock*, tysk *knuffen* (dytte, puffe).

Erstad fot'n (Hilde: kroken)

Truleg er fot'n det rette sidan det rimar på knot'n. Epitetet kan ha med topografien å gjere, for Erstad ligg ved foten av ein bakke.

Riksem riks'n

Gardsnamnet tyder den store, mektige garden. Epitetet «riks» uttrykkjer såleis den opphavlege tydinga og er *tautologisk*, dvs. det tek opp att første leddet i gardsnamnet. Andre døme er Hjortdals *hjort'n*, Blindems blindenganje, Røvreit *røvara* (Haram), Kvalsundkvalanje (Herøy).

Gjære piks'n (Hilde: Ola-gjær' piks'n)

Gjære er Riksheimgjerdet. I Hildes versjon er Olagjerdet bruksnummer 1, der Ola-namnet dominerer i brukarrekka. Dersom epitetet *piks'n* har tonem 1, må det vere bunden form (bf.) av ein piks, som vi ikkje finn i Aasens ordbok, men er det tonem 2, er det bunden form av ein *pikse*, som er ein pinne eller plugg dei festa skinn med på uthusveggen når dei skulle turkast og strekkjast. Verbet er å *pikse*. På gamle stabbursvegger kan det vere tett i tett med slike trekanta hol etter piksar. Somme stader er spissen blitt ståande igjen i holet.



Nesten gløymd geografiopplæring for småfolk: Helljå bit'n, Sæss skit'n ... Foto: Hallvard Sandvik.

Straumsem stakkanje

Ingen ting tyder på at der har vore særleg mykje kvinnestyre på Straumsheim.

Fitja knakkanje

Ein knakk er ein trefot, t.d. under ei kiste. Det kan også tyde ein stol utan ryggstø = krakk, lokalisert til Sunnmøre. Knakk er i slekt med verbet *knake*. «En variant med ekspressiv lang -kk- er middelnedertysk *knacken* «knekke, brake», ty. *knacken* «knekke», no. *knakke* «banke, kakke» og sv. *knacka* ...» (Bjorvand s. 585). Verb som *knake* er ekspressive eller lydmålande, jf. merknad til Stave *knot'n* ovanfor.

Dravlaus tjuinje (Hilde: ròvinje)

Ei tjuke [*ˈkju:ke*] er lokalisert til Sunnmøre, elles *kjuke*. Ordet har fleire tydingar, her truleg (fure) kongle. Er det ironi, sidan der var (og er) lite og inkje fureskog på Dravlaus?

Vallja ròvinje (Hilde: bøanje)

Vallja (< gno. *vallar*) er gen. eintal av gardsnamnet Velle, som er dat. eint. av voll (u-stamme). Garden har gitt namn til heile dalen, Velledalen, som i eldre mål også har genitivsforma Valljadal'n. Epitetet *ròvinje* må vere fleirtal bf. av eit hokjønnsord, ei ròve, som i Sør-Noreg mest blir brukt om det

som på Sunnmøre heiter *rumpe*, altså hale. Likevel meiner eg at *ròvinje* må ha med verbet å ròve (til seg) å gjere. Epitetet kan ha samanheng med striden mellom Velle og Brunstad i 1790-åra om sætremarka i Vallasætredden, ein fjelldal vest for Brunstaddalen.

Brunstad bikkjinje

Til liks med Velle har også Brunstad fått ein aggressiv karakteristikk, noko som kan ha si rot i konflikten med Velle.

Hjortdals hjort'n

Epitetet er danna tautologisk (oppattakande) til gardsnamnet, på liknande vis som Riksem *riks'n* og fleire ovanfor.

Brøvølls lort'n

Tillegget kan vere for rimets skuld og treng ikkje vere karakteriserande.

Hole øle [*ˈø:le*]

På Sunnmøre tyder ei *øle* eit brushovud (Aasens ordbok: 959), eit menneske som lett let seg øse opp. Men her kan halvemålet spele oss eit puss. «Øle» er heller halvemål for hòle f [*ˈhø:le*], forsenking i jorda. I målføret sa dei «ole øle» (=Hole høle), altså allitterasjon med halvemål for både



Helljå bit'n, Sæss skit'n. Stave-knot'n, Erstad fot'n ...: Slike regler lærte borna å halde styr på korleis gardane langs fjorden låg. Foto: Hallvard Sandvik.

Hole og hòle. Då får vi den ironien som somme av desse epiteta gir uttrykk for, med di Hole [*hó:le*] tyder ein langstrakt haug, medan hòle [*hø:le*] tyder det motsette, ei fordjuping.

La tøle

La er målføreforma for Lade. Når det gjeld epitetet, er den mest naturlege forklaringa at vi har med verbet å tøle [*ˈtø:le*] å gjere, altså å stå ut med.

Heile Øggars bøle

Eit bøle er brukt helst nedsetjande om ein flokk menneske, jf. eit splintebøle. Eit bøle har elles med bol å gjere, bustad, jf. gardsnamn som Bolstad, Myklebust <- bolstadir o.a. At La må «tøle heile Øggars bøle», er atter ironi, i og med at der var berre to tun på Øggarda.

Tunregla på Hole

Tunregler er etter alt å dømme sjeldnare enn gard-regler. Dei følgjer same prinsippet som gard-reglene, med eit karakteriserande tillegg, som ofte er eit rimord eller byrjar på same konsonant som tunnamnet. Tunregla frå Hole, som avlidne lærar Jon Hole (f. 1930) (Hol-Jon) gav meg i 1999, er den einaste frå Sykkylven eg kjenner til. Regla følgjer dalretninga framover, liksom gardregla:

Øye øykjinj, Reite røykjinj, Nygards nykjinj, Knut pikjinj, Jo Jonså¹, Jørn sør'n, Ola Olså², Hau hauså³, Nakke gaukjinj, Bø bøkkjinj⁴, Hol stol'n.

Jo Jonså og *Ola Olså* svarar til trøndsk og nordnorsk Jon Jonsa og Ola Olsa. Kollega Terje Aarset har gjort meg merksam på ein artikkel om *patronymika* (son-namn) av Jørgen Reitan i *Maal og Minne* for 1935, som delvis gir ei forklaring på desse formene. Reitan skriv at der finst to hovudformer nordafjells, med endinga -så eller -sa, meir sjeldan er -so. Han held fram at sørgrensa for dette fenomenet går mellom Nordmøre og Romsdal. «Også sør for denne grense kan vi til dels støte på former med -så eller -sa; men de opptrer som isolerte undtagelser ... Fra enkelte Romsdalsbygder er kjent noen eksempler med patronymica på –så.» Han stiller spørsmålet om denne forma har følgt innvandrara nordfrå, eller

«om de er levninger fra en eldre tid da formene var almindelige.»

Formene i Hole-regla viser at grensa for -så-formene må dragast mykje lenger sør enn Reitan hevda. Dei kan ikkje vere importerte nordafrå, men må vere leivningar frå ei tid då formene var meir vanlege i sykkyivs- og sunnmørsmålet. Endå meir forvitneleg er at dei synest å ha vore levande i Velledalen så seint som rundt 1900, for eitt av tuna i regla, Nygard, vart ikkje eige tun (småbruk) før det vart utskilt frå ein annan Hole-gard i 1880-åra. Eit atterhald må eg ta: Det kan sjølv-sagt tenkjast at sjølve regla er mykje eldre, og at Nygard er putta inn seinare.

Gardregle II

Denne regla vart ikkje brukt (eller var ukjend) på Fet. Gardregla er ved Hilde Straumsheim, som i hovudsak har henne frå Bernt Tandstad (f. 1902). Regla byrjar med Straume ved enden av Sykkylvsfjorden, følgjer austsida av fjorden ut til Aure og endar med Haugset [høkset] langt oppe i Grepstaddalen. Regla dekkjer dei fleste gardane, men fleire er utelatne, som Ullavika og Ørsneset.

Straume teist'n

Truleg er meint sjøfuglen teiste (lat. *Uria grylle*), difor må epitetet uttalast med tostavings tonelag (tonem 2).

Gjære gneist'n.

Epitetet er bf. av gneiste, difor tostavings tonelag. Gjære er stuttform for Straum(e)gjerde.

Instøggars staur

Inste Øggaren ligg lengst inne og grensar mot Straumgjerde.

Etter svartedauden låg inste og ytste delen av Tannstad øyde ei tid, difor nemninga Øggar < Øydegard, som går att mange stader på Vestlandet, også i Sykkylven.

Instøggaren og Ystøggaren vart truleg utskilde frå sentralgarden Tannstad (skriftform Tandstad) kanskje alt før svartedauden. I bygdesoga er sentralgarden kalla Tannstad Mellom, eit namn som ikkje er i bruk i vanleg tale, og heller ikkje er nemnd særskilt i regla.

Ystøggars gnaur

Ystøggaren var ein utskild gardpart og hadde difor mindre bruk. Ifølgje Aasens ordbok er *ein*

gnaur ein gniar, gjerrig person. Men eg saknar ei anna tyding hos Aasen som høver betre, nemleg at ein gnaur er også ein person som er overlag flittig, som gnaurar seint og tidleg. Dei fekk ikkje ligge på latsida, folket på Ystøggaren. Verbet å *gnaure* kan vere ekspressivt (lydmålande), til liks med fleire andre verb og substantiv som byrjar på gn: *gnure*, *gnikke*, *gnage* o.l. Jf. ord som byrjar på kn: *kneste*, *knekke*, *knake*.

Tjønnes tjuanje

Reglemakarane har vore klar over at Tjønnes tyder Tjuveneset, der dei hengde tjuvar i gammal tid. Epitetet er altså tautologisk, som Riksem *riks'n*.

Blindems blindenganje

Det er tre gardar som heiter Blindheim på Sunnmøre, nemleg i Borgund, på Vigra og i Sykkylven. *Norske Gaardnavne* held på at opphavet til første leddet er eit gammalt namn på elva: ho renn «blindt», dvs. djupt i lendet. *Blindenganje* er eit tautologisk epitet, som Riksem *riks'n*, Hjortdals *hjort'n*. Ein blinding kan tyde 1) ein blind person, 2) ein slags klegg, 3) ein løynd nagle som bind saman to fjøler.

Vike siå [ˈsi:å]

I alle samanhengar er gardsnamnet Vik einstavingsord. Vik har bindevokalen e, på same vis som Vikebygda i Volda i høve til Halkjelsvik. «Siå» er bf. eintal av ei *side* (= lekamsdelen) som motstykke til Kløkkarhaug *miå*, som ligg midt mellom kyrkjestaden Aure og den gamle hovdinggarden Vik.

Kløkkarhau miå [ˈmi:å]

«Miå» er bunden form av midje, «den mellemste Deel af Legemet» (Aasens ordbok: 497). I denne stillinga blir d ikkje uttala i sykkylvs-målet, altså «miå». Aasen skriv same stad at ordet blir brukt i Nordland og Trøndelag. I sykkylvs-målet er ordet lite brukt, der heiter det eit liv, livet, om lekamsdelen mellom hoft og bringe.

Bestemor mi, Berte Maria Fet f. Gjævenes (1858–1945), kom i samtale med eit ungt ektepar framme i dala. «Ka dei 'eite dissa småtausne døkka?» - «Å, dinnje heite Aud og dinnja Liv», sa dei. Då sette ho gommer i å læge: «Ja, fær dække enj gut no, so må dække kallj' 'ånå *Fot*», sa ho. (Aud = haud, Liv = midje).

Aure elv

Garden Aure har fått namnet sitt frå all auren som elva har lagt att ved utlaupet fram gjen-nom tidene. Elva er eit sentralt kjennemerke for garden, det er ho som har laga dei fine, sjølv-drenerande markene på garden. Epitetet *elv* allittererer med *Aure* (byrjar på vokal).

Grepstad belg

Belg er halvrim til elv. Slike halvrim er vanlege i folkediktinga. Belg som i smiebelg.

Eidems [eiems] reit

Ein reit er eit avgrensa jordstykke, opphavleg oppdyrka ved hjelp av spade eller hakke. Ordet er i slekt med eng. write, svensk vret. Som gardsnamn er Reite, med mange samansetningar, vanleg frå Sunnmøre og nordover til og med Sør-Helgeland. Som tunnamn er det brukt mange stader på Sunnmøre, i gamle Sykkylven på Blindheim, Hole, Velle, Erstad og Haugset. Men altså ikkje på Eidem, så vidt eg kjenner til.

Lysol tveit

Gardsnamnet blir skrive Lyshol. Epitetet kan heite både ei tveit og ein tveit. Det vart opphavleg brukt om eit mindre jordstykke, om eit slåtteland i utmarka, oftast mellom berg og skog. Ei anna tyding er «en Fure, Rende, smal Fordybning i Jorden», ei tredje er *avfall av tre*, som kan vere eit mengdenamn (Aasens ordbok: 850). Gardsnamnet Tveit, Tveite, Tveiten osv. er særleg vanleg i Hordaland og Telemark, medan det nord for Sognefjorden ikkje finst som gardsnamn i det heile. Aasen meiner at gardsnamna Tveit, Tveite osv. er hankjønnsord, ikkje hokjønn som det står i *Norsk stadnamnleksikon*. På Sunnmøre og i Sykkylven er tveit som appellativ (samnamn) ikkje brukt i dag, så vidt eg kjenner til. «Lysol tveit» kan difor gå attende til ei tid då ordet faktisk var kjent og brukt i Sykkylven.

Anstad geit

Skriftforma er Andestad, med tonem 2, i bygde-målet Anstad [ˈansta] med tonem 1. Epitetet kan knapt stå for noko anna enn husdyret geit.

Aurdals ronganje

Ein *ronge* [ˈrånge] er eitt av dei orda vi ikkje finn i Aasens ordbok. Som naturnemning blir det brukt om ein liten ås eller ein jordrygg, t.d. mellom to bekkedar. Her må «ronganje» peike til Ronga-

1 og 2) Jo Jonså og Ola Olså svarar til Jon Jonsson og Ola Olsson.

3) Hau hauså. Hau er stuttform av Haug(en), hauså er dativ av hause, skolt.

4) bokkje [ˈbøkkje] tyder m.a. ein underjordisk busemann, men også ein stor, kraftig kar.

garden på Aurdal. Tunnamnet Ronganje finn vi også på Jarnes i Sykkylven (Fet 2010: 196, 396–397).

Kjempol tøppinj

Gardsnamnet blir skrive Kjempol, epitetet *toppen*.

Høkset kjøppinj

Skriftformene er Høgset og Haugset, epitetet er koppen, bf. av ein kopp, som er eit drikke-kjerald, oftast lagga. Men ordet blir også brukt om rund, ikkje altfor stor stein, t.d. i åkrar. I Volda har eit fjell fått namnet Koppefjellet fordi der er mengdevis med småfallen, rund stein.

Dei 16 gardane i Grepstaddalen er ikkje nemnde heilt i geografisk rekkjefølgje. Den naturlege rekkjefølgja ville ha vore: Grepstad, Eidem, Haugset, Aurdal, Kjempol, Lyshol, Andestad. Men kan hende gjekk råsene og ridevegane i den rekkjefølgja som regla har, før køyrevegane vart opparbeidde?

Gardreglene er ei form for diktning

Somme vil vel spørje om slike gardregler har nokon kulturhistorisk verdi i det heile. Etter mitt syn har dei det. Verdien ligg først og fremst i at dei utgjør ikkje berre ein sosial- og språkhistorisk arv, men også ei form for diktning.

Epiteta i reglene synest vere valde uti frå prinsipp som vi også finn i folkeleg smådiktning som ordtøke og hermer. For det første skulle eit epitet vanlegvis rime med det føregåande epitetet: *Straumsem stakkanje*, *Fitja knakkanje*, *Ulla måse*, *Flems kåse* (Haram). Somtid utgjorde gardsnamnet og epitetet åleine eit rimpar: *Hildre spildre* (Haram). Der er også flust av døme på *allitterasjon*, dvs. at epitetet og gardsnamnet byrjar på lik konsonant: *Røvreit røvara*, *Brunstad bikkjinje*, eller dei byrjar på vokal, helst ulik, som *Aure elv*. Ofte finn vi merkelege, ukjende ord: *Stave knot'n*, *Frøystadhikanje* (Herøy), eller reine påfunn: *Ura kønnjel* og *briskedal* (Haram). I mange tilfelle har epitetet ein bakgrunn som vi i dag ikkje kjenner.

Kor gamle er gardreglene?

Gardreglene finn vi først og fremst i busetnaden langs fjordar og i dalar på Vestlandet. Dei ser ut til å stamme frå ei tid då *klyngetunet* var den mest typiske tunforma. I fleire hundre år var namnegardane vel definerte einingar med klåre grenser som skilde dei lett ut frå andre gardar. Seinare, utover 1800-talet og endå meir på 1900-talet, vart grensene for gardklynger etter kvart uklåre og utviska gjennom utskiftingar, tunflyttingar og nybyggingar. Grunnlaget for å rekne opp gardane i rett rekkjefølgje var ikkje lenger så enkelt. Ein kan difor gå ut ifrå at gardreglene er blitt skapte i ei tid med typiske klyngetun.

Eit anna haldepunkt for alderen er det alderdommelege *ordtilfanget*. Men vi veit at gamle ord kunne halde seg heilt fram til våre dagar, så grunnlaget er usikkert. Det kan også tenkjast at reglene er blitt omlaga gjennom tida, og at delar av reglene kan stamme frå 1700-talet og endå eldre tid. Nokre regler er lettare å tidfeste enn andre. Særskilde *konfliktar* mellom to gardar kan avspegle seg i gardregla og gi haldepunkt for tidfesting, t.d. striden mellom Velle og Brunstad om grensene for sætrehamninga i 1790-åra, som viser att i epitet som *Vallja ròvinje* og *Brunstad bikkjinje*. Også *utelating* av gardar kan vere til hjelp. Ei gardregle frå Haram tek med Ulla, men utelet grannegarden Ullahammar, ei grend som voks fram som eit viktig fiskevær frå rundt 1800. Truleg stammar regla frå før den tid. Regle I i Sykkylven tek ikkje med gardane i Hundeidvika. Det tyder på at regla er eldre enn 1798, for før den tid høyrde Hundeidvika til Hjørundfjord prestegjeld, ikkje til Sykkylven som i dag. Gardane i Søvikdalen og Ramstaddalen er heller ikkje med, dei høyrde framleis til Ørskog då regla vart laga.

Kva skulle gardreglene tene til?

Det er nærliggande å tru at reglene skulle hjelpe folk (ungdomen) til å hugse rekkjefølgja på gardane i bygda. Mot dette kan ein innvende at

folk i eldre tid hadde vel så god greie på kvar dei einskilde gardane låg, som dagens twittergenerasjon. Den interne kommunikasjonen var godt utbygd og styrkt gjennom ei mengd sosiale hendingar og skikkar. Folk møttest ved kyrkja og utveksla nyhende, dei fleste fann ektemaken sin frå andre gardar i bygda og knytte kjennsks- og slektskapsband, dei storfelte bryllaupa over fleire dagar var som motorar i utvekslinga av kulturemne. Dugnader og andre fellestiltak styrkte den sosiale fellesskapen. Heile dette samkvemmet resulterte i ein temmeleg finmaska kunnskap om folk og gardssamfunn i bygda.

Etter mi meining vart gardreglene skapte av andre grunnar enn å hjelpe folks minne. Lykelen ligg i *funksjonen til epiteta*, dei karakteriserande tillegga til gardsnamna. Her finn vi humor, erting, ironi, i einskilde tilfelle aggressive, nesten vondskapsfulle karakteriseringar (ikkje i sykkylvsreglene). Eit viktig atterhald må vi ta, nemleg kravet om *rimord*: *Brøvølls lort'n* skal rime på *Hjortdals hjort'n* og treng ikkje vere karakteristisk for Brøvoll.

Gardreglene er *generaliserande*. Ei særskild hending, ein einskild framståande persons karaktertrekk blir gjort gjeldande for alle som bur på garden, ikkje berre forbigåande, men så lenge gardregla var levande og i bruk. Gardreglene er altså uttrykk for ei *kollektivisering*, der individualiserande nyansar blir feia til sides.

Det er freistande å tolke denne mekanismen som utslag av eit reint *sosialpsykologisk* behov, som motvekt mot den allmenne, dominerande solidariteten i bygda elles. Ironien og ertinga hadde altså ein mentalhygienisk funksjon.

Litteraturliste

Bjorvand 2007. Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman: Våre arveord. Etymologisk ordbok. Revidert og utvidet utgave. Oslo.
Edlund 1985. Lars-Erik Edlund: Studier över nord-svenska Ortsboöknamn. Umeå.
Fet, Jostein: Sunnmørske tunnamn. Individ – samfunn – landskap. Snøhetta forlag, 2010.
Hjelmeseth, N.J.: «Eit brevsifte frå 1927 om utnamn på bygdefolk i Herøy. Frå N.J. Hjelmeseth sine papir», i *Folk og Fortid. Tidsskrift for Herøy sogelag* 1983, s. 204–206.
«Inger frå Fjørtofta»: Ei gardregle frå Haram, trykt i *Sunnmørsposten* 17.03.1967.
Langlo, Ove: «Mellom høgehattar og nasebobbar», artikkel i *Sunnmørsposten* (dato ikkje oppgjeven).
NG. Oluf Rygh: Norske Gaardnavne (1897–), bd. 13.
NO. Norsk ordbok. Bd. 1 (1966)–bd. 11 (2013). Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Det Norske Samlaget, Oslo.
Ord og uttrykk i Sykkylven. Red. Jan Grebstad. Utgjevar Sykkylven Sogenemnd. 1999.
Os, Edvard: Eid og Hornindal. 1953.
Starheim, Ottar: [Gardregler på heimesida åt Stårheim på Internett 2012.]
Aasen, Ivar: Norsk Ordbog med dansk Forklaring. Sjette Udgave. Fonna forlag. Oslo 1983.



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er frå Kapralgarden på Aure. Han er tidlegare lærar og sterkt historieinteressert og dessutan ein habil fotograf.

Vakthytta i Brekkevegane

Av Per Arne Grebstad

Bronsealder-territoriet Aure grensar mot vest og nord mot sjøen og har strandlina Haugbukta – Kyrkjesteinen. I aust og syd er Nysætervatnet grense. Territoriet var forstadiet til jernaldergarden Aure. Tunet låg der Uri og Sykkylsbladet er i dag.

Aure-sauene har opp til vår tid beita ved Nysætervatnet og i Tudalen og Nysæterdalen. Frå Synndalen, som er namnet både på sætra og sæterdalen, til Aure, er det tre fjelloverganger innover i landet: Klipe, Tudalsskaret og Brekka.

Opp til Brekka er det førhistorisk tid bygd veg for kløvjing og lunneslede. Slik kunne ein frakte større parti med jarn og jarnmalm.

Vegen har vore ei trygg fluktrute. Truleg drog Olav Digre, seinare kjend som Olav den Heilage, over her jula 1028. Han hadde eit følgje på 400 mann som drog vidare over Skurda til Stranda og derifrå med båt til Valldal. Dei mange olavsminna i Hjørundfjorden tyder på

at han oppheldt seg lenge der medan dei har leita etter ein trygg veg.

Det må ha vore ein rik gard som bygde vegen og kanskje er det naturleg å peike på år 200 e Kr. Som tilfeldigvis er samstundes med bygging av den kinesiske mur. Jarnutvinning lærte dei av keltarane 500 år før Kr.

Dei siste generasjonane har vegen vore saue-rås og turveg. Ved vegen har det lege murane av ei lita hytte, truleg ei vakthytte. No har grunneigarane på Aure bygd ei ny hytte i same storleik på same staden. Her kan den som vandrar i fjellet søkje ly og samstundes er hytta ei markering av historia.

Så kan ein nemne to kjende personar som vandra i dette fjellområdet: Ivar Aasen samla plantar her og ho Bakke-Klara sa til meg: «Han Norderval låg inne i Klipe og spegla den store høkå si».



Per Arne Grebstad og sauene over Nedsæterbrua. Sauene beita Tudalen og Nysæterdalen ned til vatnet. Foto: Skjold Lyshol.



Restane etter vakthytta i Brekkevegane. Foto: Dag Rune Grebstad.



Stein Arne Fauske, fødd 1977, er historikar og speidarleiar, og bur på Fauske i Sykkylven. Han har sju år bak seg som leiar i Sunnmøre Historielag og er for tida engasjert for å skrive bygdebok for Haram.

Milde-Drott – plassetaus, lærarinne og tradisjonsberar

Av Stein Arne Fauske

Det kan tenkjast at nokre eldre sykkylvingar minnest Milde-Drott, eller Karoline Drotninghaug, som ho eigentleg heitte. Eg hadde vel óg høyrte namnet hennar, men ante lite meir enn det før eg slumpa over nokre spanande opplysningar som kasta meir lys over livet hennar. Og som so ofte før, til meir ein nøstar og grev, til meir spanande vert det. Det er difor med stor glede eg no dreg Karoline og livet hennar fram i lyset.

Oppveksten

(Anne) Karoline Petrine vart fødd i 1866 på Gjerdeplassen, ein husmannsplass under Bødagarden på Øggarden (Drotninghaug) i Velledalen. Foreldra hennar var Jetmund Olsen Melset og Emte Knutsdtr. Velle. Jetmund var frå Vellegarden på Melset og Emte frå Jogarden på Velle.

Jetmund og Emte bygsla truleg denne plassen i 1864, same året dei gifte seg. Det var ikkje store bota dei hadde. I 1865 fødte dei ei ku, to sauer og to geiter og dei sette ei halv tønne poteter. Heilt sveltihel var det med andre ord ikkje. I 1875 hadde både avlinga og buskapen auka litt. Dei hadde endåtil fått seg ein unghest, noko som ofte var ei investeringsobjekt for plassingar som Jetmund og Emte. Sånaden hadde også auka, sikkert med omsyn til den aukande barneflokk. I 1865 hadde dei vesle Oline på eitt år, men to år etter kom (Anne) Karoline, og Peter Thomas, f. 1868, Anna Elisabeth, f. 1871, og til slutt Karen, f. 1873. Plassen var neppe nok til å fø familien, men kva attåtnæring Jetmund hadde, veit me ikkje. Derimot veit me at Emte var særskilt flink til saum og vevnad. Alt i 1877 døydde Jetmund, berre 44 år gamal, og Emte sat att med plassebruket og ungeflokk. åleine.

Det er ikkje mykje me veit for sikkert om livet på Gjerdeplassen i tida etter at Jetmund fall ifrå.

Særleg stridt kunne det ikkje ha vore. Ein kunne vente at Emte gifte seg oppatt ganske snart, men det gjorde ho ikkje. Emte vart buande på Gjerdeplassen i vissa til 1900, for dette året finn me henne i folketeljinga. Seinare flytte ho til Ålesund¹. Alle borna vart sende ut i teneste i ung alder. Dette gjaldt naturlegvis Karoline óg.

Utdanning

Karoline sto som nummer fem på jentesida då ho vart konfirmert i 1880, av 20 konfirmerte jenter. I rubrikken for «Konfirmandens Kristendoms-kundskab m.v., har sokneprest Heiberg Stub gitt henne merknaden «Nesten meget god i kristendoms-kundskab, og ditto i flid.» Godt over gjennomsnittet, med andre ord. Seinare dette året ser det ut til at ho var i teneste i Kapralgarden på Aure hjå Sivert Grebstad.

Karoline må ha vore eit skulelys av dei sjeldne, for på nyåret 1880 byrja ho på amtsskulen på Ørskog, berre 14 år gamal. Snittalderen var langt høgre enn det, kring 18-19 år. Amtsskulane vart oppretta i 1875, og skulle vere eit tilbod til utdanning utover folkeskulen på bygdene. Skulen var ambulerande og heldt eitt år eller to i kvar bygd. Der var «kurs» både for jenter og gutar. Skulen var gratis og finansierte av amtet. Kost og losji var det heradet (kommunen) der skulen var som sytte for. I 1879-80 var skulen på Sjøholt, og Karoline tok til der rett etter jul, eller i «fiske-

1) 1910 budde Emte i Sundgata 1 i Ålesund som hushalderske hjå Peter Hole, f. 1834, havnearbeider. Det var berre dei to i hushaldet i 1. etasje i eit forhus for 120 kr året i husleige. Peter var fødd i Sykkylven. Etter folketellinga ser det ut til at huset var ein bygard med fem husvære, der Emte og Peter hadde eitt av dei minste. I alle fall etter husleiga å døme. Huset står den dag i dag, rett over vegen frå Kiwi-butikken i Sundgata på Buholmstranda i Ålesund.

tiderne» som det heiter i årsmeldinga frå skulen. Det vil i røynda seie i byrjinga av februar. Då var gutane på fiske, og det vart plass for jentene².

Kva slags skule var det Karoline byrja på? I årsmeldinga skulestyringa la fram for amtet i 1880, får me innsyn i kva Karoline og dei andre jentene skulle lære medan dei gjekk amtsskulen. Her ser me at i meldingsåret hadde skulen hatt 25 gutar og fem jenter som elevar. Det var stor skilnad på kva gutane og jentene hadde som pensum. Under «Kristendomskundskab» står det at gutane skulle gjennom «De 10 første Kapitler af Mathæi Evangelium. Kirkens Historie i dens Grundtræk.» Jentene skulle derimot konsentrere seg om «Mathæi Evangelium Afsnittet 4, 23-9, 35.» Det vil seie Bergpreika og litt til. Dei andre faga var «Modersmaal», «Naturkundskab», geografi, historie, rekning, skrivning og teikning (teikning berre for gutane) og song. I alle fag hadde gutane eit langt meir mangfaldig og omfattande opplegg enn jentene. Derimot fekk jentene «to Timer hver Dag Undervisning i almindelig kvindelig Haandgjerning.» Her gjekk altså Karoline og fire andre jenter etterjuls vinteren og våren 1880. I manuskriptet «Sykkylven i nyare tid», etter Ola Tandstad, er der eit lite intervju han gjorde med Karoline under krigen. Her fortel ho stutt om tida på amtsskulen. Det ho særleg vektlegg er at ho lærde å hekle og brodere. Men kanskje var det her lysta til endå meir skulegong vart vekt?

Heime att i Sykkylven var ho i teneste på Riksheim i to år, og der etter to og eit halvt år på fabrikk i Langevågen. Mest truleg på Devold. So bar det til Ålesund der ho gjekk i lære for å lære seg «saum og syng». Skilnaden på desse var at saum var handarbeid, medan syng var bruk av den relativt nye oppfinninga symaskina. Ein gong før 1888 flytte ho til Straumgjerde og var «butikk-gjente» hjå Heggebakk-Ingebrigt.

Lærarineskulen

Det var kanskje amtskulen som sette Karoline inn på tanken om vidare utdanning. På denne tida var det ikkje mange val ein som ung kvinne hadde om ein ville gå skule. Hadde ho vorte

2) Ei av kjeldene til livet åt Karoline er eit lite intervju Ola Tandstad gjorde med henne under krigen. Her hevdar ho at ho gjekk amtsskulen på Ørskog i 1880, etter at ho hadde vorte konfirmert. Ho vart konfirmert våren 1880, men amtsskulen tok til i februar dette året. Året etter var skulen flytt til ei anna bygd. Kva som er rett og ikkje, er vanskelig å vite. Men ho vart i vissa både konfirmert og amtskuleelev!

fødd eit tiår seinare, kunne ho ha vorte telegrafbestyrarinne, eller kanskje meierske. I 1888 byrja ho på lærarinnekurset på amtskulen i Sør-Trøndelag. Dette året heldt skulen til i Utesto på Ålbu i Oppdal.

Det var ikkje snarfare å reise frå Sykkylven til Oppdal i 1888. Først med rutebåt til Ålesund og deretter til Molde. Frå Molde gjekk det båt til Eidsvågen, derettet over land til Tingvollfjorden, og med båt inn til Sunndalsøra. Frå Sunndalsøra gjekk ho åleine heile vegen til Ålbu i Oppdal. Dette var nok ei ganske skummel ferd, for ho fortalde Ola Tandstad seinare at ho ba til Gud heile tida medan ho gjekk.

Lærarinnekursa var ikkje gratis. Ein måtte betale seks kroner i innskrivingspengar og i tillegg to kroner månaden. Lærarinnekursa varte eit halvt år. Mellom kursa ser det ut til elevane hadde ymse slags praksis. Mellom anna var Karoline huslærarinne for borna til nokre storbønder i Oppdal. For dette fekk ho to kroner i veka og maten.


I januar 1890 var Karoline og dei andre elevane klare til å avlegge «lærerindeeksamen af lavere grad.» Det vil seie at om dei greidde eksamen, var dei skikka til å undervise i småskulen. Skulestyrar Hansen sende brev til skuledirektør Gataas i Trondhjems stift, med liste over sju lærarinne-elevar som han meinte var klar til eksamen. Som nr to på lista finn me Karoline.

Skuledirektøren i Trondhjems stift og tre mannlege lærarar var til stades som sensorar under eksamen. Kriteria elevane skulle vurderast etter, var «praktisk lærerdyktighet og kvinnelig håndarbeid, samt kristendom, morsmål, geografi, historiske fortellinger, skrivning og regning». Eksamen gjekk godt for Karoline. Ho fortalde seinare til Ola Tandstad at ho vart nummer to i kullet sitt.

Lærarinne

Etter eksamen fekk Karoline på nytt tilbod om å vere huslærer i Oppdal. Det ser ut til at ho vart verande her til utpå sommaren 1890. Då fekk ho bod frå Sykkylven om at gamle-lærarinna, Lau-Anne (Anne Jarnes) hadde vorte sjuk, og det var bruk for vikar. Ho reiste heim att og tok til som vikar, ei stilling ho hadde i halvanna år. I denne perioden heldt ho skule skiftevis på Ørskog, Aure og i Hundeidvik. Mykje tyder på at ho gjorde ein god jobb og vart godt likt.

20. desember 1891 heldt tilsynsutvala for Aurdal, Aure og Vik skulekrinsar møte på Aure-



Eksamenskandidatar frå lærarineskulen på Oppdal. Lånt frå Kjell Haugland, Oppdal Historielag.

skulen, eller som det står i møteboka: «samlet til Kombineret man i Aure skolehus for i henhold til skolelovens §30 at udtale sig om ansøgerne til den for disse kredsens oprettede smaaskolepost.» Det hadde på førehand vorte oppmoda om at «kredsens innvaanere» også kom på møtet. I alt var der 13 søkjarar. Ni menn og fire kvinner. Med unntak av Karoline, ser det ut til at alle dei andre var utanbygdsifrå.

Etter avstemminga såg resultatet slik ut:

«1. Lærerinde Karoline Drotninghaug, 2. Seminarist J. Gjev. 3. Seminarist E. E. Loftenæs. Det bemærkes at der blant de tilstedeværende var stemning for at man absolutt ønskede Karoline Drotninghaug ansat i posten. Denne ønskende deles ogsaa af tilsynsudvalgenes medlemmer.» Det er godt mogleg Karoline var den best kvalifiserte søkjaren, men det kan også tenkjast at bygdefolket var mest komfortable med å ha ei av sine egne som småskulelærar.

Det første skulehuset på Aure skal ha vorte bygd av material frå den gamle korskyrkja som



Bilete av elevar som gjekk samstundes med Karoline på lærarineskulen. Karoline er nummer to frå venstre i bakre rekke. I midten sit skulestyrar Hansen.

vart riven tidleg i 1880-åra. Skulen sto i Bryggjebakken om lag der Overåtunet på Auregarden ligg i dag. Ein skulle vente at det var her Karoline vart buande etter at ho fekk lærarposten, men det ser ikkje slik ut. I folketeljinga 1900 finn me henne i Vadhuset på Aure. Og her var det folk-samt. Skreddar Petter Melset med kone og fem born, Karoline J. Aasen med eiga syforretning, skomakar Petter Toresen Grebstad med kone, ein son og to skomakarsveinar, og til slutt Karoline. I 1910 budde Karoline framleis på Aure, ikkje i det nye skulehuset som vart ferdig like etter førre hundreårskifte, men i huset der Jakob og Guri Velle seinare budde (Lykkjå bnr 39).

Konflikt


Det var kanskje i denne første tida på Aure Karoline, fekk tilnamnet - «Milde-Drott». Mild var ho nok slett ikkje, snarare tvert om. 14. mars 1908 vart det halde møte i tilsynsutvalet for Aure skulekrins. Skulestyret hadde motteke ein del klager på Karoline. Ho hadde fått høve til å kome med ei skriftleg forklaring, noko ho også gjorde. Diverre er denne forklaringa ikkje vedlagt protokollen til skulestyret. Derimot har me utgreiinga frå skuletilsynet:

«Det ser ud for at lærerinden efter det fremførte i Klageskrivelsene hvad hendes forhold paa skolen angaar har gaaet for vill i millem ved oprettholdelsen af desiplinen. Skoletilsynet misbeliger dette og maa advare mod at slag værken af linial eller haand maa finde sted paa skolen.»

Skulestyret sende saka vidare til skuledirektøren i amtet, som sende den heilt til skuledirektør Kulman i Bergens stift. I denne korrespondansen kjem det fram at Karoline hadde vore skulda for liknande framferd allereie i 1894. Skulestyret skildrar saka slik:

«Det kan ikke nægtes at hun delvis har optraat med en heftighed saavel ligeoverfor eleverne som overfor deres forældre, og brugt legemlig staffemedler som har været utilbørligt, særlig da al legemlig refselse i Kredsen er forbudt.»

Den endelege konklusjonen frå skuledirektør Kulman, er at Karoline ikkje bør stillast for retten, men få ein reprimande. I tillegg må ho love å halde seg innanfor skulekrinsen sitt reglement for handheving av disiplin i klasserommet. Det vert også fortalt at Karoline ved eit høve, sprang etter ein oppsternasig hyn-kjylpert heilt ut til Ryggjabrauta i Ullavika før ho fekk tak i han. So her var det både kustus og stamina.



Bilete av Karoline og skuleborna ved Aure skule.

«Faarloveden»


Saka mot Karoline inneheld også eit anna moment, nemlig «faarloveden» Ole Fransen. Karoline har tydelegvis vorte observert saman med denne Ole, og det på eit vis som førte til snakk på bygda. Det kjem også fram under saka at forlovinga var ukjend for bygdefolket. Ho kunne naturlegvis ikkje straffast for å ha ein kjærast, men skulestyret poengterer følgjande: «selv om hun er forlaaet med den nævnte person, maa hun som lærerinde vide at hun skylder sin stilling mange hensyn.»

Kor lenge Karoline og Ole var forlova, veit me ikkje. Det har heller ikkje lukkast å finne ut kven han var. Han er ikkje å finne korkje i folketeljinga 1900 eller 1910. Noko giftarmål vart det i alle høve ikkje. Sjølv om saka mot Karoline hadde vorte avgjort av både skuledirektørar og skulestyret, var det ikkje alle av bygdefolket som var samde. Om kvelden 11. januar 1910 vart det halde møte i tilsynsutvalet på Aure skule. I protokollen står det at under møtet hadde Karoline vorte drøfta, «og faldt der blant endel udtalelser, der maa karakteriseres som sterkt injurierende mod Karoline Drotninghaug». Petter J. Grebstad og Tommas Strømme skulda henne for å ha fare med løgn, Bernt K. Grebstad likeso og i tillegg «paavirket børnene at lyve». Som representantar for skulekrinsen ville dei at saka skulle sendast til Statsadvokaten, korkje meir eller mindre. Dette er det siste me høyrer om konflikt mellom Karoline og skulekrinsen. Eg ser ikkje vekk ifrå at der var personar i krinsen som skjøna at dette ikkje var ei sak for statsadvokatembetet. Dermed var det som mest ser ut som ei heksejakt på Karoline over.

Karoline Drotninghaug held fram som lærar i mange år etter dette. Først som 60-åring 4. mars 1926 slutta ho. Då hadde ho vore småskulelærar i Sykkylven i 34 år, og ifølge henne sjølv, utan å forsømme ein einaste dag. Som pensjonist kjøpte ho seg tomt på Klokkehaugen og sette seg opp hus der.

Kulturberaren

Karoline vart fødd inn det gamle norske jordbrukssamfunnet. Dei store klyngetuna var fleire stadar intakte, slik dei hadde vore i uminnlege tider. Nær alle var fiskarbønder, og skilnaden på bønder og plassingar kunne vere stor. I løpet av ungdomstida si fekk Karoline oppleve at dette samfunnet meir eller mindre gjekk i oppløysing. Klyngetuna forsvann, den første



Kassaboka til Heggebakk-Ingebrigt er heldigvis teken vare på, og er no i eiga til Velledalen sogelag. Som rimeleg kan vere, handla Karoline her medan ho var ungjente. 16. februar ser vi at ho kjøpte ein paraply til to kroner og dagen etter 1 alen skirting og eitt heklenøste for 20 øre.

slåmaskina dukka opp, og slikt som smørmeieriet, dampbåten og dei første frivilluge lag og organisasjonar.

Henrik Straumsheim hevda at nettopp dette «store hamskiftet» samfunnet gjekk gjennom denne tida, var ein av grunnane til at folk byrja å skipe lag. Dei gamle møtestadane var vekke, og i dette vakuumet vart dei første laga fødte. I 1893, året etter Karoline kom attende til Sykkylven, vart Sykkylven ungdomslag skipa. Mykje truleg var ho med på skipinga, i alle fall veit vi at ho var aktiv i ungdomslaget heilt frå starten.

Til 17.mai-festen i 1894 sette ungdomslaget opp songskodespelet «Ervingen» av Ivar Aasen. Her spelte Karoline «Inga». Petter J. Tynes skreiv seinare om teaterverksemda til ungdomslaget, og nemner Karoline si tolking av rolla som «Inga»: «Dei kunne ikkje ha funne ei meir råkande type av den gilde unggjenta om dei leita vidt ikring. Hennar lentuge og leikande rytme i led og lem og hennar klåre, trillande sopran under dei ymse songscener var slik at dei som såg og høyrde på stod som fjetra.»

«Ervingen» skreiv Ivar Aasen allereie i 1855, og var det første skodespelet der alle roller utan ei var på landsmål. Slikt var det sjølvstøtt sprengstoff i. Det vart det i Sykkylven også, men truleg ikkje på grunn av landsmålet. Misjonsfolket i bygda syntest slett ingen ting om skodespel på generell basis, og det var ein del murring kring dette. Ungdomslaget heldt likevel fram med teateraktiviteten sin utan at det ser ut til at dei tok vidare omsyn til at ikkje alle sambygdingar syntes dette høvde seg.



Eldar Høidal, fødd 1956, er historikar og regionkonservator i Stiftinga Sunnmøre Museum. Han er også kommune-politikar og ein ivrig syklist.

Kaihandelen i Ramstaddalen

Av Eldar Høidal

– Vi trilla dei 100 kg tunge eikefata med sirup frå kaia opp til butikken. Same vegen gjekk det med dei store parafinfata. Alle varene kom sjøvegen før i tida, fortel handelsmann Oddvar Løseth.

I ein alder av 78 år driv han, saman med kona Kirsten, framleis daglegvareforretninga på Ramstadkaia, slik besteforeldra og foreldra hans gjorde det før han.

Det minkar med dei faste kundane som handlar alle daglegvarene sine i nærbutikken for Ramstaddalen og Søvikdalen, O.A.J. Løseth Eftf. Mange av dei tidlegare kundane har hamna på eldreinstitusjonen BUAS i sentrum av bygda, men framleis har dei ein stabil kundekrins som set pris på at dei kan ha ei slik forretning i nærmiljøet.

– Dei er så kjeke å handle med, seier Gerd Melseth, som er innom for å sikre seg naudsynte varer til hushaldninga. Oddvar og Kirsten er alltid så blide og hjelpsame.

Det siste kan skribenten også stadfeste. Han er med i ein sykkelgjeng som kvar torsdag kveld i sommarhalvåret legg turen innom idyllen ved Ramstadkaia. Eigentleg er butikken stengt på dette tidspunktet, men som ein ekstra service til mosjonistane opnar Oddvar og Kirsten butikkdørene og let syklistane få handle sine småvarer: leskedrikk, is, bananar og fyrstekake. I tillegg står alltid to kanner med kaffi klare på bordet utanfor butikken når syklistane kjem rullande. Det er ikkje vèratterhald for desse torsdagsbesøka. Er benken våt etter nedbør, har Oddvar og Kirsten sitjeunderlaga klare. Dette er service i overkant av kva ein kan vente, men det vitnar om eit handelsektepar som har late yrke bli til livsstil, og som er vane med å strekkje arbeidsdagen langt utover dei normerte timane for å stå til teneste for kundar av alle slag.

Sal i lausvekt

Det var bestefar til Oddvar, Ole Andreas J. Løseth,



Kirsten (f. 1940) og Oddvar (f. 1937) gifte seg i 1962. Sidan har begge vore med å drive familiebedrifta ved Ramstadkaia. No tek dei eitt år om gangen, men har ingen planar om å slutte av handelsdrifta.

– Vi driv på så lenge helsa held, og så lenge det er eit økonomisk grunnlag for drifta, seier dei. (Foto: Eldar Høidal).

som i 1899 etablerte landhandel ved Ramstadkaia. Ole Andreas var bygningsmann og i ungdomen arbeidde han ei tid i Nord-Noreg. Han var i Sulitjelma, der han bygde hus og selde varer som han hadde med seg frå Ramstaddalen; turka kjøt,

Nr. 40.

O JESUS, GID DU VILLE

Thomas Kingo.

Etter Karoline Drotninghaug.
Ved Cath. Elling.



Faksimile frå «Religiøse folketonar frå Sykkylven», ved Trygve Straume, 1986.

Æresmedlem

Under 25-års festen for ungdomslaget i 1918 vart det utnemnd seks æresmedlemmar, fem menn og Karoline Drotninghaug for godt styrearbeid og skodespelarinnsetts. Som sagt var Karoline svært god til å synge. I tillegg var ho berar av ein songtradisjon ho hadde ervt etter mora Emte. Begge to er kjelde til fleire folketonar til religiøse tekstar. Karoline er mest kjend for ein melodi Catharinus Elling skreiv ned etter henne, «O Jesus, gid du ville», ein salmetekst av Thomas Kingo.

Sjølv om både Karoline og Emte for lengst er avlidne, lever ein del av dei enno. Folketonane dei nytta til å setje tone til Kingo-salmar og anna, og ikkje minst tekstilarbeidet deira. Nokre av tekstilane vert tekne vare på i Folkemuseet i Oslo.

Det er mest som det kan blåse hatten av ein. Tenk ei dame fødd i 1866, på ein husmannsplass på Drotninghaug i det gamle, klassedelte Noreg. Med ein lagnad meir eller mindre avgjort av kvar ein kom ifrå og kven foreldra dine var. Og i andre enden, Karoline med eige hus på Klokkehaugen, etter ei lang lærargjering. Og der døydde ho, i eit heilt anna og kanskje meir egalitært Noreg enn der ho vart fødd.

I samband med denne artikkelen har eg hatt samtale med fleire personar. Stor takk til alle saman.

Desse er: Oddrun Eidem, Per Arne Grebstad, Kjell Haugland, Reidar Skotte, Judit Vollstad, Karen Vårdal.

Uprenta kjelder:

Folketelling 1865

Folketelling 1900

Folketelling 1910 (alle folketeljingar frå digitalarkivet.no)

Kassaboka til Ingebrigt Velle, arkivet til Velledalen sogelag

Klokkarbok for Sykkylven 1865–1877 (digitalarkivet.no)

Møtebok Aure skulekrins 1890–1936, IKA Møre og Romsdal

Sykkylven skulestyre 1909–1945, IKA Møre og Romsdal

Trykte kjelder:

Haugland, Kjell: *Lærarinneskulen i Utesto på Ålbu, Bøgda vår*, Oppdal historielag 2012. Årbok for lokalhistorie.

Høidal, Eldar: *Opp og fram gjennom leik og alvor. Sykkylven frilynde ungdomslag 100 år. 1993.*

Tandstad, Ola: *Sykkylven i nyare tid. (uprenta manus)*

Weiberg-Aurdal, Gustav og Gjævenes, Martin: *Gardssoga for Sykkylven bd. 1-4.*



Oddvar med ein grøn Berserk cordfløyelsbukse som var høgste mote då dei hadde avdeling for manufakturvarer. Berserk-buksene var slitesterke, minnest handelsmannen. (Foto: Eldar Høidal).

ost, smør. Pengane han tente, la han inn i butikkdrifta heime. Butikken kom i gang i eit hus som ligg noko lenger oppe i bakken enn dagens forretning. Landhandelen førde vanlege matvarer, men hadde i tillegg artiklar som folk hadde bruk for til dagleg: reiskapar og verkty, spikar, skruar, beslag og ein del manufakturvarer. Tidleg i 1930-åra fekk firmaet eiga bensinpumpe.

I 1944 tok sonen, Oskar Løseth, over firmaet og forandra firmanamnet til O. A. J. Løseth Eftf. I 1948 sette han opp nytt forretningsbygg i to høgder på Ramstad-kaia, og der har forretninga halde til sidan.

Oddvar, som er fødd i 1937, tok over firmaet i 1975. Han hadde då vore med å drive forretninga i mange år. Han har opplevd dei store skifta i den lokale handelssoga. Då han byrja å vanke i familiebedrifta som gutunge, selde dei framleis mykje varer i lausvekt. Det var kveitemjøl, havregryn, semulegryn, sukker, grønarter, rosiner, svsker. Alt



Oddvar ved den flunkande nye bensinpumpa utanfor butikken. Sidan 1933 har dei drive med bensinsal. (Foto: Eldar Høidal).

måtte vegast opp og porsjonerast ut i større og mindre posar. Dei som skulle ha større mengder mjøl, hadde med seg lerretsposar til å ha mjølet i.

Kjøledisk og ferskvarer

Det var lite pengar mellom folk i dei første åra etter krigen. Difor handla dei fleste på krita. Det vil seie at folk skreiv varene dei handla inn i ei bok, og at dei gjorde opp for seg med visse mellomrom. Dei betalte når dei fekk oppgjør frå meieriet, ein gong for månaden, fortel Oddvar.

Det var lite ferske varer som vart selde i butikken dei første åra. Vareutvalet bar preg av at butikken låg i eit landbruksområde der dei fleste heldt seg med kjøt og mjølkeprodukt sjølve. I tillegg hala folk fisk frå fjorden og dyrka poteter, korn, grøn-saker, bær og frukt på eigne markar. Dette endra seg gradvis etter krigen. Då fekk dei fleste arbeid på fabrikk, gardsdrifta vart attåttnæring og folk laga mindre av maten frå grunnen av.

Etter at grenda fekk elektrisk straum i 1952, kunne dei investere i kjøle- og frysediskar og satse sterkare på ferskvarer. Oddvar, som gjekk med i butikkdrifta for fullt frå om lag 1960, minnest at dei kvar veke fekk faste tilførsler av fiskemat og kjøt. Dei kjøpte den første kjøledisken av Sigurd Larsen i Ålesund. Etter at dei fekk kjøleanlegg, kunne dei byrje å selje mjølk. Første tida vart mjølka slått over i spann som kundane kom med. Så kom dei kvite litersflaskene, før dei brune mjølkeflaskene tok over. Ei tid hadde dei også utleige av fryseboksar i forretninga. Folk betalte i byrjinga to års forskotsleige. Leigeinntektene kom godt med, for det var kostbart å installere fryseanlegget.

Lange dagar

I over femti år dreiv O.A.J. Løseth med utkøyring av varer. Tre gonger kvar veke fekk kundane frakta varene dei hadde tinga over telefon til døra si. Dei køyrde ut både kraftfôr, kunstgjødsel og daglegvarer. Til dette føremålet skaffa dei seg i femtiåra ein varebil.

I 1962 investerte dei i ein Opel Blitz lastebil. Uttransporteringa av varer skjedde etter at butikken vart stengt, om kveldane. Så det vart lange dagar på handelsfolket. Lite ferie var det også. Oddvar tok sin første ferie i 1961. Han reiste på ein vokes-

tur til Sverige saman med Kirsten som han var forlova med. Første delen av ferieturen var fem vaksne og eitt born stuva saman i ei lita folkevogn som elles var lasta med både telt, soveposar og primus. Takgrinda var fullasta, det same var bagasjerommet i fronten av bilen.

Det gjekk lang tid før Oddvar og Kirsten kunne unne seg meir enn ei veke ferie. Dei hadde butikken, dyra og slåtten å ta seg av. Ekteparet har heilt fram til i dag drive småbruket ved sida av forretninga. Etter at dei nådde pensjonsgrensa, har dei unnt seg 14 dagar samanhengande ferie. Dei siste fem åra har dei feriert på same hotellet i Puerto Rico på Kanariøyane.

Sjølvhjelpshandel

Forretningsbygget, som vart reist i 1947/48, var på to etasjar. I øvste etasje heldt Ramstaddal Lenestolfabrikk til frå 1948 til drifta vart lagt ned i 1962. Etter kvart vart andre høgda teken i bruk til varehandel. I fleire år hadde O.A.J. Løseth her ei eiga avdeling for steinty, kjøkkenutstyr, leiker og manufaktur. Forretninga selde også måling, terpentint og linolje. Dei av kundane som hadde kunnskapane, kunne ved hjelp av dei rette råvarene lage både måling og kitt sjølve. Butikken forhandla også vindaugsglas som vart skore etter mål. Første tida fekk dei glasa frå Ellingsen &



Gerd Melseth er ein av dei trufaste kundane til Kirsten og Oddvar Løseth i O.A.J. Løseth Eftf. Gerd synest det er kjekt at dei kan ha ei daglegvareforretning i nærmiljøet. – Og så er Kirsten og Oddvar alltid så blide og kjekke å prate med, seier ho. (Foto: Eldar Høidal).

Sønn i Ålesund. Etter kvart fekk dei ein lokal leverandør, Ove Straumsheim AS i Straumgjerde.

Frå tidleg i 1960-åra gjekk stadig fleire av daglegvareforretningane på Sunnmøre over frå diskhandel til sjølvhjelpshandel. Forretninga på Ramstadkaia heldt på diskhandelen lenger enn dei fleste. – Vi syntest det var greitt å ha denne kontakta med kundane, og vi miste noko då folk byrja å plukke varene sjølve, seier Kirsten.

Det var i 1981 at dei la om til sjølvbetjening. Oddvar finn fram ein perm i det gamle kontoret oppe i andre høgda i handelshuset, og i permen er det mange dokument som fortel om den omfattande prosessen det var å byggje om forretninga. Den gamle disken måtte fjernast, nye hyller og kjølediskar monterast opp.

Kjedemakt

Eit anna stort omskifte i daglegvarehandelen er kjededanninga. Det var i 1970-åra at handelen vart omorganisert ved at tidlegare frittstående butikkar gjekk saman i innkjøps- og marknads-samarbeid. Nokre kjeder var heilt lokale, andre var nasjonale. Dei siste åra har dei store nasjonale kjedene teke over regien i den norske daglegvarehandelen. Det er uråd å stå utanfor om ein vil halde tevfle før prisar.

O.A.J. Løseth Eftf. har vore med i fleire kjeder. Den første var K-Kjøpmannen, seinare vart det Servicemat og Nærbutikken. Dei siste åra har dei vore ein såkalla uprofilert daglegvarebutikk. Det vil seie at dei ikkje har høve til å bruke kjedenamn og anna profileringsmateriell. For å verte fullverdig medlem av ei kjede, må dei tilpasse seg visse krav som det er vanskeleg å greie for ein butikk med låg omsetning. Mellom anna er det krav om betalingskasse med direkte dataoppkopling til hovudkontoret. Dei må også skaffe eigen bakaromn for brød.

Sjølv om dei ikkje får profilere seg som medlem av ei kjede, er dei med i eit innkjøpssamarbeid, og

det er det som gjer at drifta trass alt går i balanse. Dei kjøper varer inn frå grossist dyrare enn dei kan selje ut varene. Bidraget frå kjeda dekkar opp det dei har tapt.

Skiftande tider.

Butikkfamilien ved Ramstadkaia har sett bedrifter og menneske kome og gå gjennom mange tiår. Dei første åra var det pulserande liv i kaiområdet heile året, med vareproduksjon og båttrafikk til og frå. Sommartida var det laksedorging på fjorden og fiske etter aure og laks i elva. No er villaksstamma kraftig redusert og elva freda. For nokre tiår sidan budde det folk i alle husa i dalen, no står mange hus tomme store delar av året og tener som sommarbustad. Det er dermed sterkare sesongvariasjon i handelen.

På godvêrsdagar om sommaren er det mykje liv i kaiområdet. Her kan ein oppleve både bryggedans og yrande badeliv med dristige ungdomar som tek saltomortar ut i sjøen. Auka sommartrafikk slår også ut i meir varehandel. Og ein og annan kunde vil også ha bensin eller diesel som framleis er ein del av varetilbodet. Det er også fiskekrokar, reiskapar, støvlar og suvenirar. Framleis kan O.A.J. Løseth Eft. kallast ei allsidig krambu, slik det også var då butikken vart etablert i 1899.

Så lenge helsa held, vil Oddvar og Kirsten drive Sykkylvens nest eldste handelsbedrift vidare, til glede for Gerd Melseth og dei andre faste kundane som nyt godt av tilgang på kvardagsvarer og høgt servicenivå. Oddvar og Kirsten tvilar på om nokre av etterkomarane deira vil satse vidare på forretningsdrift i Ramstaddalen. Sonen Vidar driv i same bransje, men har skaffa seg eit meir lukrativt utkome som driftsleiar hos Coop Mega på Aure. I dag er det stordrift som gjeld, men i Sykkylven finst det framleis alternativ. Ein stad der ein slepp å stå i kø ved kassa, men kan få ein lang prat med handelsfolka om ei tid som var, og ei tid som vart.



Liv Aksnes, fødd 1943, har vore politisk aktiv i Sykkylven gjennom ein kvinnealder. Den årlege 8. mars-markeringa har vore ein naturleg del av engasjementet. Liv Aksnes har vore med frå starten og gir her eit oversyn over meir enn tretti års kvinnesakssamarbeid.

Ein kvinnealder med 8. mars

Av Liv Aksnes

I staden for strid mellom raud- og blåstrømper har kvinnene i Sykkylven satsa på samarbeid. Markeringa har gått på omgang mellom partia gjennom meir enn 30 år.

Starten

8. mars-samarbeidet i Sykkylven starta som ein idé på eit møte i kvinnegruppa i Arbeidarpartiet i januar 1984. Både Høgre- og Ap-kvinner hadde markert Kvinnedagen i nokre år, men no kom tanken om å slå seg saman. Det vart sendt invitasjon til kvinner i alle partilaga i bygda, Høgre, Venstre, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, og til Sykkylven Husmorlag, Sykkylven Helselag, Sykkylven Bondekvinne-lag, Kvinner for Fred, likestillingsutvalet, Sykkylven Kunstlag og biblioteket. Alle synte interesse, og mange møtte fram til komitémøtet 26. januar.

Litt diskusjon var det nok, før alle vart samde om eit fredeleg kulturarrangement i staden for radikal kvinnekamp, og vi kunne gå laus på praktiske detaljar. Etter tre komitémøte og mykje god planlegging, var det klart for fellesmarkering i kantina på Sykkylven vidaregåande skule seks veker etterpå.

Det synt seg vanskeleg å skaffe ekstern talar på så kort tid, men Marie Lovise Widnes lova å kome året etter. Og vi hadde mange flinke og taleføre damer å velje mellom i Sykkylven, så vi fekk til eit godt program utan hjelp utanfrå. Karen Elise Matheson var programleiar første året. Laila Kaland tala om kvinner og politikk, og Grethe Østerhus Røyr om kvinner i Iran. Terje Frøystad, Vidar Berg og Åge Lade spela for oss, Minna Lie Blindheim las ei historie, og Bjørg Hjorthol las dikt. I vestibylen var det salsutstilling: Husflid av Bente Langbakk, Anna Kjemphol, Kirsti Ramnefjell, Jodis Hørte og Margit Hjellegjerde, sølv av Eli Åsen, måleri av Jenny Røyr, og bøker frå biblioteket ved Astrid Sæther. Utstillarane ga ein del av overskotet til årets prosjekt, som var Brit Hodnes Blindeskole.

Ein fullsett sal, sto det i avisa etterpå. Vi tok ikkje inngangspengar, så vi veit ikkje kor mange som var der. Men vi selde lodd, og eit overskot på kr. 814,- vart sendt til India via Den norske Santalmisjon.

Andre året 1985 var det ti år sidan FN proklamerte 8. mars som internasjonal kvinnedag.

Planlegginga for neste år starta alt i november 1984. Organisasjonane var dei same, men komité-medlemmene varierte litt. Vi bestemte oss for å nytte same lokala som året før.

Bjørg Hjorthol leia programmet, og talaren heldt lovnaden sin. Marie Lovise Widnes frå Vanylven/Hareid snakka om haldningar og fordommar til kvinnesaka og las nokre av dei mange dikta sine. Anne Turid Furland las prolog av Åslaug Linge Sunde, og Hilde Straumsheim song, akkompagnert av Ranveig Lauvstad Holen. Nokre jenter frå Sykkylven vidaregåande skule hadde laga eit programinnslag, ein collage frå den kulørte vekepressa, med hjelp av lærar Grete Bugge Østvik.



Ragnhild Heggdal teikna logoen som har vore brukt i alle år etterpå for alt som gjeld 8. mars i Sykkylven: Ei opa hand som det gror av, i staden for ein knytt neve! Nokre år seinare sydde Anna Kjemphol eit nydeleg teppe med same motiv, som vi alltid pyntar talarstolen med under festen.



Første komiteen 8. mars 1984: Bak frå v.: Bjørg Hjorthol, Karoline Tandstad, Hilde Sunnanå, Ingeborg Sagen, Grete Eikrem, Minna Lie Blindheim, Sylvi Skaga, Astrid Sæther, Liv Vold og Karen Elise Matheson. Framme frå v.: Margunn Daltveit, Rigmor Røvik og Bente Grebstad Rødseth.

Mellom dei frammøtte var også nokre menn. Dei bar det tunge flygelet ned frå andre etasje.

130 personar kom på festen, billetten kosta kr 10, og med loddsal i tillegg vart det eit overskot på kr. 3.857,-. Pengane gjekk også dette året til India, til jenteskulen Betel Girls Town.

Heile veka var det salsutstilling i kunstlaget sine lokale i Klocksfabrikken. Etter avtale med Nils Emblem, synte Sykkylven kino filmen *Silkwood* søndag 10.mars.

Tredje året, 1986. No følte vi at vi tok til å få rutine; det tredje året bestemte vi oss for å tenkje stort, og leigde Velledalen grendahus!

Ragnhild Heggdal teikna ein flott plakat, med logo som har vore brukt i alle år etterpå for alt som gjeld 8. mars i Sykkylven: Ei opa hand som det gror av, i staden for ein knytta neve! Nokre år seinare sydde Anna Kjemphol eit nydeleg teppe med same motiv, som vi alltid pyntar talarstolen med under festen.

Om lag 200 møtte fram for å feire Kvinnedagen. Helen Bøsterud, som vart justisminister like etter besøket hos oss, heldt talen. Tone Fedt las egne

dikt. Born frå Velledalen framførte Lysistrata og det var danseinnslag av jenter frå SIL Turn. Og sjølv sagt ei lang matykt med loddsal. Grete Bugge Østvik var programleiar, og Eritreakampanjen Kvinner i fokus fekk overskotet, som gjekk til nye traktorar i Eritrea. Det var salsutstilling i Klocksfabrikken, og filmen *Hustruer II* vart på oppmoding synt på kinoen 19. mars.

Så var vi i gang. Dei fleste åra etterpå har vi i store trekk brukt oppskrifta frå 1986, og vi har skifta på å bruke Samfunnshuset – no Sykkylven kulturhus – og grendahusa i Velledalen og Hundeidvik. Ansvar for komiteen, og dermed ansvar for å skaffe talar, har gått på omgang mellom partigruppene. Vi har passa vel på å balansere politisk, så samarbeidet har gått knirkefritt!

Vanlegvis har vi hatt ein lang matpause med lotteri, der overskotet har gått til gode formål. Det er ikkje dyre gevinstar som lokkar folk til å kjøpe lodd, men lysta til å støtte. Fleire gonger når vi ikkje hadde meir lodd igjen, ga folk oss pengar likevel, for å støtte prosjektet.

Det er mest kvinner mellom publikum, men ein og annan mann har våga å kome, sjølv om rykta om det tunge flygelet skremde vekk nokre i starten. I mange år hadde lokale kunstnarar salsutstilling, og den alternative butikken «Fredsrosen», driven av Kvinner for Fred i Ålesund, var også med i fleire år. I 1992 kom også Framstegspartiet med i komiteen. Men etter kvart fall dei upolitiske foreiningane frå, så det er berre representantar for dei politiske partia som har stått for markeringa dei siste åra.

Heile tida har vi samarbeidd godt om å få til innholdsrike kulturkveldar på Kvinnedagen, der overskotet har gått til å hjelpe kvinner og born som har det verre enn oss. Overskot av loddsal og inngangspengar har variert, men vi har ofte sendt omkring 10.000 kroner til gode formål i inn- og utland. Prosjekt som vi har kjent til, og der vi har vore rimeleg trygge på at pengane kom fram dit dei skulle.

Vi har også hatt lokale mottakarar av pengane som kom inn: I 2009 og 2012 fekk Girl Power, ei gruppe jenter på Sykkylven vidaregåande skule, pengar til barneheimen dei støtta i Ukraina, og i 2004 og 2014 gjekk overskotet til May Britt Tynes sitt brønn- og husprosjekt på Filippinane.

I 1992 skulle pengane gå til kvinneretta tiltak i Baltikum. Vi hadde ein kontakt i Litauen, men det var uråd å få pengane sikkert fram, på grunn av dei dramatiske tilhøva i landet. Då Redd Barna og Nei til Atomvåpen sommaren 1993 tok imot 30 born frå Kiev-området (etter Tsjernobyl-ulukka) for å bu i Sykkylven ei tid, vart pengane overførte til dei.

Talarane

Vi har hatt imponerende mange dyktige kvinner som talarar desse åra:

Politikarar, forfattarar, journalistar, kunstnarar, lensmannen vår, og hjelpearbeidarar på ulike felt.

Mange lokale ungdommar, flest jenter, har delteke med song, musikk og dans. Nokre av dei har til og med vorte profesjonelle kunstnarar i ettertid.

Vi vil også nemne dei mange unge jentene som har halde gode appellar desse åra. Vi kan ikkje nemne alle ved namn, men vi hugsar kor modige og flinke dei var, og veit at dei ikkje har vore redde for å stå framfor eit publikum seinare

heller. I 2014 braut vi denne kvinnerekkja med å invitere ein mann som talar, Fredric Holen Bjørdal, nyvald stortingsmann med anar frå Hundeidvik. Det var ikkje noko dårleg byte. Han har ordet i si makt, og sjarmerte alle då han sto på talarstolen i Hundeidvik grendahus, med mormor og tante mellom tilhøyrarane.

Flinke jenter frå Ungdommens kulturmønstring spela, dansa og song *I see fire*, og Antonia Genta synte ein sjølvkoreografert dans. Ei nyting både å sjå og høyre!

Gerd Eikeset og Kirsti Vestre presenterte Prosjekt Filippinane med tale og film, som viste at det nyttar å hjelpe økonomisk når katastrofen rammar. Loddsalet gjekk strykande, og vi sende kr.12.000 til prosjektet, same sum som Care fekk i 2013.

Dette året vart kanskje eit punktum for måten vi vanlegvis har markert 8. mars på i Sykkylven?

Året etter la i alle fall komiteen planer om ei endring. Vi har også gjort nokre forsøk på det tidlegare.

Unntak

Eitt av unntaka var då vi i 1999 leigde revyen «S-M-XL» med tre kjende damer frå Ålesund, Astrid Overå, Vibecke Haagenen og Ina Breivik, som hadde ei flott og aktuell framsyning på Hundeidvik grendahus. Vi var kjapt ute og kapra dei, før dei vart kjende i landet elles, og det vart suksess.

I 2003 leigde vi filmen «Kroppen min», som Margreth Olin frå Stranda har laga. Vi hadde kaffiservering og litt underhaldning i vestibylen på Sykkylven kulturhus etterpå, med besøk av Konrad. Vi håpte på besøk av filmskaparen, men ho vart forhindra frå å kome.

I 2004 vart heile arrangementet lagt til Sykkylven kyrkje, der Inger Lise Rypdal framførte *Kvinnen ved brønnen* med påfølgjande kyrkjekaffi i ein fullstappa underetasje. Og eit godt overskot som gjekk til May Britt Tynes sitt brønnprosjekt på Filippinane.

I 2012 inviterte vi damekoret «Sirene» frå Sande, med dirigent Torgeir Hauge, som ga oss ei stor oppleving med a capella-songen sin! Og så var det mat og prat i vestibylen på Kulturhuset etterpå.

Tre sterke kvinnehistorier frå ulike kantar av verda vart også presenterte. Ei av dei var om

gamlejordmora Marie Aase (1894–1991), sjukepleiaren som fungerte meir som ein «døcter» i Sykkylven i mange år. Ho vart vald inn på ei rein kvinneliste ved kommunevalet i 1937, og vart første kvinna i kommunestyret i Sykkylven.

Av litt spesielle programinnslag kan også nemnast: Konrad Hanekamhaug, den utstoppelege sjåvinist og eplesejar frå Nordfjord» (Anita Løvold) har vitja oss ved fleire høve for å leite etter kjerringemne i salen. Ei gruppe av Kvinner For Fred, registrert av Hilde Straumsheim, stilte opp med revyinnslag i 1987.Tøffe damer i komiteen, laga på kort varsel ei trim/danseoåpvisning kalla Folk i form til OL, då dansegruppa som sto på plakaten melde forfall i 1992. *So-de-so*, ei gruppe unge gutar som spela rootsmusikk i 1993. Då var der også ein del fleire ungdommar mellom publikum.

Tankekors

Og akkurat det er litt av eit tankekors: Kan vi få med ungdommen?

Korleis skal vi får med yngre kvinner til å markere Kvinnedagen? Meiner dei at dagen er unødvendig, at kvinnekamp er gått ut på dato? Har dei så mange aktivitetar at dei ikkje vil ta på seg meir? Synest dei at dei alt har «full likestilling»?

Faktum no er at mange i komiteen snart er pensjonistar, og treng hjelp og avløysing. Kjem markeringa av 8. mars til å døy ut med oss? Det kan vere travelt å lempe bord og stolar, traktere,

rydde og ordne, men det er ikkje så mykje arbeid som mange vil tru. Nokre korte og (meir eller mindre) effektive planleggingsmøte, fordeling av oppgåver, og så har vi denne festen på sjølve Kvinnedagen.

Kanskje trengst det nye folk med nye tankar, som kan finne nye måtar å markere 8. mars på?

For eigen del føler eg at det viktigaste eg har fått ut av komitéarbeidet desse åra, er at vi har fått eit så breitt og variert kvinnefellesskap – eit forum på tvers av partigrensene. Vi har vore så heldige å bli kjende med mange flotte, flinke, trivelege kvinner i bygda, folk vi elles kanskje ikkje ville fått kontakt med.

Ny vri på Kvinnedagen, skreiv Sykkylvsbladet 11. mars 2015. Sundag 8. mars sette Sykkylven kino opp filmen *Kvinner i for store herreskjorter* basert på boka *Vente, blinke* av Gunnhild Øyehaug frå Ørsta. Filmen hadde premiere eit par dagar tidlegare, og fekk god omtale.

Kinosalen var ganske full. 101 selde billetter, mest kvinner, men også nokre menn. Dei fleste vart att i vestibylen etterpå, til appell, kaffi og loddosal, og det kom inn 10.000 kroner til Redd Barna sitt arbeid for born i Syria.

Komiteen fekk mange positive tilbakemeldingar på arrangementet, og det kan vel hende at same malen blir brukt seinare. Men 8. mars 2016 fell på ein tysdag. Tysdag er ikkje kinodag i Sykkylven, så då blir nok ikkje det aktuelt. Alternativ og gode idear vart drøfta før mars 2015 var omme, og ei skikkeleg feiring er vi visse på at det skal bli – for 33. gong! Vel møtt!

Felles 8. mars-markeringar i Sykkylven 1984–2015

ÅR	STAD:	TALAR:	OVERSKOT TIL:
1984	Sykk.vg.skule	Laila Kaland og Grete Ø. Røyr	Brit Hodnes Blindeskole, India.
1985	Sykk.vg.skule	Marie Lovise Widnes	Betel Girls Town, India.
1986	Velledalen gr.hus	Helen Bøsterud	«Kvinner i fokus» (Eritrea)
1987	Velledalen gr.hus	Martha Schumann	Kirkens Nødhjelp (Brønnboring)
1988	Samfunnshuset	Bergljot Hjorthol	Krisesenter f.kvinner og barn, Bangkok
1989	Samfunnshuset	Liv Nordhaug	Inger Harrington, prosjekt i Brasil
1990	Hundeidvik gr.hus	Sissel Brunstad	Sjukehus i Peru
1991	Samfunnshuset	Marie Lovise Widnes	Romaniahjelpa
1992	Velledalen gr.hus	Eva Finstad	(Kvinneretta tiltak i Baltikum)
			Pengane vart overførte til Redd Barna/ NtA (Born frå Kiev) i 1993
			Norsk Folkehjelp, Bosnia
			Olympic Aid
			Støtte til incestutsatte, Sunnmøre
			Norsk Folkehjelp, Bosnia
			Bistandsprosjekt Mellom-Amerika
			Kvinneprosjekt i Calcutta
			Ikkje utbetalt, overført til 2001
			Ikkje utbetalt, overført til 2001
			Sjukehuset, Ålesund: Kreftomsorg
			Krisesenteret, Ålesund
			AKOT, Kvinneprosjekt SørSudan
			ProsjektFilippinene
			Internasjonal Kvinnegruppe «Fønix»
			Kvinneprosjekt i Costa Rica
			Ahead, Moldova
			Frivilligsentralen «Fønix»
			«Girl Power»sin barneheim i Ukraina
			Kvinneprosjekt i Kenya
			Sykkylven Røde Kors Omsorg
			«Girl Power» sin barneheim i Ukraina
			Hjelpeorganisasjonen «Care»
			«Prosjekt Filippinene»
			Redd Barna Syria
1993	Samfunnshuset	Inger Lise Gjørv	
1994	Hundeidvik gr.hus	Aud Inger Aure	
1995	Velledalen gr.hus	Kristin Krohn Devold	
1996	Samfunnshuset	Brita Blomquist	
1997	Hundeidvik gr.hus	Kirsti Indreeide	
1998	Velledalen gr.hus	Ingrid Thorn	
1999	Hundeidvik gr.hus	«S-M-XL» REVY	
2000	Samfunnshuset	Aud Folkestad	
2001	Velledalen gr.hus	Karen Elise Matheson	
2002	Hundeidvik gr.hus	Evelyn Liseth Pedersen	
2003	Samfunnshuset	«Kroppen min» (M.Olin)	
2004	Sykkylven kyrkje	Inger Lise Rypdal «Kvinnen ved brønnen»	
2005	Velledalen gr.hus	Trude Teige	
2006	Hundeidvik gr.hus	Gunn Berit Gjerde	
2007	Sykkylven kulturhus	Audhild Mork	
2008	Velledalen gr.hus	Martine Aurdal	
2009	Hundeidvik gr.hus	Kari Opdahl	
2010	Sykkylven kulturhus	Florence K.Tandstad	
2011	Velledalen gr.hus	Terri Ann Senior	
2012	Sykkylven kulturhus	Damekoret «Sirene»	
2013	Sykkylven kulturhus	Torhild Skogsholm	
2014	Hundeidvik gr.hus	Fredric Holen Bjørdal	
2015	Sykkylven kulturhus	Film «Kvinner i for store herreskjorter»	



Kjell Ole Løseth, fødd 1941, er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. No er han travel pensjonist og oppteken med organisasjonsarbeid, revy og lokalhistorie. Han er styreleiar i Storfjordens Venner.

Slagsmål med bjørn i Storfjorden

Av Kjell Ole Løseth

På 1800-talet var det ein del bjørn på Sunnmøre. I barndomen fekk eg høyre om ei hending som gjorde sterkt inntrykk på eit barnesinn – kamp på liv og død mellom menneske og bjørn.

Bjørnejakt med finurlege metodar har vi høyrte om – også om farlege situasjonar når bjørn blei skadd. Hestehammaren er eit bratt, svart fjellparti som ligg like innanfor Ramstaddalen. På andre sida av Storfjorden ligg bygdene Amdam og Skarbø. Ei segn fortel at namnet har Hestehammaren fått av di ein hest datt utføre her eingong i tida. Ikkje så ulogisk. Fjorden er mange hundre meter djup utanfor der.

Eg har prøvd å få greie på om dramaet på fjorden eg høyrde som gutunge er reelt eller berre oppspinn. Gamle skrifter, m.a. Sunnmøre Historiske Lags skrift for om lag 100 år sidan, omtalar hendinga - det same gjer lokalhistoria til musikkøyntnant Peter Jøsvold frå Stordal.

Skyssing

Den 18 juli 1851 skulle Syver Eriksen Dyrkorn, Johan Steinholt og ein mann som heitte Martinus skyssse nokre embetsmenn innover frå Sjøholt til Stranda. Båten var ein trerøring. Dette var einaste framkomstmiddel den tida – lenge før fjordabåtane. Sommarvêret var fint og roturen gjekk greitt. Karane fekk nok ut sveitten!

Men så – på tilbakevegen opplevde dei noko som kunne enda med katastrofe, vågale og eventyrlystne som dei var. Då dei var komne nesten ut til Hestehammaren, fekk dei auge på noko mørkt som låg og flaut på sjøen. Dei var samde om at det var ei svær furerot som dreiv i straumen. Den kunne kome til nytte, så dei ville slepe rota med seg til lands på andre sida.

Men det var inga rot. Forskrekkinga var stor då dei oppdaga at det var ein kjempestor bjørn som symde like framfor dei! «Lat oss kome oss

vekk i ei fart, bjørnen er farleg»! ropte Johan og Martinus. Syver- som var ein hardhaus – ville det annleis. «Vi går til angrep!»

Blodet flaut

Som sagt så gjort. Dei hadde ikkje våpen, men Syver visste råd. Han slo skaftet av tollekniven og dreiv han oppi enden på ei åre, rodde inn til bjørnen og stakk han fleire gongar i baken. Bjørnen vart rasande. Dette vart dramatisk. Han fekk framlabbane opp på ripa og utstøytte ville hyl. No låg karane tynt an ... Eg siterer frå skrifterne: «Da bjørnen kom seg opp på båtkanten, ble to roere så forskrekket at den ene av dem skrek og den andre besvimte. Da ble situasjonen ganske alvorlig. Syver slo bjørnen over nese og panne med tykkenden av åren så blodet fløt og farget sjøen rødt rundt båten».

No gjekk det føre seg ein kamp på liv og død! Bjørnen knuste dei to øvste borda på båten – og vatn siva inn. Det vart ei voldsom «berserking», der karane datt overende med bjørnen glefsande etter seg. Så fekk Syver inn eit reddande, kraftig slag rett over kjeften til bjørnen – etterpå fann dei ut at fleire tenner var knekte. Med eit hyl for han på sjøen att. Syver slo og slo. Bjørnen dovna, og han såg ut til å sekke, men brått gjekk han til åtak att. Men no var han så slomen at Syver hadde overtaket. Han fekk inn mange harde slag mot hovudet og dramaet var over. Bjørnen var drepent!

Triumfferd

Syver ville at dei skulle ta bjørnen inn i båten. Dei andre sa at det var reine galskapen, han måtte då hugse at bjørnar har ti manns vit og er uhorveleg lure! Då kunne det vere ute med dei.

Det enda med at bjørnen blei teken om bord og karane rodde i triumf bort til Gausneset. Her låg det mange båtar. Dei fiska sei med djupsokn. Bjørnen blei lyfta opp frå båten og plassert på ei



Å slåst med ein illsint og velvaksen brunbjørn til sjøs er ingen spøk. Gutane frå Ramstaddal kom så vidt frå opplevinga med livet. Illustrasjon: © Francis C. Franklin / Creative Commons -BY-SA-3.0

lita høgde til utstilling for seifiskarane. Dei fekk seg nok eit minne for livet.

Det blei sagt at den store hannbjørnen blei kjøpt av ein skodjemann til utstopping og matauk.

Kjelder:

Munnlege utsegn frå Ramstaddal

Sunnmøre Historielags skrift

Musikkøyntnant Peter Jøsvold - Lokalhistorie



Eldar Høidal, fødd 1956, er historikar og regionkonservator i Stiftinga Sunnmøre Museum. Han er også kommune-
politikar og ein ivrig syklist.

Med inspirasjon frå naturen

Av Eldar Høidal

Dyr og fuglar er mindre kompliserte enn menneske, dei står fram som dei er, utan baktankar. Det er enklare å fange karakteren til eit dyr enn eit menneske, meiner frisøren, forskalingssnikkaren og teiknaren Jan Erik Kaland.

Jan Erik Kaland blar seg gjennom ein bunke med teikningar som ligg framme i arbeidsrommet i heimen i Grebstadn. Han har alltid vore glad i å ferdast ute i naturen. Det er også natur- og dyremotiv han helst fester på teikneblokka. Det er



– Eg er mykje på turar i fjellheimen, og eg liker spenninga som jakt kan gje. Men eg jaktar berre på fugl. Vakkre skapningar som hjort og rådyr fangar eg berre på papiret, seier teiknaren Jan Erik Kaland.

ikkje så mange som har visst om teikneinteressa hans, men biletserien viser at dette er ein hobby som har følgt han lenge, og den viser også at han har gått gjennom ei utvikling som teiknar. Dei eldste bileta er varierte i temaval, her er ansikt og hovud med mykje hår, her er husrekker, mjølke-
spann, landskap. Biletserien viser ikkje minst utvikling i teknikk. Jan Erik Kaland har aldri gått noko kurs i teikning eller måling. Det han har lært har han lært gjennom prøving og feiling, og ved å sjå på kva andre har gjort. Ei hovudutfordring, seier han, har vore å få betre djupn i bileta.

– Dei første teikningane mine er flate. Eg har prøvd å trenge inn i motiva og skape liv og rørsle gjennom ei tredimensjonal utforming. Dette kan ein til dømes gjere ved å bruke skuggeeffektar og ved å skape ulike nivå og flater i biletet. Det er tidkrevjande å få fram det rette djupneperspektivet. Å teikne kan vere ei tålmodsprøve, men når du jobbar med dette, gløymer du alt anna og det kan vere godt av og til.

Tom & Jerry

Jan Erik Kaland har teikna heile livet. I skuleåra var det formingsfaga han likte best, og kropps-
øvingstimane. Teorifaga appellerte mindre. På vidaregåande skule tok han maskin- og mekanikarlinja før han reiste til Ørsta og gjekk eitt år på Møre Folkehøgskule. Her likte han seg godt og fekk arbeide vidare med teikne- og måleinteressa si. I Ørsta var han også med i punkbandet «Lyd».

Etter militæret og ein kort periode på Hjellegjerde, tok han til på frisørutdanning. Frisøryrket er også kreativt, og Jan Erik såg fram til eit yrkesliv der han kunne vere med å forme kledelege frisyrrar til sambygdingane sine. Første erfaringa med yrket fekk han i salongen til Lindis Utgård, der han var lærling. Han hadde også praksis ved andre salongar, mellom anna hos Pitings på Stranda.

Etter læreåra etablerte han seg med eigen

salong på Aure. Han dreiv Salong Janken i tre år. Midt i 1990-åra slo han seg saman med Torgeir Elveland og dreiv frisørsalongen Tom & Jerry nokre år. I 1997 måtte han finne noko anna å gjere. Frisøryrket er krevjande med mange repeterande rørsler som kan slite på musklar og sener. Det var skulderplager som tvinga Jan Erik til å søkje nye yrkesveggar.

Heile mennesket

Spranget frå frisøryrket til forskalingssnikkarfaget kan synest langt, men det var det Jan Erik tok i 1997. Fysioterapeuten som behandla han meinte at det var viktig å bruke kroppen på ein annan og meir allsidig måte. Å arbeide som forskalingssnikkar stod som eit godt alternativ. Det lokka også å få arbeide ute i friluft. Etter ei tid stod Jan Erik med eit nytt fagbrev i handa.

Det var på denne tida Jan Erik byrja å slite med den psykiske helsa. Han hadde periodar då han sleit med angst, søvnmangel og depresjon. Han har valt å vere open om dei plagene han har slite med, fordi han ser at dei råkar mange, også i Sykkylven. Han opplever at det er relativt enkelt for folk å takle andre med fysiske vanskar, medan mange kvir seg for å møte menneske som slit med det psykiske. Ved å vere open om dette, håper han at andre som kjem i same situasjon kan møte større forståing.

– Psykiske problem er noko som alle kan oppleve. Det er ikkje meir mystisk med slike plager enn med kroppslege. Dei er eit symptom på noko, ein normal måte å reagere på overfor ein situasjon som er vanskeleg.

Jan Erik opplevde miljøet i bygg- og anleggsbransjen som tøft og noko overfladisk. Det var eit mannsdominert miljø, kjensler var noko ein ikkje snakka om. Hadde det vore annleis, dersom arbeidskolleger hadde sett kvarandre som heile menneske, hadde det nok vore lettare for fleire å greie seg i yrkeslivet. Og arbeidsmiljøet hadde sikkert vore betre for alle, trur Jan Erik.

Teikning som terapi

I ein periode hadde han behov for fleksibel og redusert arbeidstid. Det var dagar då han var godt i stand til å arbeide og dagar då han hadde nok med å takle eigne utfordringar. Det viste seg vanskeleg å få til ein slik fleksibilitet. Arbeids-
gjevarane vil helst ha folk som står i 100 prosents jobb. På same tid opplevde han at det var vanskeleg å få det offentlege med på ordningar som



kunne gjere det lettare å gå inn og ut av yrkeslivet etter som tilstanden var.

No har Jan Erik det betre. Det takkar han ikkje minst kona si, Tove, for. Ho stod fast hos han også i dei tyngste periodane og fekk han til å løfte blikket ut av den lukka skoddeheimen som tankane hans var låste i. Han takkar også familien elles, gode vener og turkameratar som aldri svikta. Og ikkje minst takkar han teikninga for at han har klart å få ein ny stabilitet i livet sitt.

– Eg har nytta teikninga som terapi. Når eg går inn i eit motiv, er alle andre tankar kopla ut. Eg gler meg ved å sjå at eg greier å skaffe fram liv av





eit kvitt papir. Det styrker sjølvkjensla. Også dei gode tilbakemeldingane eg får frå andre på teikningane mine gjer godt, seier han. Inspirasjon til teikningane hentar eg frå naturen. Eg er mykje på turar i fjellheimen, og eg liker spenninga som jakt kan gje. Men eg jaktar berre på fugl. Vakre skapningar som hjort og rådyr fangar eg berre på papiret!

Fellesskap

Jan Erik arbeider i dag to dagar i veka hos broren, Finn, som driv eit snikkarfirma. Resten av veka nyttar han til andre gjeremål, som å teikne. Han teiknar gjerne om natta når han ikkje får sove. Då set han seg ned med teikneblokka, og let klassisk musikk strøyme ut av lydanlegget. Slik kan han vende vonde stunder til gode. Jan Erik har førebels ingen klare ambisjonar om å tene pengar på hobbyen sin, sjølv om han har selt nokre bilete

den siste tida. Han vil i alle fall prøve å utvikle seg vidare innan teiknefaget, og kanskje etter kvart prøve seg på måling også. Ein tanke han har sysla litt med den siste tida er å lage ein teikneserie. Her er Pondus det store førebiletet. Å få jobbe med humor i ei teikneseriestripe a la Pondus hadde vore kjekt, seier han. – Men først må eg få fram dei rette seriekarakterane.

Jan Erik Kaland har ingen formell skulering som teiknar, og dersom det vert sett i gang eit teikne- eller målarkurs i Sykkylven, vil han melde seg på. Han veit om mange som syslar med skapande verksemd i Sykkylven. Dei fleste sit åleine, det hadde vore greitt å få kome saman av og til og lære av kvarandre, meiner Jan Erik Kaland, som i oktober var med på eit felles utstillingsprosjekt med kunstnarar i Sykkylven.

Alle bilete er teikna av Jan Erik Kaland.

Biletkavalkaden 2015

ved Monica Aure

Her er nokre glimt frå små og store hendingar i året som snart er gått, henta frå Sykkylvsbladet sitt fotoarkiv.



16. januar:
Med ein bjørkestamme som snor og bogesag som saks, opna ordførar Petter Lyshol friluftsåret 2015 på ekte speidarvis. Nesten tretti speidarar og ordføraren overnatta ved volleyballbana like ved den gamle godsterminalen på Aure denne kalde januarnatta. Dei ville bruke naturen og vise at den er lett tilgjengeleg.



30. januar:
I starten av året gjorde politikarane vedtak om at krinsbarnehagane skulle bevarast som dei er, medan 27 barnehageplassar skulle leggst ned i sentrum. Dette sette sinnet i kok hjå ein del foreldre, sidan det bur flest småbarnsfamiliar i sentrumsområdet. Dei danna ei aksjonsgruppe og kravde at politikarane ordna opp.



20. januar:
28 aktive damer i Lions Sigtuna hadde lyst å gje litt av tida si for å glede andre. Dei arrangerte ein forrykande dansegalla for ei gruppe i samfunnet som ikkje har så lett for å kome seg ut «på livet» på eiga hand. Mette Rasmussen og Kjell Arne Aas var blant gjestane, og dei hadde ein kjekk kveld.



14. februar:
Elisabeth Riksheim-Aure og Ingvill Aure som begge driv butikkar i sentrum, gjekk ut i avisa og var fortlåne over store holer i vegen i miljøgata. Både taxisjåførar, andre bilistar, gåande og huseigarar ytra også si misnøye med vegstandarden. I haust vart det sett av midlar til føremålet, og arbeidet kunne starte.



24. februar:
I februar gjekk den 36. utgåva av Fjellseterrunden av stabelen, i regi av Hundeidvik IL, Ikornnes IL, Sykkylven IL og Velledalen IL. Der var både turrenn, bedriftsrenn, trimklasse og barnerenn, og om lag 150 personar deltok. Brørne Robin (14) og Mathias (12) kjempa i teten i barnerennet.

B I L E T K A V A L K A D E N



28. februar:
Det tok til å brenne ved Miljøkvalitet AS på Jarnes ein onsdag i februar. Brannvesenet fekk kontroll på flammene som herja i «utkanten» av søppelberga som var lagra i hallen. Natt til fredag blussa det opp att, og tok fyr i større mengder av det som var lagra. I etterkant vart den store mengda av lagra avfall diskutert i avisspaltene.



11. april:
Eit knapt fleirtal i kommunestyret gjekk inn for at det for første gong skulle innførast eigedomsskatt i Sykkylven. I april kunne ein i Sykkylvsbladet lese om at førebuingsarbeidet til takseringa av mellom 1300 og 1500 bustadhus og fritidseigedomar var i gang. Det vart halde oppstartsmøte der klagenemnda, taksteringsnemnda og Verditakst AS deltok.



3. juni:
Siste helga i mai deltok 105 gymnastar frå Sykkylven IL på turnstemne i Hareid. I konkurransen om stemneprisen deltok gymnastane i dei ulike klubbane samla i kvar si tropp, med ein bestemt «raud tråd» i kvart nummer. Jubelen stod høgt i taket då Sykkylven vann, med eit imponerende nummer der temaet var Braveheart. Dei viste fram det same nummeret for bygdefolket under Sykkylvsdagane veka etter.



12. juni:
I juni fekk ein oppleve ei spanande utstilling i Berlihuset. Der var det så fullt som der truleg aldri har vore før, då sjølvaste Pushwagner tok turen med kunstverka sine. Samtidig hadde Hilde Louise Asbjørnsen urpremiere på albumet «Don't stay for breakfast». Dei som tok turen, fekk oppleve mykje moro og ville sprell. Blant anna «stal» Pushwagner ordførarkeia.



17. juni:
I midten av juni var det ei stor gladsak å sjå i Sykkylvsbladet. Etter at kommunestyret vedtok å innføre eigedomsskatt, fekk ein også tatt ut utbytte frå Sykkylven Energi og ein inngjekk eit forlik med Nordea som skaffa 20 millionar til kommunekassa. Det er lys i tunnelen for kommuneøkonomien, kunne ein lese. Dei folkevalde vedtok å bruke 31 millionar kroner til å betale ned på det akkumulerte underskotet, som ved siste årsskiftet var på 50,2 millionar kroner.



25. august:
Fellesferien i Sykkylven var grå og kjøleg, men i slutten av august kom endeleg sommarvarmen som mange hadde venta på. Det visste sykkylvingane å nyte. Ved sjø, vatn og i friluftsbadet myldra det av små og store som ville nyte sola og halde på med ulike vassaktivitetar. Ungdomsskulejentene (frå venstre) Ingrid Mari Eidheim, Malene Susann Lade Lie, Sofie Hovdenakk Kalvatn og Marielle Tynes tok turen til Haugneset etter at dei hadde vore på fjelltur.



23. september:
I slutten av september kunne ein få oppleve det som vart skildra som ein magisk konsert i Sykkylven kulturhus. Under tittelen Magic of the Musicals fekk om lag 500 frammøtte fordelt på to framsyningar høyre utdrag frå konsertversjonen av The Phantom of the Opera og Les Miserables. Sykkylven blandakor hadde fått med seg 60 songarar i eit prosjektkor, solistane Stine Hole Ulla og Mads Belden og musikalsk leiar Erland Dalen. Dei viste også framsyninga i Brattvåg, Kristiansund og Ålesund.



9. september:
I september var det opning av det nasjonale kompetanse-senter for møbelindustrien, Møbelkraft, som held til i Hjellegjerdebygget. Dagleg leiar Synnøve Kjerstad (t.v.) orienterte om aktivitetane til det nye senteret. Næringsminister Monica Mæland deltok på opninga, og det same gjorde 23 utstillarar frå ei rekke møbelprodusentar og leverandørar i bransjen.



18. september:
14. september var det kommuneval. Etter dei vanlege forhandlingsrundane etter valet gjekk Ap, Sp, SV, KrF og Venstre saman om ein samarbeidsavtale. Dette fleirtalet gjekk inn for at Odd Jostein Drotninghaug (Sp) skulle verte ordførar og Anne Karin Watters (Ap) gjekk inn som tidenes første kvinnelege varaordførar. Dette skapte høg temperatur i avisspaltene. Dei nye i førarsetet, frå venstre: Anne Karin Watters, Eldar Høidal, Kanutte Roald, Odd Krüger og Odd Jostein Drotninghaug.



25. september:
For mange år sidan kom ideen om ei kunstgrasbane i Hundeidvik. Prosjektet vaks seg stadig større i løpet av planleggingsprosessen, og den endelege løysinga vart ein idrettshall med blant anna kunstgrasbane, klatrevegg, område med sportsdekke og squashbane. I september kunne ein lese i Sykkylvsbladet at arbeidet var i full gang, og at dersom alt gjekk etter planen, skulle hallen kunne takast i bruk før jul.



9. oktober:
I oktober var det stiftingsmøte for ei heilt ny veneforeining, som skal jobbe for å organisere og gjennomføre arbeidet med å synleggjere arkeologiske funn i Sykkylven. Namnet vart Aura-Påls vener, og første mål er å få lagt heller der det vart gjort arkeologiske funn av ein gildehall på Aurefløten. På biletet er medlemene i styret (frå venstre): Nils Bakke, Steinar Asbjørnsen, Tor Ole Johansen (vara), Kjetil Tandstad (museumskontakt), Eldar Høidal (vara) og Ole Erling Asbjørnsen. Tor Lennart Vikstad var ikkje til stades.



Dette brevet er skrive av Hans Tomas Iversen til tanta hans heime i Sykkylven. Det gir eit spennande glimt inn i dei temmeleg barske forholda for sjøfolk under første verdskrigen.

Hans Tomas Iversen Sortebeck var fødd 13.3.1886. Han var ein eldre bror av Jens Blakstad, far til Per Blakstad, som har teke vare på dette brevet. Hans Tomas Iversen reiste ut i utanriksfart. Han snakka fleire språk og under første verdskrigen vart han sett fast i Italia mistenkt for å vere spion for tyskarane. Han busette seg seinare i Milwaukee som sjømann på dei store sjøane og reiste etter kvart til Alaska som fiskar. I 1940 hadde han eigen båt. Han vart sist sett ein kveld på veg om bord i båten sin. Ingen spor vart funne etter han.

Brevet er utlånt av Per Blakstad og Roald Solheim har skrive det av. Årbokredaksjonen har gjort enkelte språklege endringar for å gjere teksten lettare å lese.

HansTomas Iversen Sortebeck (1886–1940). Han var ein eldre bror av Jens Blakstad, far til Per Blakstad, som har teke vare på dette brevet. Bilde utlånt av Per Blakstad.



Hans Tomas Iversen Sortebeck var den eldste sonen til Iver Tomassen Blakstad (1865 -1940) og Berte Tomasine Karlsd. Kurset-gjerde, fødd 1865. Han hadde seks søsken. Det ser ut til at han ikkje brukte første namnet sitt og kalla seg Tomas. Han reiste tidleg til sjøs og busette seg etter kvart i Amerika. Familien budde i Hagen (bildet) på Svartebeek. Foto: Johan A. Aurdal.

«Verdens største spion»

Ombord i S/S Eastern Light. Den 28ende i 6tte 1920.

Kjære Tante!

For at utføre mitt løfte i mitt sidste brev, saa hitsætter jeg følgende som en av mine vigtigste oplevelser siden jeg begynte som sømand!

Under krigens aar havde vi søfolk mange besværligheder at gennemgaae. Deriblandt andet at holde mund og ikke sige noget eller at protestere i mot noget som var rangt i vores øyne. For i de krigførende magters øyne var alt rangt hvad vi nøytrale sa eller gjorde.

Ubåtkamp

Den 27. november 1916 i Middelhavet paa reise fra New Orleans til Genova i Italien. Jeg var ombord i S/S Tuculium af London. To og en halv dag eller saa fra Gibraltar, blev vi observeret av en tysk undervannsbaad. Han tenkte visst ikke at skyde paa os, men vi aabnet ild først som vi ikke hadde rett at gjøre siden vi var Kafordi-skibe.(koffardiskip: handelsskip). Tyskeren svaret etter at vi havde fyret 3 skudd. Det blev en livlig tid i 45 minutter, og vi blev ham for overlegen, saa han opgav kampen og forsvandt, men dog ikke uten nevneverdig skade på skib og legeme.

Under kampen fik jeg order til at gaa til rors som jeg øyeblikkelig adlød, siden rorsmanden var saaret. Da jeg var på vei og skulde pasere under redningsbaaten, sprang en granat over mit hode og jeg blev saaret i ryggen og begge skuldre og et lite skar undere venstre øye. Jeg fortsatte til min post, under noksaa stort blodtab, men det var ingen raad for det, siden alle andre var og betjente kanonen, saa jeg måtte staa blødende på min post i ca. 15 minutter.

Da kampen var slut fikk jeg nogen slags forbindelse og den oplysning, at capteinen hadde sett styggere saar, og ikke noget at bry sig om, som jeg fikk erfare paa hospitalet i Newport i England i 1918 og opereres, og udtages de rester som stod igjen, siden det begyndte at svulle op med blodforgift. Jeg føler mig nu udmerket bra.

Da kapteinen var noget brav i sin udtalelse ligeovenfor mig og min nationalitet, men han havde at være skamfuld over tale ondt om os, som baade hjalp dem og blødde for dem; men jeg fikk det svar at det var vores eget folk som gjorde det, så vi havde ingen anden å legge skylden paa. Det udspant sig da en hardnakket diskution, og jeg i min iver sluttet med, at engelsmanden var lige råtten som tyskeren.

Fengsel

Det blev ikke mere sagt den gang, før vi kom til Genova. 4 timer efter, at vi kom ind fikk jeg ordre om, at gaa med 2 sivilklædte mænd paa land. Det var noget jeg skulde hente, som de vilde vise mig. Vad de viste mig var, først en svær port som vi måtte ringe paa før vi kunde komme i gennem.

Da jeg var kommen ind, forstod jeg hvor jeg var henne. Jeg blev først undersøgt om jeg hadde nogen papirer av vordighet. Vad jeg hadde, var min pasport og et brev ifra Far, som blev ifra mig taget og aldri mere fik se. Saa blev jeg tilspurt om jeg var rig eller fattig og om mine foreldre var av høy byrd, saadant noget dumme spørgsmål, at det kunde faa et barn at le. Jeg vilde have at vite hvorfor jeg var i fengsel. Men det var det ingen som viste noget om. Saa jeg antog saa var gjort for den skyld at det ikke skulde komme for dagen, at vi skød først.

Jeg fikk da eget rom, noksaa pent møblert. Der var hvitkalkede murer, et vindu med en og en halv tommer jernstenger for. En graa benk opmuret med murstein. Mine sengkleder var: Til hovedpute mine sko og til tæppe en overfrakke som jeg ikke kan prise for høyt. Saaledes spendte jeg de første syv dager, men dog ikke mismodig. Bedre her eller at krige for den graadige kapitalisten. Den syvende dag blev jeg overflyttet til det store fengsel; som jeg traff mange kammerater i. Baade nordmænd, svensker og finner; men alle var lige kloge som jeg. Ingen viste hvorfor de var der.

Det henrandt 18 dager, saa kom jeg for forhørsrett, og da fikk jeg vite hvorfor jeg var i fengsel! Først, jeg havde uttalt formastelige ord lige overfor hans høyhed kapteinen og dernedst at være tysk sympatisør og i tvil om at gaa under falskt navn og nasjonalitet. Forhørsretten overgav mig til krigsretten eller en slags krigssensur eller saa noget.

Krigsrett

45 dage i fengsel, kom jeg for krigsrett med det resultat at ingen avgjørelse. Jeg blev tilspurt i flere sprog som jeg svarte i de sprog jeg kan. Jeg blev tilrådt av min sagfører, at ikke svare paa tysk: men jeg nektet at adlyde ham, for jeg havde ingen ting at frygte, siden jeg ikke havde gjort noget galt.

Jeg blev saa sendt tilbage til vores hotel, som vi kaldet det. Vi var 9 mand i en celle som var 13 fot bred og 15 fot lang. Vi laa i flatseng med natten og sat i sammenkrympet paa hver sin Madrasse om dagen. Cellen var saa liten at vi måtte skiftes om og spasere på gulvet 3 og 3 ad gangen. Men det var til italienernes store fornøyelse.

Da vi først kom ind, fikk vi 2 ration hver Dag. I pund Brød om morgningen kl.9 og omtrent 2 skjeer makaroni kl. 11 formiddag. Saa var det til efter at krigen begyndte ved Middelhavets Blokkade at vår kost blev nedsat til det halve og holdt saa til Den sidste dag av vores hotelliv.

Der var i alt 1800 i samme hotel. Deriblant mange østerrigere, men ingen tyske. Jeg havde mange besverligheter med mine kamerater angaaende forholdene i fengselet. En var syg. Han havde Kjentelopsvulming i halsen. Der var daarlige læger. Han var Indu (hindu) og var i fengselet for negtelse af vernepligt. Som du forstaar var alle engelske undersaater, spesielt ifra Indien, naar de kom til Italien eller Frankrike ikke sjelden arrestert og holdt der indtil de blev lei, og da volunterte for Fronten. Storartet folk var de allierte! De kriget for Friheden. Ja vi har faaet den nu!

Verdens største spion

Jeg maatte alltid tale for mine kamerater og jeg kom ofte i ubehageligheter selv, men det var alltid en glæde når tingen blev forbedret. Jeg fik et prægtig kjælenavn, kan du tro. De kaldte mig for verdens største spion, og der var alltid jubel.

Der var iblandt os en greker som er redaktør for en sosialistavis, han havde sagt formeget av sandheten, og derfor maatte han ind og gnage tørt brød i 6 maaneder. Vis jeg skulde skrive alt som foregikk paa den tid, saa vilde det blive en stor bog, saa jeg er nødsagen, at indskrenke mig saa meget som muligt. Der var baade halte og blinde, gamle og unge. Der var spesielt en blind, en gammel mand som var inde for at have tigget om brød. Men jeg vet ikke vor det blev av ham, siden de blev borttaget ifra oss, efter som de fikk dommer eller gikk fri.


Saa havde vi også Religion, to gange i ugen. Jeg vet ikke stort av hvad som blev sagt. Det blev lest på latinsk og forrettet paa italiensk, men som presten forklaret, saa var der ingen naade, undtagen gjennom alterets sakramente som han skulde tildele nogen strandede den samme dag.

Jeg for min del havde ingen interesse i andet eller at tælle stearinlysene som blev opsatt, og saa ringte de paa en liten handklokke ret som det var, hver gang præsten skiftet nogen slags forrættelse, saa ble det ringet og en liten gutt kom til syne, han da tog ifra præsten enten en bog eller saa, saa faldt han på kne, og kysset præstens kjortel og lagen.

Det ringet da to ganger og da kom de troende til syne. De faldt på knæ, og den Hellige Fader gav dem brød og gikk tilbake til alteret, han velsignet baaade dem og brødet. (Der var ved den siden av alteret et kors med den korsfestede paa). Saa ble det ringet igjen. Den lille viste sig igjen og bringet vinbegeret frem, mens en ældre slog i vinen. Præsten med bægeret i sin haand, vendte imot de altergaaende og drakk en god stød, saa vendte han sig imot korset og greb sig for barmen og kastet synderne paa den krossfæstede, saaledes tømte han begeret tre gange og holdt en bøn som varet en adskillig lang tid.

Korsets tegn

Naar dette var til ende, vendte han sig til sine troende igjen, og velsignet dem, saa det braget i hele tempelet. En anden gang jeg kom til kirke, var paa en helligdag. Den dagen er en mindeverdig dag for mig. Siden det skulde være en høitidspredigen, saa var der mange præster samlet. I hvert hjørne var der en statue av Jomfru Maria og ved hver av dem stod en præst.



Faksimile av brevet som Hans Tomas Iversen sende heim til tanta si i Sykkylven i 1920. (Utlånt av Per Blakstad)

Alle som gikk forbi gjorde korsets tegn; men ikke jeg; men en svenske gjorde det. Vi blev stoppet av præsten og han spurte om vi var greskkatolikker. Jeg maatte da være der igjen med nogen ord; siden min kamerat ikke forstod hvad han sagde. Jeg forklaret da, at vi var protestanter. Han gjorde bare en beklagelse med haanden til at vi kunde gaa.

Hvad som foregikk den dagen i tempelet var det same som før, undtagen det var ingen altergang. Næste dag var en gammel præst rundt med bøker; men vi fikk ingen. Alle protestanter blev efter den tid holdt tilsammen, og tildelt bare en halv time i frisk luft, de andre i 1 time. Vores første fangevokter døde den tiden vi var der. Han havde meget i mot oss protestanter. Jeg skal bemærke en ting, og si hva du synes om følgende. Ja, det er haardt at være protestant iblandt catolikker saa lenge de har nogen magt.

Kamp om brød

En dag fikk vi ingen brød. Jeg var da i en farlig position, for jeg viste, at jeg maatte være den som frembære klagene. Jeg fikk vores Suffa capa (saa kaldes den som har med alle klagemål at gjøre) som jeg fremla hvad som jeg syntes kunde være til vores interesse og om han kunde rette paa tingen. Han sendte nogen av fengselsvogterne, at hente brød. Mon tro om de folk som kalder sig for lovens haandhevere havde set den behandling som vi var gjenstand for, vilde forlange av oss loyalitet og sympati?

Det kom tilbage omtrent et dusin mænd; som skulde have moro naturligvis. Der var for vores celle, først en jerngitter dør og udenfor en trædør. Trædøren blev abnet; Der blev vist oss en kurv fuld med små brødstykker. Alle indenfor opløftet sin røst i jubel; men der var en iblandt som ikke jublet, jeg kunde se vad som vilde utspinde sig nu.

Alle udenfor kom tilsammens i en tætt klynge for at være tilskuere. Brødsmulerne blev hvelvet ut av kurven igjennom gitterverket, og ind på gulvet. Alle sammen til at kjempe for de største stykker. Udenfor stod vores ærbødige tilskuere og lo. Jeg og mine andre forsultede kamerater skulde være demses skuespillere. Kanskje de sparet teaterpengene den kvelden.

Det var ikke sjelden, at høre skrig og raab om hjelp og naade; men vi antog, at det var straff-fanger som udstod extra straff for en eller anden forseelse. Der var ingen av oss som fikk straff, undtagen en portugis og en tyrkisk jøde. De kom i ugreie den timen vi hadde frisk luft og de gikk begge ind i egen celle på 5 dage vand og brød, vi saa dem ikke mere. Da jeg kom ut, kunne jeg faa min bukse næsten 2 gange rundt livet; men nu er jeg tykk og fed igjen. Den dagen jeg kom ut gikk jeg om bord i en norsk damper for U.S.A.

Arbeideropprør

Og saa ender jeg med mit fengselsliv i Italien, blandt præster og fangevoktere. Jeg var i Italien under oprøret straks efter krigen, og da var det mange arbeidere som blev skudt. Det var under streiken, folket vilde have mere mat, men dem fikk krudt og granater i steden.

Ja saa faar jeg takke Dere for de kjære velkomne bøger som dere sendte mig. Du ved, alle de bøger som jeg kjøpte av Hansen har jeg mistet under krigen, saa nu har jeg ikke noget godt læsestoff. Jeg vilde ønske om du sendte mig nogen bøger som du tror kunde være best. Jeg betaler saa snart jeg kommer over igjen. Adressen ved du; men hvad tid vi blir tilbake kan jeg ikke si endnu.

I dag er det lørdag og tirsdag er vi i havn viss alt gaar som det har til denne tid. Jeg har skrevet dette paa to kvelder som du kan se paa skriften, for jeg kunde ikke finde min egen pen den første kveld. Jeg har vært sammens med en del gutter ifra Milwaukee i Brooklyn og en er om-bord her nu, jeg skaffet ham plads. Du kjender ham, jeg skal hilse.

Ja, nu faar jeg vel slutte for denne gang med min skrivelse og saa faar dere leve og være hilset ifra Hans Th. Iversen.

P.S. Dere maa hilse lille Josef. Jeg haaber han er frisk og bliver stor og sterk som den beste. Sig til ham at jeg har nettopp arbeidet ramme til hans fotografi og hengt over min seng.

D.S.

Sig mig hvor meget koster det, at gaae et kurs i Bibelskole? Jeg har stor lyst at lære noget mere; men jeg har ikke opgjort min mening om vad det skal være.

Lev Vel



Jostein Fet, fødd 1924 i Sykkylven, er litteraturhistoriker og litteratursosiolog. Han arbeidde som dosent ved Høgskulen i Volda fram til han vart pensjonist. Etter at han nådde pensjonsalderen har han arbeidd som fri forskar. Han har særlig forska på lese- og skrivekunnskapen hos norske bønder frå 1600 til 1850. Han har også gjort mykje for folkemusikken i Møre og Romsdal.

FISKANE I FITJAVATNET – ei inndeling etter gammal tradisjon

Av Jostein Fet

Mange av fiskane i Fitjavatnet vart i tidlegare tider rangert etter storleik og ikkje etter art. Sil, ma, tindaure og sjøbyrting er nemningar som er i ferd med å gå i gløymeboka. Her kjem ei oppfrisking.

For det første: Eg held på den eldgamle genitivs-forma Fitja-, ei form som går attende til norrønt Fitjar. *Fitjavatnet* ligg mellom inste enden av Sykkylvsfjorden og Fet, som er nedste garden i Velledalen. Det er eit svært fiskerikt vatn, ikkje særleg djupt, 22 meter på det djupaste. Dei første tusenåra etter istida gjekk fjorden fram over dei låge flatene på Fet, Dravlaus og Velle. Enno kan vi finne skjelgar ute i Storsteinvikane i Fitjavatnet.

Røyr og ål

Meininga med denne vesle artikkelen er å berge ein tradisjon som no held på å gå or minnet. I min ungdom og tidlegare òg vart mest all fisk i Fitjavatnet rangert etter *lengd*, nokre få etter *vekt*. Så vidt eg veit, høyrer alle fiskane i rekkja til laksefiskane, bortsett frå tindaure og ål. Også *røyra* held eg utanfor, jamvel om ho høyrer til laksefiskane og visstnok var den første ferskvassfiskens som innvandra i Noreg etter istida. Bokmålsordet er røye. Sjølve namnet er avleidd av dei raudgylne fargane på fisken. Røyra vandrar mellom ferskvatn og saltvatn liksom laks og sjøaure, men held seg mest i nordlege farvatn, av den grunn kalla polarrøyr. Til Fitjavatnet kom røyra berre med ujamne mellomrom i min barndom. Eg hugsar godt første gongen vi opplevde eit innsig av skikkeleg polarrøyr, stor og praktfull og utruleg biteviljug. Vi kunne ligge i båt og pilke etter røyra som vi såg aula nede på botnen. Etter kvart vart røyra verande i vatnet og vart mindre og bleikare i léten år for år.

Heller ikkje *ålen* er med i den lange rekkja av fisk som vi graderte etter storleik. Men ålen spela ei

viktig rolle i tankelivet åt oss gutungane. Han var ein fisk vi aldri vart retteleg klok på. Ålen heldt seg mest nede i djupet, men like fullt kunne ein treffe på ål i graset når vatnet flødde fram over markene åt Nybø, som var den garden som låg lægst ved vatnet. Ålen trong liksom ikkje surstoff. Han vasa saman linene til dei låg i ein floke. Då var det å vikle han ut, men sleip og ufjelg var han og umogleg å halde, viss du ikkje kunne *åletaket*. Den einaste måten å halde ein ål på, var å ta han i klypa mellom langfingeren øvst og peikefingeren og ringfingeren nedst, og knipe til. Då sat han som i ei skruestikke. Men rensa vi han, så var han ein retteleg god steikefisk, altfor feit forresten.

Først ei lita språkleg rettleiing når det gjeld lista nedanfor. Den normaliserte skriftforma kjem først, så uttalen i sykkylvs målet som eg set i klammer. *Lang vokal* markerer eg med kolon, som i [si:l]. Etter hankjønnsord set eg *m* (maskulinum), etter hokjønnsord *f* (femininum), etter inkjekjønnsord *n* (neutrum). I oppritinga nedanfor byrjar eg med dei aller minste og går stegvis oppover rangstigen.



Fisketur på Fitjavatne er populært, både for gammal og ung. Foto: Ole Jostein Fet.

Sil [si:l] m

Desse stimane av knøttsmå fisk som pilte rundt steinane langs land, var truleg rett og slett ørsmå fiskeyngel. Silen kunne vel vere ei 3–4 cm lang. Men i ordbøkene blir sil definert som ein eigen slags fisk. I Aasens ordbok står det «Tobiis, en liden Fisk (Ammodytes Tobianus). Nordl.» Norsk ordbok (NO) har heller ikkje sil i den tyding som ordet har i Sykkylven, nemleg fiskeyngel, men definerer sil som ein «åleforma sjøfisk av familien ammodytidae; tobis». Men for oss gutungane på Fet var sil ikkje ein sjøfisk, men ein ferskvassfisk. Både Aasen og NO ser ut til å ha nemninga sil frå faglitteraturen, ikkje frå målførematerialet. Sil tevlar med ma (nedanfor) om å vere den aller minste av fiskane i Fitjavatnet.

Mad [ma:] n

Som oppslagsform brukar Ivar Aasen, som ofte elles, ei form frå Søre Sunnmøre og skriv mad med d. På Nøre Sunnmøre og i sykkylvsmålet er d-en stum, vi seier eit ma.

Kor stort var eit ma? Så vidt eg minnest, var det litt større enn ein sil, men ofte kunne vi bruke ma og sil omkvarandre om desse ørsmå fiskane som hadde funne seg livd inne mellom steinane i vasskanten. Eg skriv ikkje *fjōra*, det høyrer sjøen til, jamvel om det no og då, på stavstilt vatn, kunne kome ei 15 cm høg bære utanfrå, som minte om fronten av ei flo. Det var som ei helsing frå Sykkylvsfjorden.

Tindauré m

Tindauréen blir sjeldan over 5 cm. Somme vil vel

stusse over at eg skriv *auré* med trong é og trykk på siste staving, når skriftforma er aure som i gardsnamnet Aure. Men det var auré vi sa i 1930-åra, og slik sa dei gamle det òg. Historisk sett kjem auré av gammalnorsk *aurriði*, fisken som rid på auren i gytetida. Det er sisteleddet *-ré* som speglar av endinga *-riði*, men utan at d er med, slik det er vanleg i sykkylvsmålet etter høge vokalar. I austlandsforma *ørret*, som er ei dansk-norsk form, går siste leddet *-ret* attende til *-riði*. NO fører også opp målføreforma tindaue frå Sykkylven, eit namn som eg må vedgå eg ikkje har høyr. Ho er heller ikkje oppført i *Ord og uttrykk i Sykkylven*.

I faglitteraturen heiter tindauré vanlegvis *stingsild*, sjølv om ho ikkje har noko med sild å gjere. Stingsilda er ein ferskvassfisk som kom til landet etter istida. Til vern mot fiendar har arten utvikla piggar på ryggen, og eg hugsar vi smågutane kvidde oss for å ta i ein tindauré. Men laksen bryr seg visst ikkje om desse piggane og fråsar i stingsild, særleg den arten som lever i Østersjøen, som kan bli 11 cm og har ni piggar. Den nipigga stingsilda finst også på Austlandet og i Finnmark. Tindauréen i Fitjavatnet har tre piggar, som er det vanlege på Vestlandet.

Kræ, småkræ

På Søre Sunnmøre heiter det *kræde*, og det er også oppslagsordet i Aasens ordbok. *Kræ* kan seiast å vere eit kollektivord. Kræ var fisk i mange forskjellige storleikar, frå stølakræ til garnkræ. Kræene tek farge etter omgivnadene sine, difor kan ein somtid lure på om dei høyrer til same arten. Det er stor skilnad på dei svarte småkræene i Svartemyrgrova oppe i Åragjerdet på Fet og dei blanke sjøkræene i Fitjavatnet. Men dei høyrer til same arten, etter som eg forstår.

Stølakræ

er eit namn som eg ikkje finn i Ivar Aasens ordbok. Stølakræ er ung lakseyngel på 12–16 cm som har vore i elva ei par års tid etter at dei arbeidde seg ut av grusen og byrja leve av smådyr. Før yngelen fer til havs, er han lett å kjenne på «fingermerka» eller «lekkja» attover ryggen, som vi kalla *støla* (stølar), og som utgjer første leddet i stølakræ. *Støl* m tyder eit ledd, som i *stølebelte* (Vestlandet) eller *støleband*. Eit støleband brukte dei når dei skulle måle høgda eller bulen på ein hest. Stølar i denne samanheng blir brukt om lag som *stolpar*. Men forma *støla-* kan ha med gammalnorsk *stöðull* (> støl) å gjere, som tyder ein stad der krøtera «står».

Stølakræ skulle då tyde småfisk som «står» i elva.

Som gutungar fiska vi stølakræ i Storelva i mengdevis. Sin laksenatur viste dei ved å drage og renne som om dei var mange gonger større. Det var vel det som gjorde det moro å fiske stølakræ for gutahynar. Ein gong fekk eg på land førti stølakræ, hugsar eg. Lite tenkte eg over at dei burde ha fått reise til havs og kome att som fullvakse laks.

Etter to-tre år stikk lakseyngelen til havs. Så vidt eg forstår, er det på dette stadiet at han blir kalla smolt innanfor oppdrettsnæringa.

Sjøbyrting

Ein sjøbyrting var 25–30 cm lang og er ein blank laksefisk. Namnet høver godt, for ein byrting tyder eit lyn, ein elding. Som all laksefisk er dei utruleg spreke, og det blenkte og lynte i vatnet når du hadde fått ein sjøbyrting på lina. Ordet blir brukt mange stader på Vestlandet, dessutan i Nordland.

Sjøkræ

er større enn sjøbyrting, kanskje nærare 40 cm. Eg må atter minne om at eg ikkje sorterer fiskane etter art og slag, men etter *lengd*. Så sjøkræene som sprala over båtripa kunne godt vere sjøauré. Laks og sjøauré er to forskjellige artar.

Garnkræ [ga:njkræ]

Garnkræene er så store at dei set seg fast i garn, dei smett ikkje gjennom mauskane. Dei ligg på rundt halvmeteren, og kan vel vere kilosfisk. Ikkje alle garnkræene var blanke. Eg hugsar vi fekk ei garnkræ på line ein gong, ho var gulbrun på let, rund og god. Ho kom altså ikkje frå havet, men hadde stått i vatnet over vinteren, sidan ho hadde den fargen. Var der garnkræ på lina, kunne ein merke det på lang avstand, korkene var ikkje å sjå, dei låg langt nede i vatnet av tyngda. Etter kvart som båten nærma seg, vart lina dregen tungt mot djupet og linedragaren gav kvasse kommandoar: «Ikkje skut sonn! Te venstre, te venstre!»

Auré

er ikkje berre namnet på ein fiskesort, men var også brukt om ein fisk som i storleik kom mellom garnkræ og pjakk. Som nemnt under *tindauré* ovanfor, går auré attende til gammalnorsk *aurriði*.

Pjakk

var neste steget på stigen, mellom auré og laks i storleik. Ivar Aasen skriv at ordet pjakk er brukt på Sunnmøre og fleire stader på Vestlandet. Andre

nemningar er *tart*, som også er kjent i gammalnorsk, og *svele*, som på Sunnmøre har fått ei heilt anna tyding. På Ivar Aasens tid heitte ei svele *svelkake*.

Ordet pjakk er nærskyld nemningar som *pjokk* og svensk *pojke*, som blir brukt om ein smågut. Pjakk tyder altså ein laks i gutedalderen. Lengda kunne variere, i mine gutedagar brukte vi helst *vekta* som mål. Vi rekna med at ein fisk var pjakk når han kom opp i 3 kg. Kom han over det, heldt vi han for å vere laks, i alle fall når vi fortalde om ein fisk vi hadde mist.

Laks

Heller ikkje laksen kunne vi vurdere etter lengd, til det varierte ho for mykje i høve til vekta. Vekta på laks rekna vi frå 3–4 kg og oppover. Det har utvikla seg ein heil vitskap om laksen. Laksen i Fitjavatnet kan kallast ein standardlaks, med eit harmonisk høve mellom lengd og vekt. Elles kan forma og vekta variere frå vassdrag til vassdrag. Den stadi-eigne laksen i Vossaelva og Mandalselva er stutt og lubben, i Naumdøla kan han vekse til kjempelaks. I Vänern og dei store amerikanske og kanadiske innsjøane går laksen ikkje til havs, men held seg heime. Desse innsjøane er så store at laksen oppfattar dei som hav.

Den største laksen som eg veit om vart teken i Fitjavassdraget, vart ikkje fiska eller fanga, men dessverre stukken med ljøster i Armosahylen i Storelva nedanfor Fitjabruna. Han vog 22 kg. Når ein veit at laksen som kjem inn frå havet, misser opptil 40 % av vekta i gytetida, kan laksen i Armosahylen ha vege over 30 kg.

Laksesticking var ein sport for gutar i framslengsalderen som var ute etter spenning i haustmørke kveldar. Vi stod ute i kveldsmørkret og speida etter ljøsglimt langs elva. Oppdaga vi det, visste vi at einkvan var ute og lyste etter laks med karbidlykt. Laksen hadde det nemleg med det at han vart ståande still i lykteskinet, som om han trudde det var solskin. Slik stod han lagleg til for ljøstra. Ljøstring etter laks var ein arv frå gamletida då folk måtte utnytte alle matkjelder. Eg hugsar at den første som refsa oss for denne sporten, var tannlege Fredrik Drabløs. Han var sjølv ein ivrig sportsfiskar og såg verdien i at laksen fekk gyte i fred slik at der kunne bli tilvekst av ungfisk i elva.

Tradisjonsrekkja ovanfor viser korleis folk systematiserte ferskvassfisken utan å vere biologar. Ho formidlar også gammalt språkstoff som delvis er ukjent i dag.



Folk langs Fitjavatnet hadde eigne namn på dei ulike år-gangane av laksefiskane som ein fekk i vatnet. Foto: Ole Jostein Fet.



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er tidlegare journalist i Sunnmørsposten og er no avdelingsleiar i Stiftinga Sunnmøre Museum med ansvar for Møbelmuseet i Sykkylven. Han er redaktør av Årbok for Sykkylven.

Siesta i femti år

Av Kjetil Tandstad

Siesta-stolen frå Sykkylven var eitt av mange eksempel på at nytenking er ein føresetnad for kommersiell suksess. På sekstitalet rydda den nyskapande stolen veg for norsk møbel-eksport. Etter femti år er stolen framleis aktuell og i produksjon.

Trass i eit femtital ulike modellar og ein mannsalder trygt plassert blant dei fremste av norske designarar, er og blir Siesta-stolen hovudverket til møbeldesignaren og sykkylvingen Ingmar Relling (1920–2002). Med denne stolen skapte han eit produkt med tidlaus design som også var banebrytande både når det galt konstruksjon og produksjonsteknikk.

Profesjonell

Han kom inn i bransjen heilt i starten av den tida då profesjonell formgivning var i ferd med å vinne seg plass i norsk møbelindustri. I motsetning til designarar flest, levde han i tett kontakt med dei som skulle produsere stolen. Han hadde djup kunnskap



Ingmar Relling i ein Siesta. Både designaren og stolen verka som døropnar for norsk møbleeksport. Foto utlånt av Knut Relling.

både om nye materialar og kva som måtte til for å skape eit produkt som kunne masseproduserast på ein effektiv måte. Denne erfaringa kombinert med sterk formsans, høgare designutdanning og kontaktar i hovudstadsmiljøet gav han ein plass heilt i toppen av norsk industridesign.

Dei første industrimøblane var gjerne teikna av dei som laga dei. På sekstitalet kom dei profesjonelle designarane inn. Vel hadde ein hatt arkitektteikna møblar tidlegare. Når ein herskapeleg villa skulle teiknast, ga arkitektane gjerne form til møblar og anna inventar i same slengen. Eit nært eksempel er jugendhusa i Ålesund, med jugendstil-møblar i same stil.

Arkitektteikna møblar bygde av snikkarmeistrar var til sals i dei eksklusive møbelbutikkane i hovudstaden. Den veksande møbelindustrien vende seg til ei langt breiare kundegruppe, men det skulle gå mange tiår før dei såg behovet for profesjonell designhjelp. Ved Statens kunst- og håndverksskole i Oslo var interiør ein del av arkitektutdanninga, men kontakten med møbelindustrien, som i stor grad låg på Sunnmøre, var nesten ikkje-eksisterande før og under krigen. Både den geografiske og kulturelle avstanden var stor mellom møbelpraktikarane i vest og dei akademisk skulerte interiørarkitektane i hovudstaden.

Adolf Relling var første av Relling-brørne i Sykkylven som reiste til hovudstaden for å lære møbeldesign. Sykkylven var enno ein klassisk landbrukskommune, men mindre industriverksemder voks opp rundt om i kommunen. Som ein av svært få i sitt miljø skaffa Adolf Relling seg utdanning – endå sjeldnare var det å studere til interiørarkitekt ved kunst- og håndverksskolen i Oslo.

Etter eksamen starta han Rastad og Relling Tegnekontor i 1943 saman med studiekameraten Rolf Rastad. Teiknekontoret deira skulle raskt bli eit sentrum for designutvikling i hovudstaden. Kontoret dreiv regelrett talentspeiding og knytte



Det aller første bildet av ein Siesta. Foto utlånt av Knut Relling.

til seg dyktige folk som seinare skulle gjere seg sterkt bemerkta i norsk møbelindustri. Eksempel er Fredrik Kayser, Sigurd Resell, Arne Halvorsen – og også Ingmar Relling.

Akantus

Ingmar Relling hadde frå han var 16 år hatt arbeid ved Vestlandske Møbelfabrikk. Han fekk raskt jobben med å skjere akantusrankar på stas-møblane og la for dagen eit uvanleg talent for lett og naturleg linjeføring. Ein av dei som såg talentet, var broren Adolf, som overtalte han til å kome etter til Oslo.

Ingmar Relling søkte Kunst- og Håndverkskolen, avdeling for møbel og innreiingsarkitektur, og fekk plass. Studiet var leia av den kjende arkitekten og funksjonalisten Arne Korsmo. Hans designsyn skulle få mykje å seie for den unge Ingmar Relling. Arne Korsmo sto i kontakt med internasjonalt leiande arkitektar og formgivarar som Walter Gropius, Mies van der Rohe, Frank Lloyd Wright og Jörn Utzon. På sin medrivande måte overrisla Arne Korsmo studentane sine med internasjonale impulsar og funksjonalistiske idear. Etter diplomeksamen i 1947 fekk Ingmar Relling tilbod om jobb som assistent ved Rastad & Relling Tegnekontor. Her fekk han vere med på ei rekkje prestisjeoppdrag, blant anna innreiing av Hotell Bristol i Oslo, Hotel Alexandra i Molde og kongeskipet Norge.

Masseproduksjon

I 1950 flytta Ingmar Relling heim til Sykkylven. Flyttinga kom i stand delvis av familiegrunnar, men

det skulle også vise seg å verte eit avgjerande fagleg steg. Dei akademisk utdanna arkitektane hang framleis att i handverkstradisjonen. Samarbeid med ei industribedrift stilte heilt andre krav til designaren. Det var ikkje nok berre å teikne ein vakker stol og overlate dei praktiske problema til snikkaren. Industrien hadde behov for møblar som var konstruerte for masseproduksjon. Det skulle vere minst mogleg materialforbruk og dei burde også vere enkle å frakte. Dei måtte heller ikkje vere dyre. Industrimøblane vart laga for vanleg folk, som var nøydd til å snu på krona på ein heilt annan måte enn dei som kjøpte sine møblar hos snikkarmeistrane i byen.

Ingmar Relling var 30 år då han flytta tilbake. Frå Oslo hadde han ei solid fagutdanning og allsidig praksis ved teiknekontoret. Den doble erfaringsbakgrunnen skulle få mykje å seie. Etter åra på golvet visste han kva maskinparken kunne gjere og kvar flaskehalsane oppstod. Slik kunne han teikne produkt som var skreddarsydd for industriell produksjon. Han hadde tillit i fabrikk og var mottakeleg for innspel frå arbeidarane på golvet. Alle visste at han også hadde ein sterk fagleg integritet. Han var ikkje den som gjekk med på faglege kompromiss og endringar dersom det var fare for at det ville svekke sluttproduktet.

Dei første ti åra etter at han flytta tilbake til Sunnmøre er Ingmar Relling først og fremst interiørarkitekt, som han var utdanna til. Møbel-



Ingmar Rellings armstol frå 1957. Foto utlånt av Knut Relling.



Ingmar Rellings Manta frå 1981. Foto utlånt av Knut Relling.

design var berre ei tilleggsverksemd. Dei første åra delte han seg mellom Vestlandske Møbel-fabrikk og kontoret til interiørarkitekten K.J. Måseide i Ålesund. Etter nokre år starta Ingmar Relling eiga verksemd og opna studio i Sykkylven. Han hadde tett kontakt med Vestlandske Møbel-fabrikk og med disponenten Fritjof Fredriksen, som var svogeren hans. Men han ville likevel vere uavhengig designar og fri til å selje sine tenester til ulike produksjonsmiljø. Dei første åra var han omtrent åleine som møbeldesignar på Sunnmøre. Kullkameraten Arnt Lande, som var tilsett ved Stokke fabrikk, var unntaket som bekrefta regelen.

Fleksibelt

Frå 1960 skaper han seg ein eigensjølvtendig designprofil i tett kontakt med møbelindustrien lokalt. Han orienterer seg mot ein brei marknad – møblar for folk flest. Han teikna møblar for små husvære og la vekt på fleksible løysingar. Stova skulle kunne vere opphaldsrom, arbeidsstad og soverom. Sofaen skulle kunne vere både benk og seng. Suppleringsmøblar skulle ta liten plass og skulle kunne stuast vekk. Industrialisering av møbelproduksjonen var løysinga. Masseproduksjon vart ein del av kvalitetsomgrepet og skulle samtidig redusere prisane og gjere gode møblar tilgjengeleg for alle.

Sunnmøre var ein utkant i miljøet då han flytta heim i 1950. I løpet av dei neste 20–30 åra hadde Sunnmøre blitt eit sentrum for møbeldesign.

Ingmar Relling sto heile tida sentralt i denne utviklinga, skriv designhistorikaren Fredrik Wildhagen i boka boka Møbeldesigneren Ingmar Relling i perspektiv (1991).

Møblane han skapte i åra framover mot sitt hovudverk Siesta fortel litt om kva veg han gjekk. Han var rask å ta i bruk moderne materialar. Han var ikkje glad i pynt og detaljar som ikkje var naudsynte. Han søkte det enkle. Han var sterkt oppteken av at industrialiseringa ikkje skulle gå ut over kvaliteten på møblane. Eg har alltid prøvd å setje ærlegdom høgst, oppsummerte han seint i livet.

Som møbeldesignar prøvde han seg fram med nye materialar og konstruksjonar. Han byrja forsiktig og tradisjonelt, men søkte mot det moderne. Her er møblane som leia fram til suksessen Siesta.

420-modellen (1949): Var den første stolen han ga form for Vestlandske Møbelfabrikk. Ein enkel karmstol i heiltre, med eit enkelt stoppa sete og rygg med open ramme. Stolen var tradisjonell i forma, men likevel rasjonelt bygd opp og mogleg å produsere industrielt.

Nordic (1954): Her ser vi ein sjølvstendig møbelarkitekt i sving: Stolen er samansett av to lause og uavhengige delar – som det er mogleg å ta frå kvarandre rygg og sete. På denne måten kan stolen stuast vekk utan at han tek mykje plass. I denne stolen brukte han det nye skummaterialet for første gong. Skumprodukt hadde blitt lansert av Porolon AS i Vegsund året før. Dei elegante og svakt krumma beina i heiltre har eit tydeleg handverksuttrykk, men dei reine linene og den enkle konstruksjonen peikar også framover mot industriell produksjon

Junior (1954): Også ein enkel stol, men mykje meir moderne i forma enn 420-stolen frå 1949. Ein kan sjå sterk inspirasjon frå danske handverksmøblar, som Finn Juhls Høvdingestol og Stolen av Hans Wegner.

Combina (1962): Eit møbleringssystem frå Ekornes basert på modular med benk, høge og låge bord og hyllesystem. Utgangspunktet var å skape det enklaste og rimelegaste benkesystemet. Det vart lagt vekt på rasjonell produksjon og god utnytting av materialane. Møbelserien var opphavleg mest tenkt til hytta, men blei i stor grad teke i bruk i daglegstovene og enda etter nokre år på ungdomsrommet eller studenthybelen. Pollux (1965): Denne skinnsofaen for Hjellegjerde med lause vendbare puter vart ein suksess. Også ryggputa er laus og vendbar. Pollux er eit godt

Siesta vart følgt opp av mange nyskapande modellar. Cox frå 1974 er ein av dei. Foto utlånt av Knut Relling.

eksempel på at bruken av skumgummi, og seinare skumplast, revolusjonerte møbelproduksjonen og varsla også meir bruk av skinn i møblar.

Siesta (1965): Med Siesta samla Ingmar Relling si erfaring, sine kunnskapar og sin formsans i eitt produkt som skulle bli hans fremste verk. Her var nesten alt nyskapande: Den slanke fjørande ramma i laminert tre. Seglduken som var spent opp mellom dei berande elementa og spent opp med snorer i utsparringar i treverket gav maritime assosiasjonar. Laus pute i sete og rygg, gjerne i skinn. Å veksle mellom ulike puter, kunne gi stor variasjon. Stolen var lett, luftig og var lett å halde rein. Og den kunne flatpakkast. I staden for tunge tradisjonelle møblane som vanlegvis vart sendt av garde på båt og bil, kunne siestaen sendast i ei lita kasse. Monteringa var så enkel av at alle kunne greie det.

Det var noko som skjedde i norsk design første halvdel av sekstialet. To designarar står sentralt. Det var Sven Ivar Dysthe med sin Laminette frå Møre Lenestolfabrikk i Ørsta og det var Ingmar Relling og hans Siesta frå Vestlandske.

Begge stolane vart til som forslag til møbelkonkurransar. Siestaen var eit direkte resultat av bransjerådets tredje konkurranse utlyst i 1964 og der Ingmar Relling fekk førsteprisen.

I grunnleggjeringa for Bransjerådet sin konkurranse, heiter det at Siesta var ein original stol som ikkje likna på andre. Juryen rosa stolen for dei mange måtane det var mogleg å variere den på og den spesielle sitjekomforten. Stolen fekk også ros for å utnytte fortrinna ved laminert tre og juryen meinte at Ingmar Relling hadde greidd å sameine eit estetisk uttrykk med ein gjennomført mekanisert og lite handverksintensiv produksjonsmetode.

«Siesta er ein attraktiv stol, grasjøs i sin utforming og vel gjennomtenkt i detaljane», sa juryen i Norsk Designcentrum då dei tildelte



Siesta sin designpris i 1966. «Trass i maskiner og rasjonalitet, økonomisering og fravær av forskjønning detaljer i form framstår Siesta som en overbevisende vakker stol, like behagelig for øyet som for kroppen. Beskrivelsen av Siesta er samtidig en beskrivelse av det skønne uttrykk som industrimøbel. Maskinen har verken vilje til det stygge eller det vakre. Hvis mulighetene utnyttes, kan imidlertid maskinene bringes til å gi form til det vakre – som i tilfellet Siesta, det er mennesket som bestemmer om det skal bli stygt eller pent, godt eller dårlig, filosoferer designhistorikaren Fredrik Wildhagen.

Var det dei nye moglegheitene som lamineringsteknologien og mekaniseringa av produksjonen som fekk han til å arbeide fram eit moderne industrimøbel? Nei, svara Wildhagen ganske bestemt. Ingmar Relling var først og fremst oppteken av å finne ut ein måte å få stolen til å ta underlaget på ein spenstig og fjørande måte. I staden for å gå vidare med den industrialiseringsprosessen som han hadde gjennomført fram mot Combina og Bonus, var Siesta ein freistnad på å løyse eit problem som han tidlegare ikkje hadde greidd å løyse: Å skape ein stol med spenst og fjøring.

For å oppnå dette valde han først flatstål som materiale i stolen. Då han hadde besøk av broren Adolf i 1965, blei dei sitjande å diskutere utover kvelden. Prøv å bruke laminert tre, var rådet frå broren. Ingmar prøvde ut materialet og vart overtydd. Kort tid etterpå satsa han fullt og heilt på laminat.

Frå då av fall faktorane på plass: Forma gav seg nesten sjølv. Ved å bruke laminering kunne han byggje Siesta med eit minimum av komponentar. To like laminatvargar, i rygg, to like i sete pluss toppbøyle, setebøyle og ei midtsprosse. Treverket hadde utsparingar til å feste seglduken i. Laminattreet gav fin svikt både i rygg og stolbein.

– Den avgjerande impulsen til å fornye ei sjølvstendig norsk møbellinje kom ikkje på grunn av møbelindustrien, men nesten på trass av den – eller altså ved eit tilfelle, meinte Fredrik Wildhagen. Fornyinga kom ikkje frå industrien. Det var Ingmar Rellings sjølvstendige søk etter ei løysing på eit problem - korleis få til den fjørande stolen – som var den viktigaste impulsen. «Resultatet er så godt at vi har gøymt det på loftet slik at ingen skal få sjå det», sa Fritjof Fredriksen ved Vestlandske Møbelfabrikk på eit styremøte i Westnøa i 1965. Også den smålåtn Ingmar Relling var nøgd: Er der forslag som er betre enn dette, skal

det mykje til», sa han til kona då han sende Siesta inn til konkurransen.

Siesta vart ein suksess frå første stund: I 1966 vart det produsert 2000 stolar. Året etter: 22.000. I dei første 25 åra vart i gjennomsnitt produsert 25.000 stolar kvart år. 70 prosent gjekk til eksport. Blant kundane var dåverande USA-president Jimmy Carter. Han kjøpte inn 16 Siesta-stolar til Det Kvite Hus. Fram til 1992 vart det produsert 640.000 Siesta-stolar. I dag er det selt rundt ein million.

Trass i ein lang og omfattande produksjon og ei lang rekkje med nyskapande modellar: Siesta er og blir Ingmar Rellings hovudverk. Ingmar Relling heldt fram med å forfølge sine idear også etter Siesta-suksessen. I heile sin karriere hadde han eit overordna mål for arbeidet sitt. Han skulle bringe fram produkt som skulle vere til nytte og bruk for vanlege menneske i deira daglege liv.

Ingmar Rellings livsverk

Stol 420 (1949) Vestlandske
Nordic (1954) Vestlandske
Junior (1957) Vestlandske
Senior (1957) Vestlandske
Stol nr 60 (1960) Vestlandske
Prototype Grethe (1960) Vestlandske
Base (1960) Vestlandske
Blomsterbord (1960) Kvalitetsmøbler
Nytti-serien (1962) Br. Blindheim
Edelbordet (1962) Br. Blindheim
Prototype (1964) Tennfjord Møbelfabrikk
Furustol (1964) Tennfjord Møbelfabrikk
Pollux (1965) Hjellegjerde
Siesta (1965) Vestlandske
Siesta junior (1965)
Stolseng (1969) Vestlandske
Flex (1972) Vestlandske
Fjordstol (1973) Vestlandske
Tema (1973) Vestlandske
Public prototype
Cox (1974) Vestlandske
Ringo (1975) Vestlandske
Element (1975) Vestlandske
Orbit m/krakk (1976)

Lido (1978) Vestlandske
Nord m/ krakk (1978) Vestlandske
Manta (1981) Vestlandske
Flamingo (1982) Br. Bjørnsen
Workshop prototype
Rest (1983)
Prior m/bord (1983)
Zig Zag (1985)
Accord (1986) Blindheim Møbler
Trigon (1985) Blindheim Møbler
Twin (1986) Hjellegjerde
Nobel stablestol (1988) Vestlandske
Rest/Lux (1988)
Optima Lux m/Gasell (1988) Vestlandske
Prototype (1989)
Hev/senkbart bord prototype (1989)
Klaffebord (1989)
Prototype (1990)
Workshop prototype
Uttrekssofa – prototype (1990)
Prototype (1991)
Crosso Vestlandske
Crosso m /arm (1990)
Gasell (1991) Vestlandske
Karmstol - prototype (1991)



Eivind Nyborg, fødd 1947, er utdanna maskiningeniør og har arbeidd på viftefabrikken Nyborg, som faren starta i 1948 og som han er medeigar i. Han er historieinteressert og ein ivrig korsongar.

Siste heimreise frå Amerika

Av Eivind Nyborg

Farfar min, Edvard Langlo, seinare Nyborg, fødd på Stranda 16. mai 1878, var i Amerika i tre periodar. Fyrste turen gjekk til fetteren i Santa Barbara i California i 1898. Her jobba han på fruktfarm, seinare reiste han til Klondike og gullgraving hjå svograne sine, Peter og Rasmus Emdal. Han kom heim til Stranda i 1902, gifte seg med Karen Emdal og flytta til Sykkylven og kjøpte plassen Nyborg av Bernt Kjemphol.

I februar 1908 drog han til Silverton, Colorado og jobba på ei gruvemølle, som i daglegtale bar namnet The Iowa Tiger. Han drog heim i 1915, og bygde nytt våningshus på garden, det som i dag er heimen til syster mi, Bjørg og Hermann Starheimsæter. I okt. 2008 reiste eg og kona mi, Norunn, til Silverton, eitt hundre år etter, for å leite etter «stigar og fotefar» etter Edvard. Opplevingane frå denne turen var eg så heldig å få fortelje om i Årboka for 2009.

I 1924 ba Edvard kona si om han kunne få reise til Amerika ein gong til. Du skal få vite det om ein dag eller to, svara ho. Han drog til Juneau, Alaska der han arbeidde i vaskeriet på Juneau Alaska Gold Mining Co. Seinare vart han formann i ei anna avdeling. Edvard vart sjuk av steinstøvet, og reiste heim for godt i 1929. Frå denne heimreisa, etterlet Edvard seg eit reisebrev om alle opplevingane der. Reisebrevet fann vi, ja nettopp i ei Amerika-kiste, ei tid etter han døydde, 28. mai 1957 og eg har teke med noko av det eg meiner har allmenn interesse. (Det er gjort mindre endringar i ortografi og teiknsetting.)

Juneau, den 4de Juni 1929

D/S Princess Louise, June 4th 1929

Ja, nu er jeg om bord Louise og på reise tilbake til gamle Norge. Og naar jeg tog farvel med Juneau og kjente, so rørtest mit bryst, og blot hviske jeg kunde. Jeg var so heldig og faa plas paa øverste



Breva heim fortel om eit varmt vennskap mellom ektefellene Edvard og Karen Nyborg. Foto utlånt av Eivind Nyborg.

dæk, og rom alene. Det er fine rom med elektrisk vifte og aller fineste utstyr som en kan optenke. Ja, medens jeg sidder her og skriver disse linjer, so forsvinder Juneau i horisonten, og jeg maa tilstaa at taarerne rinder frit naar jeg tenker paa kur god Gud har været mod mig hele tiden. Ja, farvel Alaska, farvel Juneau og tak for alt godt dere har gjort mot mig. Farvel.

Ketchikan June 5th 1929.

Ja, nu er jeg i fiskerbyen Ketchikan, og har yperle fint veir, og er paa et meget fint humør. Var op i byen og saag paa livet der. Ja, der var forresten stilt og role. Var so heldig og træffe en gammel bekjent, Andrew Langlo. Ja, forresten en liden fin, role by, men har ikke noen fremtid for sig, det er kun fiskeri og en sagmølle som holder den oppe. Dermed so gikk jeg om bord, og sa good-bye til byen og de derværende. So fortsatte vi reisen til næste by med haab om å faa se lit mer.

Prince Rupert June 5th 1929.

Ja, nu er vi i byen Prince Rupert som er den lengst mot nord i B.C. (British Columbia)



«D/S Princess Louise» som Edvard Nyborg tok til Vancouver. «Jeg fordriver tiden med å spasere paa prominadedæk og beskue landskapet, det er min største lyst».

Tog en bil op i byen og besaag hele byen. Forresten ikke verst by, den har en stor fremtid for sig, og er den største nu her mod nord. Her gaar Canadas første jernbane-veg hit ut. Og en mengde kveite blir skjipa her ifra ind i landet til salgsstederne i Canada og U.S. Ja, netop nu siger vi farvel til denne plas, og fortsætter til Vancouver B.C., og med godt haab om at komme fram i ret tid.

D/S Princess Louise June 6th 1929.

Netop kom ut fra spisesalongen, og har tat ind en meget god frokost. Ja, du kan tro her er førsteklases mat, her om bord, en kan næsten være nødd å spise for meget. Og hva baaten angaar, so er det den flotteste baat jeg nogen sinde har været paa. Her er all den luksus so en kan optenke. Ja, i dag har vi ikke so fint veir, en del skodde og lit regn. Men ganske bra alligevel. Jeg fordriver tiden med å spasere paa prominadedæk og beskue landskapet, det er min største lyst. Har netop faat sett nordenden av Vancouver Island, so nu lever jeg i godt haab om og faa se byen Vancouver i morgen klokken 8 e.m.

Vancouver June 7th 1929.

Ja, nu er vi i Vancouver, og alt gikk etter beregning. Har netop haft en biltur ront hele byen, og det var gratis ogsaa, for det var en lady som gav mig invitation og se paa eiendomme, farmland og tomte som var til salgs, derfor so fik jeg fri biltur. Ja, e maatte love og lægge et godt ord ind for byen til kjænte og okjænte, naturlevis. Ja, det er

en meget pæn by, men en 250.000 inbyggere, og mange fine parker var der ogsaa. Ja, klokken 9 i kveld faar jeg gaa om bord i jernhæsten, med godt haab om og faa en heldig reise over landet fra kyst til kyst.

C.P.R. June 8th 1929 (C.P.R. = Canadian Pacific Railways)

Ja, nu har vi kjørt snart et helt døgn, og befinner tilværelsen meget bra. Er netop paa en stasjon som heiter Canada Park, og er mit i vildeste fjeldkjæden som heiter Rocci Mounten. (Rocky Montains) Vi har tre lokomotiver som drar alt de orker, de puster so tungt, har et tungt las og dra paa. Ja, nu er vi på høiden av fjeldkjeden, og paa samme tid paa grænsen i mellom B.C. (British Columbia) og staten Alberta, so nu blir det ned bakke. Og nu er det sengetid, og har netop spist som en hest. Ja, spiser som jeg ikke har set mat paa flere dage, go natt Mamse.

C.P.R. June 9th 1929.

Ja, nu er det dag og har søve meget godt. Det er det same enten hode snur ner eller op, saaver like bra. Ja nu medens jeg sitter her, so faar jeg beskue det fineste farmland jeg nogensinde har set. Vi går time etter time bare med fine, velstelte farme, so langt øiet kan række. Tenk om Norge bare havde nogle tusen kvadratmil med sont farmland, hvor meget lettere vilde ikke tilværelsen blive. Men Gud har skapt det slik, og slik faar det væl være. Ja nu er vi i hovedstaden Regina, en by paa 50 tusen inbyggere. Var op i byen og fik se

plassen som verdensutstillingen skal være paa farmprodukter i 1932. Forresten en fin by.

C.P.R. June 10th 1929.

Ja, nu er vi i Vinipæg, (Winnipeg) hovedstaden i staten Sasktekewan. (Saskatchewan). Det er en by på 350 tusen innbyggere, Canadas næst største by. Forresten en fin by, er hovedsentrumet for alle farmprodukter, er meget farmland ront Vinipæg. Men den østre delen av staten er mindre farmland, mer bjærgfull. Men derimot er der noksaa meget tømmerdrift, en del sagmølle og en del papirmølle, for her er en kolossal masse osp, og en god del fiskeri her.

For her er en masse vakre innsjøer som er nokso fiskerike. Ja, no faar det vere nok om denne staten.

C.P.R. June 11th 1929.

Ja, nu er vi i staten Ancouta, og reiser netop forbi den store innsjø Superior eller Huron-vandet som historien kan berette om. Her er ingen farmland endnu, bare skog og berg. Ja, nu er vi over linjen, og er i staten Quibec. (Quebec). Her er nu omtrentle samme formesen (formasjon) som før, men begynner so smaat og bli litt farmland nu. So det blir litt mere avveksling nu. Ja, nu er det snart kveld og dagen har gaat ganske fort, endskjønt vi har havet en meget varm dag. God nat, Mamse.

C.P.R. June 12th 1929.

Ja, nu er dagen kommen til vi faar se millionbyen Montreal, also Canadas største by. Ja, nu gaar vi netop over Lavarence-canalen, (St. Lawrence-kanalen) er meget at beskue her. Ja, nu er vi Montreal, og nu faar jeg hvile mig lit. Har otte timer til min egen raadighet nu, so no er det første jeg gjør og faa mig ett godt maaltid mat, og siden et godt bad.

Og saa er det og ta benene fat og bese byen. Ja, no er klokka fem paa ettermiddag, og har gaat ront omtrentle hele byen paa en seks timer, set og hørt mangt. Dei har nokso fine parker her, men byen i sig selv er ikke meget fin. Ja, her er en del store skyskrapere, som de kalder dem, men gatene er so altfor smale, ja, ialdfal var det min smak.

So skal jeg fortælle at der er en meget stor katolikk kjerke. I ene enden staar de tolv Disiple og Jesus i mands størrelse, also opp paa enden av taket. So var der oppe, og nysgjerrigheden blei

for stor, so e tog mig en tur ind i kirkjen ogsaa. Ja, det var storslagent til kjerke. Men jeg maa tilstaa at det var ikke for aa høre Præsten at jeg gikk ind, for jeg verken er eller bliver katolikk. Derpaa gaar jeg om bord i N.Y. Central med godt haap om at jeg er i verdensbyen i morgen kl. otte. God nat, Mamse.

New York June 13th 1929.

Ja, nu er jeg i verdensbyen, og jeg befinner mig meget vel. Det første jeg gjorde var at faa mig et godt bad og en god frokost efter reisen over landet. Ja, du kan tro jeg føler godt nu. Ja, det første jeg gjorde var og se mig ront lit i byen, men jeg maatte være lit forsiktig i førstningen so e ikke gikk mig vild, men blev snart kjent. Det er forresten en let by og finde sig frem i. Det er for det meste bare retlinjet gader over hele byen. Ja, no faar jeg gaa til ro efter dagens slit og slæp. Ja, det er forresten nokso varmt, sidder bare og svætter.

Hotel Bristol, N.Y. June 14th 1929.

Ja, nu faar jeg bese byen for alvor. Det første jeg gjorde var at spørge en poleti om hvor Woolworth-bygningen var, og derpaa so tog jeg sporvognen, og bar av sted en tid. Og jo, ganske rigtigt, fram kom jeg, og op paa toppen bar det, also 54 titasi. (etasjer).

Ja, det var et skue som jeg ikkje glømmer, at staa der og beskue alle ting. Ja, det er 14ten aar nu siden jeg var der (N.Y.) sist, og det er et skue hvor fort byen har gaat fram paa den tid. Ja, jeg staar og tenker paa at de er lukkele som ikke lever naar alle ting skal foregaa. So var jeg over til Brooklyn, men det var en fanteplass til og tulle sig vek paa. Jeg maatte til slut leige mig en taxi og tage mig til subveien. Det er storartet og se den tunnelen som gaar under Hudsonfloden og under byen N.Y. Ja, New York skal faa være verdensbyen alligevel. Det er et vælde uden lige naar en staar og betrakter byen, især paa Broadway, also hovedgaden i byen.

Bergensfjord June 15th 1929.

Ja, nu er jeg endelig om bord i baaten, og er nu net op færdig og sige farwæll til America for godt. Tenk, nu er det rart og staa her på dæk og sige farwell til det land som har gjort so meget godt mot mig. Farwell America, e hylder dig av hele mit hjerte. Om øiet er vaat, so er gleden desto større naar jeg tænker paa at snart so faar

jeg helse paa min hustru og barn. Tak skal du ha, America, for alt godt, lenge leve. Ja, nu forsvinder den siste skygge av land. Good bye, leve, leve, USA.

Ja, no vil jeg gaa til hvile og hvile mig godt ut efter strabadserne jeg har haft over landet, og med et godt haap om at i morgen so er vi et godt stykke paa vei til gamle Norge. God nat, Mamsi.

Bergensfjord June 16th 1929.

Ja, nu er jeg oppe, og er paa et meget fint humør. Og veiret er paa det aller fineste stille og varmt, saa det er vist ikke mange som har betalt noget til guderne som er i sjøen. Jeg liker mig meget godt. Mat og renslighet er det aller beste.

Bergensfjord June 17th 1929.

Har netop haft frokost, og har haft en promenade paa dæk. Er meget fint veir, og har det kjækt. Havde gudstjeneste paa eftermiddag, flink å preike.

Bergensfjord June 18th 1929.

Samme veiret og samme forholdet. Er nu netop paa høide med New Fundlands Bankerne. Er en del skødde, men ellers ingen forandring. Vi har

musikk som spiller vær dag, og en time dans om aften somme dage.

Bergensfjord June 19th 1929.


Ja, nu er jeg paa dæk og promoder. Alt med det gamle, bare fint veir, men ellers ingen ting at se untagen bare hav og ikke nogen dampskibe.

Bergensfjord June 20th 1929.

Ja, nu er vi begynt paa siste halvdelen av reisen over havet, og alt har gaat meget bra til denne tid. Ja, i dag er det lit surt veir med tyk skodde og lit regn iblant, og kold vind. So vi har ikke den amerikanske varmen nu lenger. Men vi faar nu vel varmere veir igjen. God nat, Mamsi.

Bergensfjord June 21st 1929.

Ja, nu er det en dag mer som er forsvunden og alt gaar sin vante gang. Alt med det samme fine veir, men tyk skodde hele dagen, so vi ingen ting kan se. Ja, vi har det godt her om bord, rent og fint, og meget god mat. Og med fin underholdning, musikk og lit dans om aften. Og vi har haft lysbilleder to gange, og gudstjeneste to ganger, so her er godt at være. Saa faar jeg gaa til ro og drømme dig godt, god nat, Mamsi.



Ferda heim frå USA gjekk med DS Bergensfjord som var eigd av Den norske Amerikalinje. Det var god mat og høve til å sjå lysbilde, høyre musikk og danse under overfarten, fortel Edvard Nyborg.

CUSTOMS DECLARATION.			To be filled out at the DISPATCHING EXCHANGE Office	
DESCRIPTION OF PARCEL (State whether Box, Package, Bag, etc.)	CONTENTS (Describe Articles Enclosed)	VALUE	Parcel Bill No.	No. of Rates Prepaid
	Two Pillow	\$ 2.00 Cents		
Date of Mailing 19			Entry No.	
Name and Address of Sender: Edw. Nyborg Box 505 Juneau Alaska			(DATE STAMP) (Mailing Office) JUN 21 1929 BUREAU PARCEL POST	
Form 2966				

Tolldeklarasjon på pakkepost heim frå Edvard Nyborg i Amerika til kona Karen i Sykkylven. Innhald var to puter til ein verdi av to dollar.

Bergensfjord June 23th 1929.

Ja, i dag har vi søndag og nu har jeg haft aftensmad. Det var meget fin supper. Det var avskjeds-supper, vi havde hønsesstek og meget frugt og nødder. Og to flag, et norsk og et amerikansk. Og en fin papirhue og et baand, so du kan tro det var en livle supper.

Paa førmiddag var det preike, en emissær ifra Norge som har været i America en tid, svært flink å preike. Ja, no har vi bare treogtyve timer igjen til Bergen, og du kan tro jeg imøteser den med stor spænding, for jeg venter paa at du er der og tar imod mig. Vis du er der, so blir jeg det gladeste jeg har været i hele mit liv. God nat Mamsi, og godt møte i morgen kveld.

Takk til no avlidne Jon Hole som hjalp meg for mange år sidan med å skrive av reisebrevnotatane med «gamal snirkleskrift» og lilla kopiblyant. Som takk for hjelpa fekk han bruke eit mindre utdrag av reisebrevet i boka «Sykkylven i farne tider, band 2», som kom ut i 1994.

Far min, Alfred Nyborg, som var yngst av Edvard og Karen sine born, fortalte fleire gongar kor kjekt og spanande det var, då han som 13-åring saman med Karen fekk reise til Bergen med Hurtigruta, for å ta i mot faren Edvard. Det vart eit godt møte!



Jarle Tusvik, fødd 1944, er pensjonist etter eit langt arbeidsliv som tilsett i administrasjonen hos Ekornes. Han har stor interesse for slektsforskning og kjend for sine muntre historier. Han er medlem av årbokredaksjonen. Dette er tredje artikkel i ein serie om møbelgründerane i Sykkylven.

Møbelgründerar i Sykkylven (del 3)

Av Jarle Tusvik

RIKSHEIM A. Riksheim Kurvmøbelfabrikk

Andreas Riksheim etablerte verksemda i 1913, som var ein korgmøbelverkstad. Som 11-åring kom Andreas i teneste på Langlo på Stranda. På nabotunet heldt P. I. Langlo til med korgmakarverkstad i kjellaren. Her fekk Andreas gå i lære mellom gardsvinnene.

I 1913 flytta han attende til Riksheim og byrja å lage korgvarer for eiga rekning. Han heldt til i ei gammal kårstove i Pegarden på Riksheim. Opphavleg hadde familien ått ein gard på Bakkane på Riksheim, men den måtte dei forlate, då familiefaren kom bort på sjøen.

Frå først av laga Andreas mest korgar. Fletta stolar og bord gjekk det også ein del av. I 1918 flytta han over fjorden og heldt fram med produksjonen i eit hus på Syvermyrane på Tjønnes. I 1920 fekk han kjøpe bruket Myra lenger oppe i bakkane på Tjønnes. Han vølte først den gamle stova som var på plassen. Sidan bygde han nytt stovhus, der han fekk verkstad i kjellaren. Produksjonen var stolar, bord, sjukekorgar, baby- og klegkorgar og klebankarar. Til vanleg var Andreas Riksheim åleine i verkstaden, men han hadde somtid læregutar som fekk vere der nokre veker eller månader. Jens E. Ekornes var ein av dei som fekk innføring i møbelframstilling hos korgmakaren på Tjønnes.

Andreas Riksheim heldt fram å lage korgmøblar, sjølv om lenestolane utover i trettiåra tok over meir og meir av kjøparinteressa. Stoppa korgstolar hadde eit eksklusivt særpreg som appellerte til kjøpargrupper lenge enno.

Frå slutten av trettiåra kom son til Andreas, Oddleif Riksheim, med i produksjonen. Fram til Andreas døydd i 1966 var det dei to som utgjorde arbeidsstokken. Då Oddleif tok over einansvaret, vart drifta spesialisert omkring klebankarar og spanskrør. Han leverte bankarane til

eit fast grossistsamband. Konkurransen frå lågkostlanda vart tyngjande også i denne bransjen. Halvfabrikata importerte frå Søraust-Asia stetta etter kvart det norske behovet for korgflettingsprodukt. Oddleif Riksheim fletta klebankarar og laga andre korgvarer som hobbyarbeid til langt ut i pensjonistalderen.

Riksheim Trevarefabrikk

Brørne Johan og Martin Riksheim etablerte denne møbelfabrikken på Riksheim i Sykkylven i 1930. Dei kom i gang med framstilling av små avrunda pinnar som i første rekkje vart nytta til dei ettertrakta «kjærlighet på pinne». Det var småindustrikontoret i Ålesund som sette Riksheim-brørne på denne ideen. Kontoret kom i gang nett i 1930, og denne verksemda må ha vore mellom dei første det engasjerte seg i. Småindustrikontoret tok seg av sal og marknadsføring av pinnane.

Ein del vart ekspederte ut av landet. Lars P. Riksheim, som bunta pinnane for brørne i yngre år, minnest at rutebåten la til ved kaia på Riksheim annakvar dag for å hente varene. Nederland og Belgia tok imot store mengder med «kjærleikspinnar» frå Riksheim. Pinnane kunne og nyttast til anna, til dømes blomsterpinnar.

Det var Martin Riksheim som hadde hovudansvaret for fabrikkdrifta i byrjinga. Johan var eldre og han dreiv garden. Martin hadde gått Holmøy Arbeidsskule, og han viste tidleg legning og interesse for snikkararbeid.

Frå starten heldt verksemda til i kjellaren i våningshuset i Pegarden. I 1930/31 bygde brørne ein to etasjes trebygning nede ved sjøen. Martin og Johan var nevenyttige karar og fleire av maskinene dei trong, bygde dei sjølve. For at pinnane skulle få den runda forma, vart dei høvla ferdige i ei rundstokkmaskin. Pussinga skjedde ved hjelp av ein stor trommel som gjekk snøgt rundt. Møtte dei elles produksjonsvanskar, la dei gjerne vegen

til P.K. Thoresen og verkstaden hans. Thoresen var den sentrale problemløysaren for industripionerar i Sykkylven.

J. & M. Riksheim, som fabrikkken vart kalla dei første tiåra, gav i trettiåra arbeid til eit par mann utanom eigarane. Bemanninga auka ikkje vesentleg framover. I 1943 var der tre tilsette, og det same var talet i 1955. Men produktspekteret endra seg etter få år.

Johan og Martin Riksheim gjekk over til å lage stolgrinder for lokale møbelfabrikantar. Tynes Møbelfabrikk, som låg rett over fjorden, vart ein god kunde for Riksheim-karane. Under krigen var produksjonskapasiteten til J. & M. Riksheim utnytta maksimalt.

Etter krigen har Riksheim Trevarefabrikk, som namnet seinare vart endra til, laga treverk til møbelfabrikkane Hj. Brunstad Fabrikker AS, Emco-Møbler A/S og Formfin AS. Frå 1974 var Rajo Møbler AS i Tusvika den største avtakaren.

Martin Riksheim døydd i 1957, då tok Johan over ansvaret åleine. Frå 1968 og fram til bedrifta vart lagt ned rundt 2000, var son til Martin, Svein Riksheim, dagleg leiar.

L.P. Riksheim Treindustri AS

Lars P. Riksheim kjøpte første dreiebenken sin i 1939 og byrja med dreining i kjellaren på bustadhuset sitt. I 1945 sette han opp ei fabrikkbygning på 100 m². Han utvida fleire gonger, siste gong i 1975, slik at firmaet disponerte om lag 1500 m². Hovedprodukt har vore delproduksjon til møbelindustrien, særleg stolbein.

For å gjere drifta meir allsidig har dei også produsert trimveggar. Dessutan rekkverk for trapper og altanar på bustadhus. I dag er selskapet hovudleverandør av limtreplater i bjørk til norsk møbelindustri. Spesialiteten er bearbeiding av laminerte og heiltre komponentar til sitjemøblar, kjøkken, stue og bad. I tillegg produserer dei plastdetaljar for mekanismar og glidesystem.

Fra fabrikk i Litauen importerer dei limte treplater i bjørk og bearbeida komponentar. Med over 50 års bransjeerfaring og eige sagbruk i Litauen, satsar L. P. Riksheim Treindustri AS stort innan bjørk og eik.

Frå lokala på Riksheim i Sykkylven leverer daglig leiar Asbjørn Riksheim og medarbeidarane hans



Riksheim Trevarefabrikk kom i gang med fabrikkken i 1930. Det første produktet var små avrunda pinnar som vart brukt til dei ettertrakta «kjærlighet på pinne», men dei produserte også blomsterpinnar. Foto: Jarle Tusvik.

produkt til møbelindustri og innreiing. Ved hjelp av ordrestyrt produksjon og Kanban-systemet er det berre fem dagars leveringstid.

Det er ein styrke å ha hand om heile produksjonskjeda, frå stokk til produkt. Saman med fleire investorar kjøpte dei eit statlig sagbruk i Litauen. No er dei sjølvforsynte og har blitt den største leverandøren i Noreg innan prefabrikkert bjørk.

L. P. Riksheim kjøper skog av den litauiske staten og har langsiktige avtaler. Dei mest tidkrevjande operasjonane, som saging, tørking, sortering og pussing, blir gjort i Litauen. Så blir treverket frakta til Sykkylven for datastyrt fresing, boring, samansetjing, lakking og dermed kvalitetssikring av hele prosessen.



L. P. Riksheim er den største leverandøren i Noreg innan prefabrikkert bjørk. Foto: Jarle Tusvik.



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er frå Kapralgarden på Aure. Han er tidlegare lærar og sterkt historieinteressert og dessutan ein habil fotograf.

Mjuke bombemål

Av Per Arne Grebstad

Det er ein vakker vårdag i april 1940. Ved marebakken nokre meter vest for sykkylvskyrkja ligg ein færing. På tofta sit ein far med fiskesnøret og i baksken ei dotter og hunden til sonen.

Småbleika bit, eg gløymer aldri kveldsmåltida då mor sette på bordet fiskefatet med bleike som hadde krulla seg i gryta. Ho serverte det til skiver av heimebaka grovbrød, godt smør og nysila mjølk.

Brått høyrer dei lyden av eit fly. Det har kurs mot kyrkja, og over færingen slepper det to bomber som går rett i sjøen. Hunden Rex hoppar etter, men bombene går i sjøen og ned i sanden der dei i dag ligg som blindgjengarar under den nye fylkesvegen.

I Auregarden har folket søkt dekning i potetkjellarane, men ein gut på tretten år står framleis på Bryggebakken og glaner. Dette er spennande heilt til flyet opnar mitraljøseld og kulene susar om øyrene hans. Så tar Heinkel 111-maskinen ein sving ut over Øyrane. Der kjem ein mann med eit lass tørrhøy i vårknipa. Flyet tek i bruk mitraljøsa, men gardbrukaren kryp under sleden. Der føler han seg trygg. Flyet set kursen mot syd, og både mann og merr er uskadde.

Heinkel-maskinen trimmar mitraljøsa mot nokre mykradungar på Klokkehaugen og mot ein gammal mann ved Vikelva før det er framme ved målet. I fjøra på Tandstad ligg det sterkt skadde hospitalskipet «Brand IV» som hadde gått med såra soldatar frå Åndalsnes til Ålesund sykehus.

På ein retur vart det utsett for luftåtak. Der var

30 personar om bord. Fem døde og tjuufem vart såra. Der båten ligg, er den raude krossen på kvit botn framleis synleg. Flyet prøver å bombe båten, men desse flya var treige mellom dei høge fjella og bomba landa mellom vegen og fjøra.

Elevane frå Vik skule plukka splintane. Vegvak-taren tok dekning i ein vasspost. Han fortalde at det var eit kraftig lufttrykk.



Flyet tek i bruk mitraljösen, men gardbrukaren kryp under sleden. Der føler han seg trygg. Teikning: Ove Bjerkan.



Jarle Tusvik, fødd 1944, er pensjonist etter eit langt arbeidsliv som tilsett i administrasjonen hos Ekornes. Han har stor interesse for slektsforskning og er kjend for sine muntre historier. Han er medlem av årbokredaksjonen.

Tusvikbygda Samlingshus

Av Jarle Tusvik

Sykkylven har enno nokre ungdomshus att. Det var eit stort løft å få reist desse samlingshusa og generasjonsmotsetnader kunne kome til overflata. Jarle Tusvik har granska protokollane og kan fortelje følgjande om Tusvikbygda Samlingshus.

Tusvikbygda Ungdomslag vart skipa 30.11.1919, i det gamle skulehuset, då kalla Tu skulehus. I referatet frå møte i Ungdomslaget den 23. januar 1921 kan vi lese:

«Daa husspursmaalet vart heitt denne joli vart styre for ungdomslaget samankalla for å utar-

beide reglar for bruk av eit samlingshus i lag med dei eldre. Dei reglar styre utarbeidde for bruk av huset er tilliks med andre ungdomshus med unateke runddans. Reglane var framme i eit ungdomsmøte og vart godtekne. Likeeins gjeng dei eldre med paa kravi vaare.

(Alfred Kjemphol, skriver)

På møte i ungdomslaget den 25. oktober 1925 kom husspursmålet igjen opp. Det var fyrst tanken aa byggja i haust 1925, men daa tidene vende, og det saag ut til aa verta billigare aa byggja um me venta, vart planen utsett endaa ei tid.

(Alfred Kjemphol, skriver)



Tusvikbygda Samlingshus slik det ser ut i dag. Foto: Jarle Tusvik.



Festtalar Bjarne Saltre, ein gong på 70-talet.

På første møte i 1926 var igjen husplanane oppe. Etter å ha sett paa ein del ferdige hus som var til salgs vart det mange og lange konferansar med byggmeister K.G. Hatlemark, som er expert til aa byggja samlingshus.

Spursmaalet var fyrst um me skulde byggje av plankar, men enden paa konferansane vart at me skulde bruke røysverk.

16. oktober 1926. Medlemsfest i skulehuset. Sondag 17. oktober var det skalkefest. Det vart då vedteke at byggekomiteen skal få fullmakt til å setje i verk bygging av forsamlingshus når dei finn det for godt.

Murane stod ferdige fraa fyr, og no var det med ein gong aa gaa laus på treverket. Arbeidet paa bygget gjekk med liv og lyst, og paa utruleg kort tid kunde me gleda oss til ein feit tekkjargraut, som gjentene spanderte og serverte på fabrikk. K.G. Hatlemark Trevarefabrikk.

Etter paa grauten vart det ein livleg svingom på fabrikk. Det viste seg her, som andre stader med liknande byggjespursmaal, naar det fyrst vert alvor i leiken, fær ein hjelp, snarast her, snarast der. Til slutt var her berre tre tun som ikkje var med, so tilslutninga var betre enn nokon drøymde um.

Det er godt aa ha eit maal aa arbeida mot, og det er gildt naar det er samhald, som det var her. Lat me so ikkje trøytna fyr huset vert ferdigt, det

stend mykje att endaa; men me lyt take det etter som me vinn no. Men målet maa vera aa faa huset vent, innvendes som utvendes, og til slutt um at ungdomslaget maa trivast godt i eige hus. (Alfred Kjemphol, skrivar).

Om byggearbeidet hausten 1926

Etter at ungdomslaget på fleire møte og samkome hadde drøfta byggespørsmålet i saman med dei eldre i krinsen, utan å kome fram til praktisk løysing som kunne tilfredsstillе begge partar, tok ungdomslaget initiativet og sette byggearbeidet i gang på eiga hand, og på eigen risiko. Det som skilde mest var dansespørsmålet.

Til byggekomite vart valde:

Alfred Kjemphol, Alfred Våtmyr, Bjarne Tusvik og Jens J. Nordvik.

Vara: Karl Blakstad og Johan Narvik.

Då jula kom stod huset der, reinvaska og vent, høgt under taket og rikeleg med rom alle stader, og ungdomsflokken var so velnøgd og glad over arbeidet som var gjort, til hugnad og glede til seg sjølve og komande ungdom.

(Alfred Kjemphol, skrivar.)

Gjennomføringa av byggverket:

19. oktober for nokre til Magerholm etter golvåsar.

22. oktober tok byggearbeidet til.

28. oktober var grinda oppe.

2. november kom det ei materialskute.

6. november vart det rupernelt.

11. november kom «Svanen» med over 2.000 takstein.

13. november vart det tekkjargraut på fabrikk. Etterpå dans.

17. november var taket ferdig.

21. november kom ungdomen saman i skulehuset og diskuterte festane i jula.

28. november tok K.G. Hatlemark til med song.

12. desember vart det bestemt at åpningsfesten skal vere 2. juledag.

Innviingsfesten, søndag 26. desember 1926

Etter å ha sunge «Deilig er jorden» ynskte formannen i festnemnda, Alfred Kjemphol, folket velkomne til fest, den fyrste fest i vårt nye hus. So ga han ordet til sokneprest Rude som mana folk til meir samhald. At dei eldre og ungdomen hev same huset er det ideelle. Og det er ein fordel framfor at dei hev kvart sitt hus. So vart

det song. Henrik Straumsheim tala om dei gode og dei vonde maktene i mannalivet. Etterpå spela «Lurlåt» frå Aure.

Matykt.

Ananias Fauske las upp og so vart det song av songlaget og Fauske fortalde saga til huset. Musikk. Bladet «Erla» vart lese av Leif Kjemphol, Karl Brunstad og Hans Tu.

Til slutt var det ordet fritt, m.a. tala J. Fredriksen, lærar Karl Tandstad og Henrik Straumsheim. Den hyggjelege festen slutta i ett tida um natta.

3. juledag 1927:

K.G. Hatlemark hadde måla sceneutstyr som no var i bruk for fyrste gong. Det var godt måla. På slutten av 1950-talet var huset bygd om. Nye murar vart sett opp og huset vart lyft og flytta over på dei nye murane. Her vart det plass til toalett, ny møtesal og nytt kjøkken.

Det gamle inngangspartiet vart rive og nytt var bygt med inngang frå framsida, mot tidlegare på nedsida, slik det viser på bildet av Tusvikbygda Samlingshus sitt eige kaffiservise.



Skikkeleg koppestell måtte til. Som ein ser av teikninga på koppen, var det inngang på nedsida av bygget dei første åra. Foto: Jarle Tusvik.

Også då vart spørsmålet om dans eit heitt tema. Misjonsforeiningane i bygda skulle bruke den nye salen til misjonsmøte, og ungdomslaget gjorde avtale med misjonsfolket om at dersom det vart dansa i kjellaren, så skulle dansinga skje på sokkelesten.



Bilde av Hundeidvik Blandakor på scena i Tusvikbygda Samlingshus, fra 17. mai fest ein gong på 70-talet.



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er frå Kapralgarden på Aure. Han er tidlegare lærar og sterkt historieinteressert og dessutan ein habil fotograf.

Hane med store øyrer

Av Per Arne Grebstad

Det er tidleg kveld måndag den 7.mai 1945. Jens Åsen er sommardreng på Aure, dei har arbeidd heile dagen med å gjere klare åkrane, det er ikkje så lenge til at potetene og kornet skal i jorda.

Han går utover Øyrane på heimveg då han høyrer svake klemte i kyrkjeklokka. Det er gutane med radioen på kyrkjelemmen som signaliserer.

Denne dagen hadde den tyske generalobersten Alfred Jodl og storadmiral Hans-Georg von Fridenburg skrive under kapitulasjonsdokumenta i general Eisenhower sitt hovudkvarter i Musée de la Redition i den franske byen Reims. Den norske regjeringa gav same dag leiinga i Heimefronten fullmakt til å halde ro og orden i landet.

Eit par hundre meter frå Sykkylven kyrkje brukte aurekarane å samle seg i smalefjosen i Bakkeløa for å lytte på radio. Ein dag etter at sendinga var over oppdaga Bakke-Petter at hanen sto i glasskarmen. Han kneip rundt halsen på fuglen og vreid. Dette vart endelykta til hanen. Ein litt overraska granne spurde om kvifor han gjorde det. «Han kunne ha høyrte eit kvart», var det knappe svaret.

I smia si, som sto der tunnelen gjennom Berlihaugen er i dag, hadde P.K. Thoresen radio bak essa. Denne lyttestasjonen var eksklusiv og lite kjend. Om ein måtte ha embetseksamen for å bli invitert, veit eg ikkje, men doktor Jakob Moe og tannlege Johan Drabløs var faste tilhøyrarar.



P. K. Thoresen i smia. Han gøymde radioen under kolsekkene bak elden i essa. Foto: Skjold Lyshol.

Når han hadde sløkt essa, kveikte han pipa. Men flaska fekk stå, han var fråhaldsmann. 17. mai gjekk han langt framme i toget med patruljene sine, speidarleiaren med det lune smilet. Han var frå Hommelvik og hadde ein nabo i London, statsminister Johan Nygaardsvold.

Karl Melset var gardbrukar på Aurdal, og han hadde radio. Det fekk han merke. Første gongen måtte sonen Glenn hoppe ut gjennom eit glas på baksida av huset og springe til skogs med radioen. Ein dag kunne folk på Aurdal sjå lensmannsbetjent Ole Grønningsæter kome marsjerande i spissen for tyske soldatar forbi Lyshol og Andestad, med stø kurs for Melset i Ramstaddalen. Der budde ein mann med same namn, men heimefrontmannen Grønningsæter visste at han ikkje hadde radio.

I Steinløa på Løset var der imidlertid radio. Egil Larsen frakta mjølka til meieriet på Stranda med motorbåten sin. På turane lada han akkumulatoren som heldt liv i radioen i Steinløa. Egil Larsen hadde spikra opp Europakartet på naustveggen og med nåler markerte han frontane.

Dei sat på kjøkkenet i Knutgarden på Aurdal og radioen stod på golvet, innstilt på BBC – Norwegian Service, som var det offisielle namnet på «London Radio». Brått oppdagar dei at Untersturmführeren har parkert motorsykkelen ved kjøkkentrappa og er på veg inn. No er gode råd dyre. Då er ein av dei snartenkte.



Radioen som P.K. Thoresen fekk krigsnyhende frå, finst framleis i familien. Foto: Privat.

Under omnen står ei pappøskje med nyklekte kyllingar. Øskja blir plassert på radioen rett før den tyske offiseren kjem inn. Han set seg på ein kjøkkenkrakk og der blir han sitjande og studere kyllingane.

Slik fekk menneska i eit okkupert land kjennskap til hendingane i den frie verda. Men det var ikkje utan risiko. Meir enn 200 norske kvinner og menn vart dømde til døden og avretta i samband med illegale aviser og radio. Då London gjekk på lufta 17. mai 1945 sat ålesundaren Hartvig Kiran, kanskje den flinkaste språkformidlaren vi har hatt, og snakka til folk som feira i fridom.

Folk og verksemd i Straumsdalen

Av Kjetil Tandstad

Hans Strømmegjerde, fødd 1929, er tidlegare bonde og industriarbeidar. Han har alltid vore interessert i historie og har fotografert gjennom eit langt liv. I Straumsdalen har han funne spor etter folk i arbeid.

Han har tidlegare grave i Grautahaugen på Hindahol-stølen og vist at dei to haugane på stølen er fulle av trekol. Han har funne tufter og

restar etter vegar. I dette området har det truleg vore brent fururøter og framstilt tjøre i stor stil.

Seinare har han funne spor etter tjøreframstilling også i Liene. Han har grave og rekonstruert utstyret han meiner vart brukt under tjøreproduksjonen.

– Det er som eit eventyr, seier Hans Strømmegjerde. Det byrja med at han i utskiftinga i Straumsdalen på 1980-talet fekk tildelt ein skog-



Båre for transport av tyrirøter. Alle foto: Eldar Tandstad.



Tuft av ei mogleg vedabod.



Tjørehjel med navlestokk.



Hans med torvgaffel.



Tjøretapping med renne.



Mila med tappeplass.



Inngangsområde med brønn 1, vaskeplass 2 og skorens 3.



Vaskeplass med skrubstein til handvask.



Inngangsparti med rist.



Skorenserist.

teig i Liene med mykje myr. Kva skulle eg bruke den til? Kanskje skogplanting, spurde han seg.

Han sette belte på Gråtassen og ein plog bak. Etter nokre plogfurer oppdaga han at han kom ned på eit kollag 15 cm nede i grunnen. Kollaget var alle stader der han grov. Korkje han eller dei andre han spurde visste kva det var. Ein meinte det var spor etter svedjebrenning. Hans Strømmegjerde leita etter svaret: på spørsmålet: Kva hadde dette området vore brukt til?

– Svaret kom i 2009 då eg oppdaga den første løetufta i Liene og grov henne fram. Etter kvart grov eg fram fem løetuffer og nokre slåtteteigar. 24. juli 2010 oppdaga han ei mogleg tjøremile litt høgare oppe. I juli var det synfaring med fylkesarkeolog Bjørn Ringstad. Han gav løyve til vidare gransking. I 2013 oppdaga Hans Strømmegjerde fem kokegroper. Han har hatt god hjelp av Arnfinn Grebstad, som har gjort eit stort arbeid både med graving og anna arbeid. Per Svein Tandstad har vore flink å skrive rapportar om kva som er gjort.



Tomta for koia.



Eldstad for koking og varme.



Arnfinn Grebstad ved tufta av ein mogleg stall.




Hans ved hovudråsa som endar i Vasshaugane.

– Våren 2015 grov eg fram tuftene av ein stall, truleg med plass til fire hestar. I alt har eg grave fram ni tufter. Eg har flytt på berre ein stein, så det er enkelt å legge alt tilbake. Eg har også funne mosesenga dei låg i. Kvitmose er det mykje av i dalen.

Dette har vore nokre interessante år, med graving og spekulasjonar. Etter kvart forstod vi korleis det var gjort med oppbygging av skoglør og plassering av teigane. Det er spor av fem høylør, ein tjørehjell, eitt vedhus og ein stall og ei stor koie der dei sov og budde, seier Hans Strømmegjerde.

Det er ei godt utrusta og stor koie. Her er to brønnar og plass for vasking. Vi ser spor etter dobbelt opp med stolpehol i vestre enden. Det kan tyde på at den har stått her lenge og er bygd opp att fleire gonger. Ei så godt utrusta koie har sikkert vore brukt av fleire enn tjørearbeidarane. Truleg har også tømmerhoggarar og tømmerkøyrarar budd her, kanskje også slåttekarar frå midtre Tandstad, seier Hans Strømmegjerde.



Slik meiner hans Strømmegjerde at koia såg ut innvendig.
Teikning: Eldar Tandstad



Eldar Høidal, fødd 1956, er historikar og regionkonservator i Stiftinga Sunnmøre Museum. Han er også kommunepolitikar og ein ivrig syklist.

Minneord Jostein Drabløs

Av Eldar Høidal

Læraren, dirigenten og kulturformidlaren Jostein Drabløs har enda livsferda si. 15. september sovna han stille inn med sine næraste rundt seg.

Jostein voks opp i ein sær sars kulturinteressert heim. Her var musikk-, teater- og litteraturimpulsane sterke. I heimen vanka også farbroren, Edvard Drabløs, ein framhjelpar for den nynorske teater- og språkrørsla.

Etter barneår på Stabekk ved Oslo, kom Jostein og familien til Sykkylven og Dravlaus-garden i 1941. Jostein var odelsgut og vurderte ei tid sivil-agronomutdanning, men han kom snart fram til at det var lærar han ville bli. Han fullførte lærar-skulen i Volda i 1955 og teiknelærarskulen på Notodden i 1956. Same året kom han til Sykkylven ungdomsskule, der han var lærar og inspektør heile yrkeslivet sitt.

Lista over Jostein Drabløs sine engasjement i lokalt kulturliv er lang og variert: I unge år var han med i revyar i Velledalen og han var styremedlem i Velledalen ungdomslag. Han har vore med i Straumgjerde Blandakor og Velledalen Blandakor og han spelte cello i symfoniorkesteret ved Lærarskulen i Volda og i Storfjord Symfoniorkester. Han var føregangsmann for hornmusikken i Velledalen og dirigent i Velledalen Hornmusikk. Han var medskipar og dirigent i Velledalen Skulekorps frå 1963 til 1973. I åra 1957 til 1960 var han dirigent for Aure Skulekorps.

Jostein var oppteken av at sykkylvingane skulle få del i musikkopplevingar på høgt nivå. Difor engasjerte han seg i foreininga Musikkens Venner i Sykkylven i 1960-åra. Dei fekk til bygda store nasjonale og internasjonale artistar. Han var også lokal kontaktperson for Riksteatret i ei årrekke, og i lang tid styremedlem i Sykkylven Friundervisning/Folkeuniversitetet. Han vart utnemnt til æres-

medlem i den lokale avdelinga av Folkeuniversitetet i 1994.



Dei siste åra engasjerte han seg mykje i lokal-historisk arbeid. Han var aktiv i Velledalen sogelag, både ved dei faste sogekveldane, og i arbeidet med sokeskrifta. Sætreboka laget gav ut var eit storlyft som han tok del i. Det same gjaldt registreringa av kvernhus og kvernhusveiter i Velledalen. Elles var han fast bidragsytar i Årbok for Sykkylven. Når Jostein kom med sitt bidrag, visste vi at det heldt høg kvalitet både språkleg og historiefagleg.

For meg er det viktigaste særkjennet ved Jostein Drabløs allsidigheita hans. Ikkje noko felt innan kultur- og folkelivet var framand for Jostein. Dette kjem mellom anna fram gjennom den kultur-skatten han etterlet seg: intervju med eldre sykkylvingar og opptak frå arrangement og radio-program. Desse opptaka femnar om det meste; arbeidsliv i landbruk, handverk og industri, samferdsle, organisasjonsliv og ikkje minst musikk og andre kulturuttrykk. Sykkylven sogenemnd har no fått sikra desse intervju gjennom digitalisering. Dei vil vere ei varig kjelde å ause av innan det lokalhistoriske arbeidet.

Det skapande kulturlivet appellerte meir til Jostein enn dei praktiske oppgåvene i politikken, men han gjorde også teneste i kommunestyret gjennom ein periode som venstrerepresentant i åra 1964 til 1968.

Opp på alt var han frå 1968 gardbrukar heime på Dravlaus. Her bygde han opp ein gjestfri heim saman med kona Liv og borna Helge, Astrid og Eivind. Etter kvart kom både barnebarn og oldebarn til, og han følgde dei alle med stor interesse. Dei siste åra budde Jostein på BUAS.

Desse har vore med å støtta utgjevinga av Årbok for Sykkylven 2015

Sparebanken Møre

Coop Mega Sykkylven

Amatec AS

Nyborg AS

Formfin Møbler AS

Nordea

SandellaFabrikken AS

Spar Sykkylven, Elias Vinje

B.S. Aure AS

Handelsservice AS

Sykkylven Gjensidige Trygdslag

Sykkylven Bok & Papir AS

Kiwi, Sykkylven

Ekornes ASA

Møre Trafo AS

Advokat Kjetil Kvammen

Brunstad AS

Skatt er ei evig kjelde til diskusjon og krangel. Eigedomsskatten, som vart innført i Sykkylven i år, er ikkje noko unntak. Men innspela kjem sjeldan aldri på versefot. Annleis var det i 1943, då Johan Hjorthol (1915–1998) kom med dette innspelet på eit ungdomslagsmøte i Velledalen. Johan Hjorthol var ein dyktig rimsmed som signerte eit stort tal høvesdikt, skjemtedikt og prologar. Diktet er henta frå det uprenta heftet Dikt og prosa 1932–1994.

Skatteklage

No vil eg beinast lage ei lita skatteklage
For sanninga skal seiast, det har dei vel fortent
Vi har sett det i det siste,
I år er skattelista eit syndig dokument.

Det er då reint for gale at dei skal mest betale
Som lite har av jordisk makt og åndeleg forstand
Men dei som kan å sko seg og klarar bite frå seg,
slike skal dei spare og ta med silkehand.

I Krika kan du tenkje, der går ei stakkars enkje
Og strevar på ei plassebot i lagnadstunge kår.
Det er vanskeleg å fatte kor ho kan makte skatte
men slike har dei pressa i gjennom alle år.

Men ungkaren på Steine, som er ein mann åleine
og tener grovt med pengar på ein kjellarindustri,
kor kan den karen vente å få ja av noka jente
Når skattelista syner at han skatten mest går fri?

Nei, kjære likningsstyre, no må de ta dykk føre
Og lette litt på glaset og få litt friske luft.
No må de slutte stire berre på papire,
men vert det altfor gale så bruk litt sunn fornuft!

Johan Hjorthol

ISSN 0804-2225



9 770804 222007

ISBN 978-82-92269-23-7



9 788292 269237

Mai

Mandag Tirsdag Onsdag Torsdag F

4

11

18

25

5

12

19

26

6

13

20

27